HERØY KOMMUNE

# MØTEINNKALLING

| | |
|---|---|
| **Utval:** | Maritim og teknisk komite |
| **Møtestad:** | Formannskapssalen – **Oppmøte avløpsrenseanlegg Grønhaugen** |
| **Dato:** | 17.06.2014 |
| **Tid:** | 15:00 |

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

---

**Dersom du ønskjer din habilitet vurdert i ei sak, må du melde skriftleg frå til Fellessekretariatet om dette i god tid før møtet (Forvaltningslova § 8, 3. ledd).**

**Møtet startar med synfaring ved nye avløpsrenseanlegg i Grønhaugen kl. 15.00.**

**Orientering frå utviklingavdelinga om kommuneplan arealdelen**

Fosnavåg, 11.06.14

Idar Tarberg
leiar

**SAKLISTE:**

| Saksnr | Innhold |
|---|---|
| PS 62/14 | Godkjenning av innkalling og sakliste |
| PS 63/14 | Protokoll frå førre møte. |
| PS 64/14 | Delegerte saker |
| PS 65/14 | Referatsaker |
| PS 66/14 | Rune Moltu - 54/71 - klage på avslått søknad om endring og pålegg om retting |
| PS 67/14 | Aleksander Leine m/fleire - gnr 26, bnr 3, 216 og 217 - søknad om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel, plan-og bygningslova §1-8 og veglova §29 vedr naust i rekke, flytedokk, båtopptrekk og marinaanlegg |
| PS 68/14 | Villa Smolt AS 60/349 Søknad om oppføring av takoverbygg over oppdrettsanlegg på Moltustranda |
| PS 69/14 | Tertialrapport per 01.05.2014. |
| PS 70/14 | Årsrapport 2013. |
| PS 71/14 | Frode Leine 32/13 - Søknad om dispensasjon frå reguleringsplan for oppføring av sjøhus i Leinevika fiskerihamn |
| PS 72/14 | Jon Inge Moltu 36/71 - Søknad om dispensasjon frå byggjegrenser i reguleringsplan for oppføring av bustadhus |
| PS 73/14 | Mørebygg AS - 26/200 - Søknad om dispensasjon frå reguleringsplan for oppføring av 2-mannsbustad på Leine |
| PS 74/14 | Gullik Kjellstadli og Ingrid Sylvia Renberg 29/74 - Søknad om dispensasjon frå kommuneplan for oppføring av einebustad |

**Delegerte saker frå avdelingane**

| | |
|---|---|
| DS 216/14 | Ferdigattest- 35/14 |
| DS 217/14 | Gnr 20 Bnr 9 Frådeling av bustadtomt |
| DS 218/14 | Berit Aasen - 37/492 - Tilbygg bod 8m2 |
| DS 219/14 | Trond Kvalsvik - 8/58 - Vinterhage / Tilbygg |
| DS 220/14 | Rikard Andre Helland-Worren - 16/76 - Garasje |
| DS 221/14 | Liv Hilde Sande Furesund og Birger Anfinn Furesund 14/27 - Løyve til oppføring av tilbygg einebustad |
| DS 222/14 | HG Hydraulics AS 45/80 - Løyve til fasadeendring og montering av skilt |
| DS 223/14 | Håvard Alexander Abrahamsen 59/70 - Løyve til oppføring av garasje |
| DS 224/14 | Eldor Notøy 16/52 - Løyve til oppføring av garasje |
| DS 225/14 | Sunnmørsbadet Fosnavåg AS 29/329 - Ansvarsrett for prosjektering og utførande arbeid med nytt symjebasseng |
| DS 226/14 | Silje Berge og Even Fugledal 48/19 - Endring av tidlegare gitt løyve - oppføring av større garasje |
| DS 227/14 | Egersund Herøy AS 22/48 - Rammeløyve for tiltak på eksisterande industribygg |
| DS 228/14 | Trond Kleppe - 79/85 - Fasadeendring |
| DS 229/14 | Herøy kommune 34/6 m.fl - Løyve til etablering av VA-anlegg og pumpestasjon på ytre almenningskai |
| DS 230/14 | Gnr 29 Bnr 65 Frådeling av 3 bustadtomter. |
| DS 231/14 | Fosnavåg Vekst AS 34/5 - Ansvarsrett for prosjektering og utførande arbeid med løfteinnretningar innanfor nytt hotell og konsertsal i Fosnavåg sentrum |
| DS 232/14 | Jørn-Erik Schanche 36/97 - Løyve til oppføring av haugestove til bustadhus |
| DS 233/14 | Bård Remøy 12/319 - Løyve til oppføring av tomannsbustad |
| DS 234/14 | Sindre Støylen - 34/197 - Hagemur |
| DS 235/14 | Halldis og Svein Lillerovde - 40/22 - Endring av ansvarsrettar |
| DS 236/14 | Per Morten Bjørlykke - 29/344 - Naust |

| | |
|---|---|
| DS 237/14 | ferdigattest - 37/27 |
| DS 238/14 | Arnfinn Karlsen 53/7 - Løyve til oppføring av uthus på Tonninggarden |
| DS 239/14 | Gnr 53 Bnr 12 Frådeling av tilleggsareal til gnr 53 bnr 47 |
| DS 240/14 | Trond Nærø 34/75 - Løyve til oppføring av tilbygg til bustadhus - garasje m/terasse og levegg |

**Referatsaker**

| | |
|---|---|
| RS 12/14 | Møtereferat |
| RS 13/14 | Uttale til Fosnavåg Hamn |
| RS 14/14 | Kryssingspunkt for fotgjengarar ved Moltu skule |
| RS 15/14 | K-sak 72/14. Særutskrift - Objekt 51362 - Skilting av kommunale vegar. Økonomisk avslutning. |

PS 62/14 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 63/14 Protokoll frå førre møte.

PS 64/14 Delegerte saker

PS 65/14 Referatsaker

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

# SAKSFRAMLEGG

-

| Sakshandsamar: | EFLÅ | Arkivsaknr: | 2014/384 |
|---|---|---|---|
| | | Arkiv: | 54/71 |

| **Utvalsaksnr** | **Utval** | **Møtedato** |
|---|---|---|
| 66/14 | Maritim og teknisk komite | 17.06.2014 |

## RUNE MOLTU - 54/71 - KLAGE PÅ AVSLÅTT SØKNAD OM ENDRING OG PÅLEGG OM RETTING

**Tilråding frå rådmannen:**

Maritim og teknisk komite kan ikkje sjå at klagen frå Rune Moltu inneheld vesentleg nye moment som tilseier noko anna vurdering enn at avslaget på søknad om endring og krav om retting vert oppretthalde, jf Ds-sak 130/14, datert 11.04.2014.

Maritim og teknisk komite, med heimel i PBL § 32-3, opprettheld pålegget om retting. Naustrekka på gnr 53, bnr 71 skal byggast som godkjent i rammeløyve og DS-sak 379/12. Frist for retting er sett til 11.06.2014.

Saka vert å sende til Fylkesmannen i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd.

Særutskrift:

Rune Moltu, 6070 Tjørvåg
Ravi Design, Postboks 185, 6099 Fosnavåg

**Vedlegg:**

1 01 Rammeløyve Ds-sak 379/12
2 02 Godkjente teikningar i Ds-sak 379/12
3 03 Varselbrev om retting og overtredelsesgebyr, 07.03.2014
4 04 Søknad om endring, 22.03.2014
5 05 Avslag i Ds-sak 130/14, 09.04.14
6 06 Klage på vedtak om avslag, 25.04.2014
7 07 Bilde
8 08 Situasjonskart
9 09 Reviderte teikningar knytt til søknad om endring, 22.03.2014

**Saksopplysningar:**

**Bakgrunn:**

Ravi Design v/arkitekt Ivar Sulebakk søkte på vegne av Rune Moltu om rammeløyve for 3 naust i rekke på eigedomen 54/71 i Tjørvåg, Herøy kommune. Søknaden vart innregistrert 24.04.2012. Området er avsett til naust i kommuneplanens arealdel 2004.
Det vart gitt rammeløyve til omsøkt naustrekke i Ds-sak 379/12, datert 05.11.2012. I dette rammeløyvet er det gitt klare vilkår for utsjånad på naustrekka og saka vart supplert med nytt teikningsgrunnlag og godkjent, jf Ds-sak 379/12. Saka vart også supplert med eit eige skriv frå ansvarleg søkjar der det vart stadfesta at bygga skulle ha ein rein naustfunksjon.

Følgjande vilkår vart gitt i saka:

Vilkår:
Naustet skal ikkje nyttast til varig opphald – kun tradisjonelle naustføremål.
Maks mønehøgd 6,5 m.
Det skal ikkje byggast utvendig trapp, altan eller monterast takvindu.

Vidare vart det gitt igangsettingsløyve for grunnarbeid i Ds-sak 152/13, datert 27.05.2013.

Utan at det vart søkt om igangsetjing for mur/tømrararbeid vart arbeidet påbegynt frå tiltakshaver si side. Ansvarleg søkjar og tiltakshavar vart varsla om dette med krav om at arbeidet skulle stansast umiddelbart. I same brev vart det varsla overtredelsesgebyr, jf brev datert 05.07.2013.

Kort tid etter at arbeidet vart stansa vart det søkt om igangsettingssøknad for mur/tømrararbeid av ansvarleg søkjar. Igangsettingsløyve for mur/tømrararbeid kom på plass i DS-sak 211/13, datert 12.07.2013.

Ved seinare synfaring i området vart Utviklingsavdelinga klar over at naustrekka vart oppført med avvik i forhold til det som er byggemeldt og godkjent, jf Ds-sak 379/12.

Det vart derfor varsla pålegg om å rette forholda samt nytt varsel om overtredelsesgebyr. Det vart opplyst om at det var moglegheit til å søke om endring, men frå administrasjonen si side vart det påpeikt at ein ikkje ville godkjenne ein evt. søknad om endring., jf brev datert 07.03.2014.

Ravi Design søkte, på vegne av Rune Moltu, om endring av tidlegare gitt løyve den 22.03.2014. Med bakgrunn i dei signal administrasjonen ga i varselbrevet datert 07.03.2014, vart denne søknaden avslått, jf Ds-sak 130/14, datert 11.04.2014. Rune Moltu har klaga på det administrasjonen sitt vedtak i Ds-sak 130/14 vedrørande søknad om endring og pålegg om retting. Klagen er levert inn 02.05.2014. Klagen, frå Rune Moltu, på avslått søknad og pålegg om retting er skriftleg innlevert innan klagefristen.

**Vurdering og konklusjon:**

**Klagen frå Rune Moltu av 25.04.2014:**

Rune Moltu skriv i sin klage at han vel å klage fordi fasadeendringa ikkje kan definerast som alvorleg eller at den på annan måte er til skade for naboar/fasadeutforming. Han skriv vidare at det er behov for altan og dør ut i andre etasje frå bygget. Sidan det ikkje kunne monterast takvindu vart det sett inn større vindu mot sjøsida for å få inn meir lys. Alle naboane har signert på nytt nabovarsel knytt til søknad om endring.

**Kommentar og vurdering av klagen:**

Området er avsett til naust i kommuneplanens arealdel.

Søknaden om rammeløyve som låg føre er handsama på lik linje med andre naustsaker. Det er heilt klart at eit naust skal sjå ut som eit naust både i volum og utsjånad. Altan, utvendige trapper eller store vindu mot sjø er ikkje ein del av dette. Innvendig skal naustet vere i samsvar med naustfunksjonen og areal i ei andre etasje skal ikkje vere målbart og naust skal ikkje nyttast til varig opphald.

Ved første gangs behandling vart det avdekt i mottakskontroll av søknaden fleire forhold som måtte rettast. Det vart sendt ut brev om kva grep tiltakshavar måtte gjere for å få godkjent søknaden. Søknaden vart endra frå tiltakshaver si side og kommunen godkjende dei nye teikningane som var i tråd med kommunen sine krav.

Kommunen synest det uheldig at tiltakshaver ikkje følgjer opp dei vilkår som er gitt i tidlegare løyve som vedkjem denne byggesaka.

Naustrekka på gnr 54 bnr 71 framstår i dag som eit bygg i retning av rorbu/fritid og ikkje i samsvar med føremålet i kommuneplanens arealdel som er naust.

Nausta har altan med dør ut frå andre etasje og større vindu enn det som er byggemeldt. Dette vert vurdert som vesentlege avvik i forhold til den godkjenninga som kommunen gav i Ds-sak 379/12 (rammeløyvet)

Kommunen vil vidare vise til bygningsarbeidet starta opp før det låg føre godkjent igangsettingsløyve. Etter varsel om overtredelsegebyr fekk ansvarleg søkjar på

plass det naudsynte grunnlaget og kommunen fråfalt overtredelsegebyret i saka. Etter den siste utviklinga av saka der tiltakshaver ikkje har følgt opp dei vilkår som er gitt i Ds-sak 130/14 ( avslag på søknad om endring) er det på nytt varsla overtredelsesgebyr .

Kommentar til klagen frå Rune Moltu:

Det er ikkje krav til naudutgang i naustbygg då dei ikkje er godkjente for varig opphald. Dei fasademessige endringane som er etablert er ikkje i tråd med dei føringane som MTK tidlegare har lagt til grunn i si handsaming av liknande naustsaker. Bygget framstår meir i retning av rorbu/fritidshus enn som tradisjonell naustbygning.

**Konklusjon:**

Rådmannen rår til at maritim og teknisk komite opprettheld vedtaket fatta i Ds-sak 130/14, datert 11.04.2014. Klagen vert ikkje tatt til følgje og saka vert å sende til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

Grunngjevinga er at klagen ikkje inneheld nye moment i saka som gir grunnlag for å endre vedtaket i Ds-sak 130/14, datert 11.04.2014.

<u>Konsekvensar for folkehelse:</u>

Ingen

<u>Konsekvensar for beredskap:</u>

Ingen

<u>Konsekvensar for drift:</u>

Ingen

Fosnavåg, 02.06.2014

| | |
|---|---|
| Erlend Krumsvik | Jarl Martin Møller |
| Rådmann | Avd.leiar |

Sakshandsamar: Eivind Flåskjer

01

# HERØY KOMMUNE

## UTVIKLINGSAVDELINGA

Ravi Design
postboks 185
6099 FOSNAVÅG

# Rammeløyve

**etter plan- og bygningslova § 20-1**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | EFLÅ | Saksnr. | 2012/1194 |
| Utvalssaksnr: | 379/12 | Arkiv: | 54/71 |
| | | Vedtaksdato: | 05.11.2012 |

ENKELTVEDTAK – med klagerett i samsvar med forvaltningslova kap. 6

## Rune Moltu - 54/71 - Rammeløyve 3 naust i rekke

*Med heimel i Herøy kommune sitt delegasjonsreglement – "Delegasjon til administrasjonen" § 3 pkt. 1, vedteke K-sak 91/02, og intern delegasjon frå rådmannen, vert det gjort slikt*

**Vedtak:**

**A.** Med heimel i pbl § 21-4 av 27. juni 2008 nr. 71, med tilhøyrande forskrifter og vedtekter godkjenner utviklingsleiaren søknad om rammeløyve til tiltak datert 24.04.2012 og med justerte teikningar og tilleggsinformasjon datert 06.06.2012. Det vert gjeve rammeløyve til oppføring av 3 naust i rekke på eigedomen gnr 54, bnr 71 i Herøy kommune.

Løyvet er gitt under desse vilkåra:

- Nausta skal ikkje nyttast til varig opphald – kun tradisjonelle naustføremål.Maks mønehøgd på nausta 6,5 m.Nausta skal utformast som naust og skal ikkje innehalde utvendig trapp, altan og takvindu.

1. Følgjande dokument ligg til grunn for godkjenninga:

   - Søknad om rammeløyve til tiltak med vedlegg, datert 24.04.2012
   - Situasjonsplan, datert 19.04.2012.

- Plan-, snitt- og fasadeteikningar, datert
- Perspektivteikningar, datert
- Søknad om ansvarsrett for SØK og PRO
- Gjennomføringsplan, datert 19.04.2012

**B. Godkjenning av ansvars- og kontrollomfang (jfr. pbl kapittel 23 og SAK kapittel 9 og 14)**

Følgjande føretak vert godkjende i samband med denne saka, jf. kap. 9 i byggesaksforskriften (SAK 10) og pbl § 22-3 :

| Foretak og organisasjonsnr. | Funksjon (SØK, PRO, UTF, kontroll) | Beskriving av ansvarsområdet (arbeid) | Tiltaks-klasse |
|---|---|---|---|
| Ravi Design<br>994332856 | SØK og PRO | Ansvarleg søker for heile tiltaket samt ansvarleg for arkitektur prosjektering | 1 |
| | | | |

**C. Løyvet er elles gjeve på følgjande vilkår:**

1. Naustet skal ikkje nyttast til varig opphald – kun tradisjonelle naustføremål.Maks mønehøgd 6,5 m.Det skal ikkje byggast utvendig trapp, altan eller monterast takvindu.Tiltaket må stikkast ut (plasserast i terrenget) av kvalifisert personell, og måledata skal oversendast til kommunen.
5. Bygningen skal plasserast i høgde med lågaste golv på same kote som nabonausta.
6. Før igangsettingsløyve kan gjevast, må det ilag med søknad om løyve innleverast søknad om ansvarsrett for PRO og UTF, slik at alle fagområde vert dekt opp med ansvarsrettar.

**D.** Før bygget kan takast i bruk, <u>**må**</u> det søkast om ferdigattest / mellombels bruksløyve og søknaden <u>**må**</u> vere godkjent av kommunen, jfr. pbl §§ 21-9 og 21-10.

1. Komplett og oppdatert gjennomføringsplan for heile tiltaket.
2. Der tiltaket krev avfallsplan/miljøsaneringsplan, jfr. TEK 10 §§ 9-6 og 9-7, skal dokumentasjon på faktisk disponering av avfall (sluttrapport) leggast ved søknaden om ferdigattest / bruksløyve, jfr. SAK 10 § 8-1.
3. Alle vilkår i høve utsleppsløyve for denne eigedommen skal vere dokumentert stetta i søknad om ferdigattest / mellombels bruksløyve.
4. Ved overlevering til ny eigar skal det følgje FDV-dokumentasjon for bygget, Dette skal gå fram av dokumentasjonen som ligg ved søknad om ferdigattest.

**Dette løyvet og dei kart og teikningar det vert vist til, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.**

Utviklingsleiar
Jarl Martin Møller

Eivind Flåskjer

ei båtlengd føre

Adr: Pb. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf: 700 81 300 Fax: 700 81 301 Bank: 8647.11.04800 Org.nr 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

## Saksopplysningar:

| | |
|---|---|
| **Tiltak:** | Rammeløyve 3 naust i rekke |
| **Søknadsdato:** | 24.04.2012 ( etterspurd tilleggsdokumentasjon på plass 06.06.2012 og 03.10.2012) |
| **Tiltakshavar:** | Rune Moltu |
| **Ansvarleg søkjar:** | **Ravi Design** |
| **Naboforhold:** | Ingen merknader. |
| **Eigedom:** | 54/71 |
| **Planstatus:** | Eigedomen er avsett til naustføremål i gjeldande arealdel av kommuneplan. |
| | |
| **Plassering:**<br>**Høgde:** | Som vist på situajonskart datert 19.04.2012<br>Maks mønehøgd 6,5 m<br>Bygningens høgde og plassering er vurdert som tilfredstillande. |
| **Tilkomst:**<br>**Avkøyrsle:** | Ingen endring som følgje av tiltaket |
| **Vatn:**<br>**Avløp:** | Tilknyting for vatn iht avtale med privat vassverk.<br>Tilkopling til offentleg avløpsnett skal skje i tråd med delegert vedtak frå anleggs- og driftsavdelinga. |
| **Estetikk (pbl §§ 28-7, 29-1 til 29-3):** | Tiltaket er vurdert til å ha ei tilfredsstillande estetisk utforming.<br>Visuelle verknadar av høgdeplassering er vurdert. Tiltakets plassering i høve omkringliggande bebyggelse og terreng. Støttemurar og vegetasjon etc. |
| **Sikkerhet mot natur-påkjenningar (pbl § 28-1)** | Det er opplyst frå ansvarleg søkjar at bygningen skal plasserast i område som ikkje er utset fare for flom, skred eller andre natur- og miljøtilhøve. |

## Sakshandsamingsgebyr:

| | |
|---|---|
| Naust i rekke 917+180x23 | kr. 5057,- |
| Ansvarsrettar | kr. 1009,- |
| Lokal godkjenning | kr. 500,- |
| Sum gebyr | kr. 6566,- |

Faktura for gebyret vert utsendt separat.

## Generelle opplysningar
## Bortfall av løyve, jf. plan- og bygningslova § 23-1

Er tiltaket ikkje sett i gong seinast 3 år etter at rammeløyve / igangsetjingsløyve / løyve til tiltak er gjeve, fell løyve bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år.
Føregåande avgjerd gjeld tilsvarande for dispensasjonar. Fristane kan ikkje forlengast.

Vert eit tiltak innstilt i lengre tid enn 3 månader, kan kommunen krevje at stillas og innhegning som støyter mot veg / gate som er open for offentlig trafikk skal fjernast, og at gate og fortau vert rydda og sett i stand.

Vert eit tiltak ståande utan framdrift i lengre tid enn 1 år, skal stillas fjernast og anlegget / tiltaket setjast i slik stand at det verkar minst mogleg til sjenanse for omgjevnadane.
Varer dette lenger enn 2 år, kan kommunen krevje at tiltaket skal fjernast og at tomta / anlegget vert rydda.
Ved reparasjon / ombygging, avgjer kommunen i kva for utstrekning byggverket skal førast tilbake til sin opphavlege stand.

Løyve til tiltak etter § 20-1 første ledd bokstav m fell bort dersom det ikkje er rekvirert oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan tre år etter at løyve vart gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med lov om eigedomsregistrering.

## Opplysningar om rett til å klage over forvaltningsvedtak

| | |
|---|---|
| **Klagerett** | De har rett til å klage over eit forvaltningsvedtak. |
| **Kven kan De klage til.** | Klagen skal stilast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, men sendast til det kommunale organet som har gjort vedtaket. Dersom dette organet ikkje endrar vedtaket som følgje av klagen, vil den bli oversendt til Fylkesmannen for endeleg avgjerd |
| **Fristen til å klage** | Klagefristen er **<u>3 veker</u>** frå den dagen melding om vedtaket kom fram til Dykk. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklårt for oss om De har klaga i rett tid, ber vi Dykk opplyse når De mottok denne meldinga. Dersom klaga blir send for seint, er det høve til å sjå bort frå ho. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen er ute. Om De har særleg grunn til det, kan De likevel søkje om å få forlenga klage-fristen. Årsaka til behovet for forlenga klagefrist bør då oppgjevast. |
| **Rett til å krevje grunngjeving** | Dersom De ikkje alt har fått grunngjeving for vedtaket, kan De setje fram krav om å få det. Eit slikt krav må setjast fram før klagefristen er ute. Klagefristen blir i så fall avbroten, og ny frist blir rekna frå det tidspunktet De får grunngjevinga. |
| **Innhaldet i klaga** | I klagen skal De skrive kva for eit vedtak De klagar på, og nemne den eller dei endringane som De ønskjer. De bør også grunngi kvifor De klagar, og ta med eventuelle andre opplysningar som kan telje med når ein skal vurdere klagen. Klagen må underskrivast |
| **Utsetjing av vedtak** | Sjølv om De har klagerett, kan tiltaket dette vedtaket gjeld vanlegvis setjast i verk straks. De kan søkje om oppsetjande verknad. Kommunen vil då vurdere om igangsetjing av tiltaket bør utsetjast. |
| **Rett til å sjå saksdokumenta og til å krevje rettleiing** | Med visse avgrensingar har De rett til å sjå saksdokumenta. De må i så fall vende Dykk til det kommunale organet som har sendt denne meldinga. De kan også få nærare rettleiing om klageretten, om korleis De skal gå fram når De klagar, og om reglane for saksbehandlinga elles. |
| **Kostnader ved evt. klagesak** | De kan søkje om å få dekt utgiftene til advokathjelp de treng, etter reglane om fritt rettsråd. Det gjeld likevel normalt visse inntekts- og formuegrenser. Fylkesmannskontoret eller vedkommande advokat kan gi nærmare rettleiing. Det er også høve til å krevje dekning for større kostnader i samband med klagesaka, t.d. til advokathjelp. Vert vedtaket endra til fordel for ein part, kan ein også søkje om å få dekka vesentlege kostnader i samband med saka. |
| **Klage til Sivilombodsmannen** | Det er også mogeleg å be Stortingets ombodsmann for forvaltningssaker / Sivilombodsmannen om å sjå på sakshandsaming / eventuelt avgjerd hos fylkesmannen. |




BYGGEMELDINGSTEGNING

VEDRØRENDE LITEN NAUSTREKKE I TJØRVÅG - GNR. 54 BNR. 71
FOR RUNE MOLTU

RAVI DESIGN

FASADER

MÅL 1:100
DATO: 19.04.2012



MOT SYD-ØST



MOT NORD-ØST

(F) 12/1194

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
2012/1194 EFA
- 5 JULI 2012
54/71
5

Herøy kommune
Utviklingsavdelinga
6090 Fosnavåg

DS-379/12



MOT NORD-VEST



MOT SYD-VEST

BYGGEMELDINGSTEGNING

VEDRØRENDE LITEN NAUSTREKKE I TJØRVÅG - GNR. 54 BNR. 71
FOR RUNE MOLTU

RAVI DESIGN

FASADER

MÅL 1:100
DATO: 19.04.2012
JUSTERT 05.06.2012
03.07.2012




NAUST



NAUSTLOFT




SNITT

Herøy kommune
Utviklingsavdelinga
6090 Fosnavåg

DS - 379/12

BYGGEMELDINGSTEGNING

VEDRØRENDE LITEN NAUSTREKKE I TJØRVÅG - GNR. 54 BNR. 71
FOR RUNE MOLTU

RAN DESIGN

PLANER - SNITT

MÅL 1:100
DATO: 19.04.2012

JUSTERT 05.06.2012

03

HERØY KOMMUNE

**Utviklingsavdelinga**

Rune Moltu

6070 TJØRVÅG

| Saksnr | Arkiv | Dykkar ref | Avd /sakshandsamar | Dato |
|---|---|---|---|---|
| 2014/384 | 54/71 | | UTV / EFLÅ | 07.03.2014 |

**RUNE MOLTU - 54/71 - VARSEL OM PÅLEGG OM RETTING OG VARSEL OM OVERTREDELSESGEBYR, JF PLAN-OG BYGNINGSLOVA KAP 32**

## Saka:

Herøy kommune har registrert avvik i Rune Moltu i sitt byggeprosjekt på gnr 54, bnr 71 i Tjørvåg.

Det er gitt rammeløyve i DS-sak 379/12, datert 05.11.2012. Ansvarleg søkar for tiltaket er Ravi Design v/arkitekt Ivar Sulebakk.

Utviklingsavdelinga registrerer avvik i forhold til det som er byggemeldt og godkjent i dette rammeløyve, jf DS-sak 379/12. Endringane er utført utan ny søknad og utan godkjenning frå bygningsmynde. Endringane vert vurdert som vesentlege og krev difor ny søknad med ny nabovarsling etter plan- og bygningslova § 20-1.

I høve plan- og bygningslova kapittel 20 er tiltak som vert utført utan godkjenning å rekne som eit ulovleg tiltak. Tiltak som er ulovleg utført utan at det ligg føre godkjenning har kommunen plikt til å følgje opp / føre tilsyn med.

Det er i denne sak også eit klart brot på reglane i byggesaksforeskrifta (SAK10), jf § 12-4 bokstav j .

## Søknadsplikt:

Ei kan søke om å få godkjent tiltaket ved endringssøknad, men Utviklingsleiar vil allereie no informere om at ein endringssøknad ikkje vil bli imøtekomen

administrativt. Ein vil halde fast på at nausta skal tilbakeførast slik det vart godkjent i DS-sak 379/12, datert 05.11.2012.

**Pålegg om retting:**

I samsvar med pbl § 32-2 vert det med dette gitt førehandsvarsel om pålegg om retting. Dette varsel trer i kraft dersom søknad om tiltak/endringa ikkje vert godkjent etter reglane i pbl og tilhøyrande forskrifter.

**Overtredelsesgebyr:**

I samsvar med pbl § 32-8 tredje ledd vert det med dette gitt førehandsvarsel om at det med heimel i pbl § 32-8 første ledd bokstav b, jf byggesaksforskrifta (SAK10) § 16-1 første ledd bokstav a vil kunne bli fatta vedtak om ilegging av overtredelsesgebyr. Storleiken på gebyr er enno ikkje fastlagt, men kommunen har i denne type saker heimel til å kunne gi overtredelsesgebyr med inntil 50.000,- for arbeid som er sett i gong utan at det ligg føre søknad og godkjent løyve. Overtredelsesgebyr vert i denne sak varsla både ansvarleg søkjar og tiltakshvar.

Grunngjeving for varsel om overtredelsesgebyr:

Endringane i byggearbeidet er utført utan løyve. Etter pbl § 32-8 kan dette forholdet difor beleggast med overtredingsgebyr, jf også SAK10 kapittel 16. Etter pbl § 32-8 første ledd kan overtredelsesgebyr berre gjevast dersom overtredinga er «forsetteleg eller aktlaus» Med det meinast det at dei ansvarlege må ha kjent til eller burde ha kjent til at handlinga var ulovleg. Det følgjer av Ot. prp. nr. 45 (2007-2008) s. 355 at *"aktsomhetsnormen bør være streng. Det vil normalt være lett å konstatere om en av bestemmelsene i loven eller forskriften er overtrådt. Utførelse av tiltak i strid med reglene i plan og bygningsloven vil som oftest kunne konstateres å være uaktsom uten en vanskelig vurdering av skyldspørsmålet."*

Kommunen er av den oppfatning at overtredinga i dette tilfellet er forsetteleg eller aktlaus.

**Dykkar rettigheiter og konklusjon:**

- De har rett til å levere inn uttale før vedtak om overtredelsesgebyr vert gjort og pålegg om retting utsendt. Frist for dette settast til 3 veker frå brevets dato, jf pbl § 32-8 tredje ledd.

-Du kan søke om tiltaket, jfr. Avsnitt ovanfor om **Søknadsplikt.**

Vedlegg: foto dokumentasjon

Med helsing

| | |
|---|---|
| Jarl Martin Møller | Eivind Flåskjer |
| Avdelingsleiar | Sakshandsamar |

*Dokumentet er elektronisk godkjent og er utan signaturer.*

04

Ⓔ

RAVI Design
Arkitekt
Ivar Sulebakk

Postboks 185
6099 FOSNAVÅG

Telefon: 91 15 95 84

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Reg.nr. 2014/384 Saksbeh. EFOA
24 MARS 2014
Ark.kode P 54/71
Ark.kode S
J.nr.
Dok.nr. 4
Kassasjon

Fosnavåg 22.03.2014

HERØY KOMMUNE
Utviklingsavdelinga
PB. 274

6099 Fosnavåg

VEDRØRANDE SAK GNR. 54 BNR. 71 - TJØRVÅG - RUNE MOLTU
VEDRØRANDE VARSEL OM PÅLEGG RETTING OG VARSEL OM OVERTREDELSESGEBYR.

Viser til ovannemnde sak; - viser til Dykkar brev av 07.03.2014.

Eg vil påpeike at endringer på nausta er utført utan at Eg ikkje viste noko om det,
Eg meiner derfor at Eg ikkje kan lastast for det.

Søknad om endring av gitt tillatelse og godkjenning.
På vegne av Tiltakshaver sender vi hermed søknad om endring qav´fasader.

Vedlagt fylgjer brev frå tiltakshaver - og nye nabovarsler; og justerte fasader.

Dersom ikkje søknad fører fram administrativt eller politisk, må tiltakshaver
innrette seg etter Dykkar pålegg.

NB. Naboane hadde ingen innvendingar mot fasadeendringa ( kfr. nabovarsel )

Med helsing

Ivar Sulebakk
arkitekt

Vedlegg:
Justerte tegninger
nye nabovarsler
Brev frå tiltakshaver

Kopi av brev til: RUNE MOLTU - 6070 TJØRVÅG

| Kommunens saksnr. |
|---|
| |

# Søknad om endring av gitt tillatelse eller godkjenning

etter plan- og bygningsloven (pbl) §§ 20-1 og 20-2

Berører endringen av tiltaket eksisterende eller fremtidige arbeidsplasser slik at det må innhentes nytt samtykke fra Arbeidstilsynet? ☐ Ja ☒ Nei

Hvis "ja" må slikt vedtak innhentes før igangsettingstillatelse kan gis. Byggblankett 5177 med vedlegg.

## Søknaden gjelder

| Eiendom/ byggested | Gnr. 54 | Bnr. 71 | Festenr. | Seksjonsnr. | Bygningsnr. | Bolignr. | Kommune HERØY |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Adresse Tjørvåg | | | | Postnr. 6070 | Poststed Tjørvåg | |

## Beskrivelse av endring(er)

☐ Endringer av ansvarsretter (ny ansvarsrett, skifte av ansvarsrett, avsluttet ansvarsrett)
☐ Endring av ansvarlig søker, endring av tiltakshaver
☒ Endring av tiltak (dispensasjoner, areal, plassering, formål, bruk, pbl §§ 20-1, 20-2)

Syner til Dykkar brev av 07.03.2014 - Vedrørande ovannemnde sak ( endring av tidlegare godkjente tegninger )

På vegne av tiltakshaver - Rune Moltu sender vi hermed søknad om endring av fasader - og altan/ terrasse.

Endring fasader gjelder vindusutforming/ dører til altan ( mot sjøsida )
mindre justeringer av plasserin vinduer ( mot landsida )

NB. Naboane hadde ingen innvendingar mot endringa.

## Vedlegg

| Nye vedlegg og tidligere vedlegg som endres | | Gruppe | Nr. fra – til | Ikke relevant |
|---|---|---|---|---|
| Opplysninger om tiltakets ytre rammer og bygningsspesifikasjoner, byggblankett 5175 | | A | – | ☐ |
| Dispensasjonssøknad (begrunnelse/vedtak) (pbl kap 19) | | B | – | ☐ |
| Nabovarsling (gjenpart/nabomerknader/kommentarer til nabomerknader) | X | C | – | ☐ |
| Situasjonsplan, avkjøringsplan | | D | – | ☐ |
| Tegninger | X | E | – | ☐ |
| Redegjørelser/kart | | F | – | ☐ |
| Søknader om ansvarsrett | | G | – | ☐ |
| Gjennomføringsplan | | G | – | ☐ |
| Boligspesifikasjon i matrikkelen | | H | – | ☐ |
| Uttalelser fra annen offentlig myndighet | | I | – | ☐ |
| Rekvisisjon av oppmålingsforretning | | J | – | ☐ |
| Andre vedlegg | | Q | – | ☐ |

## Underskrifter

| Ansvarlig søker for tiltaket (for tiltak etter pbl § 20-1) | Tiltakshaver (bare for tiltak uten ansvarlig søker etter pbl § 20-2) |
|---|---|
| Foretak: RAVI Design | Navn: |
| Kontaktperson: Ark. Ivar Sulebakk · Telefon: · Mobiltelefon: 911 59 584 | Kontaktperson: · Telefon: · Mobiltelefon: |
| E-post: ivar.sulebakk @ gmail.com | E-post: |
| Dato: 22.03.2014 · Underskrift: Ivar Sulebakk | Dato: · Underskrift: |
| Gjentas med blokkbokstaver: IVAR SULEBAKK | Gjentas med blokkbokstaver: |

REM-POL RESOURCES

Herøy kommune
Utviklingsavdelinga
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Tjørvåg 18 mars 2014

Saks nr 2014/384 – UTV/EFLÅ dato 7.3.14 : Rune Moltu – 54/71 –
Vedlegg til SØKNAD OM FASADEENDRING 3 naust under oppføring i Tjørvåg 54/71

Vi stadfester mottak av brev av 7.3.14 med pålegg om retting osv.

Vi er av den oppfatning av endringane vi har foreteke ikkje kan definerast som vesentlige, då eg med bakgrunn i avslaget om utvendig trapp samt takvindu ansåg at desse to forholda medførte utestenging av rømingsveg.

Med hensyn til dør til altan, så er den ein naturleg konsekvens av et må ha en rømingsveg (pga manglande utvendig trapp), om det skal oppstå røykutvikling i underetasjen.

Eg meiner at desse endringane er naturlige, men beklager sjølsagt sterkt at vi ikkje var merksam på at de vurderer dette som endringer, og eg burde sjølsagt ha innsendt søknad om fasadeendring, som herved vert gjort no.

Eg legg ved nytt nabovarsel i signert stand samt skisse som viser endringane av fasada mot sjøen.
Videre vert det lagt ved søknadskjema.

Med helsing
Rem-Pol Resources Norway AS

Rune Moltu

**Tel. Norway: + 47 908 76778**
**Tel office.Stettin Poland: +48 91 4884426**
**Mobile Poland: +4848 660 499494**

**REM-POL Resources Norway AS**
**N-6070 Tjørvåg, Norway**
**www.rempolresources.com**

05

HERØY KOMMUNE

**UTVIKLINGSAVDELINGA**

Ravi Design
postboks 185
6099 FOSNAVÅG

# AVSLAG PÅ SØKNAD OG PÅLEGG OM RETTING

**etter plan- og bygningslova § 20-1 og § 32-3**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | EFLÅ | Saksnr. | 2014/384 |
| Utvalssaksnr: | 130/14 | Arkiv: | 54/71 |
| | | Vedtaksdato: | 11.04.2014 |

ENKELTVEDTAK – med klagerett i samsvar med forvaltningslova kap. 6

**Rune Moltu - 54/71 – AVSLAG PÅ SØKNAD OM ENDRING AV GITT LØYVE**

*Med heimel i Herøy kommune sitt delegasjonsreglement – "Delegasjon til rådmannen" pkt. 2, vedteke K-sak 79/12, og intern delegasjon frå rådmannen, vert det gjort slikt;*

**Vedtak:**

**A.** Med heimel i pbl §§ 29-1 og 29-2 av 27. juni 2008 nr. 71, med tilhøyrande forskrifter og vedtekter gir Utviklingsleiaren avslag på søknad om løyve til endring av tiltak etter pbl § 20-1, datert 22.03.2014.
Utviklingsleiaren gjev ikkje løyve til omsøkt endring av ny fasade på naustrekke på gnr 54, bnr 71, slik det er søkt om, jf søknad datert 22.03.2014.

**B.** Med heimel i pbl § 32-3 gir utviklingsleiaren pålegg om retting. Naustrekka på 53/11 skal byggast som godkjent i rammeløyve, jf Ds-sak 379/12. Frist for retting er sett til 11.06.2014.

Jarl Martin Møller
Utviklingsleiar

Eivind Flåskjer
Sakshandsamar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og er utan signaturer.*

## SAKSOPPLYSNINGAR:

| | |
|---|---|
| **Tiltak:** | Søknad om endring av gitt løyve i Ds-sak 379/12. |
| **Søknadsdato:** | 22.03.2014 |
| **Tiltakshavar:** | Rune Moltu |
| **Ansvarleg søkjar:** | Ravi Design v/Ivar Sulebakk |
| **Nabovarsel:** | Ingen merknader. |
| **Eigedom:** | Gnr 54 bnr 71 |
| **Planstatus:** | Eigedomen er avsett til naustføremål i gjeldande arealdel av kommuneplan (2004). |
| | |

## Vurderingar:

Det er gitt rammeløyve til omsøkt naustrekke i Ds-sak 379/12, datert 05.11.2012. I dette rammeløyvet er det gitt klare vilkår for utsjånad på naustrekka og saka vart supplert med nytt teikningsgrunnlag og godkjent, jf Ds-sak 379/12. Følgjande vilkår vart gitt i saka:

*Vilkår:*

*Naustet skal ikkje nyttast til varig opphald – kun tradisjonelle naustføremål. Maks mønehøgd 6,5 m. Det skal ikkje byggast utvendig trapp, altan eller monterast takvindu.*

Vidare vart det gitt igangsettingsløyve for **grunnarbeid** i Ds-sak 152/13, datert 27.05.2013.

Utan at det vart søkt om igangsetjing for **mur/tømrararbeid** vart arbeidet påbegynt frå tiltakshaver si side. Ansvarleg søkjar og tiltakshavar vart varsla om dette med krav om at arbeidet skulle stansast umiddelbart. I same brev vart det varsla overtredelsesgebyr, jf brev datert 05.07.2013.

Kort tid etter at arbeidet vart stansa vart det søkt om igangsettingssøknad for mur/tømrararbeid av ansvarleg søkjar. Igangsettingsløyve for mur/tømrararbeid kom på plass i DS-sak 211/13, datert 12.07.2013.

Ved seinare synfaring i området vart Utviklingsavdelinga klar over at naustrekka vart oppført med avvik i forhold til det som er byggemeldt og godkjent. Det vart difor tatt grep og varsla pålegg om å rette forholda samt varsel om overtredelsesgebyr. Det vart opplyst om at det var moglegheit til å søke om endring, men frå administrasjonen si side vart det påeikt at ein ikkje ville godkjenne ein evt. søknad om endring., jf brev datert 07.03.2014.

**Utviklingsavdelinga held fast på kravet om retting og tilbakeføring til slik naustrekka vart godkjent i Ds-sak 379/12, datert 05.11.2012.**

**Frist for retting er sett til 11.06.2014.**

**Sakshandsamingsgebyr:**

| | |
|---|---|
| Byggesaksgebyr – avslag på søknad | kr. 973,- |
| Sum gebyr | kr. 973,- |

Faktura for gebyret vert utsendt separat.

Kopi:
*Rune Moltu* 6070 TJØRVÅG

## Generelle opplysningar

## Bortfall av løyve, jfr. plan- og bygningslova § 23-1

Er tiltaket ikkje sett i gong seinast 3 år etter at Rammeløyve / byggeløyve er gjeve, fell løyve bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år.
Føregåande avgjerd gjeld tilsvarande for dispensasjonar. Fristane kan ikkje forlengast.

Vert eit tiltak innstilt i lengre tid enn 3 månader, kan kommunen krevje at stillas og innhegning som støyter mot veg / gate som er open for offentlig trafikk skal fjernast, og at gate og fortau vert rydda og sett i stand.

Vert eit tiltak ståande utan framdrift i lengre tid enn 1 år, skal stillas fjernast og anlegget / tiltaket setjast i slik stand at det verkar minst mogleg til sjenanse for omgjevnadane.
Varer dette lenger enn 2 år, kan kommunen krevje at tiltaket skal fjernast og at tomta / anlegget vert rydda. Ved reparasjon / ombygging, avgjer kommunen i kva for utstrekning byggverket skal førast tilbake til sin opphavlege stand.

Løyve til tiltak etter § 20-1 første ledd bokstav m fell bort dersom det ikkje er rekvirert oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan tre år etter at løyve vart gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med lov om eigedomsregistrering.

## Opplysningar om rett til å klage over forvaltningsvedtak

| | |
|---|---|
| **Klagerett** | De har rett til å klage over eit forvaltningsvedtak. |
| **Kven kan De klage til.** | Klagen skal stilast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, men sendast til det kommunale organet som har gjort vedtaket. Dersom dette organet ikkje endrar vedtaket som følgje av klagen, vil den bli oversendt til Fylkesmannen for endeleg avgjerd |
| **Fristen til å klage** | Klagefristen er **3 veker** frå den dagen melding om vedtaket kom fram til Dykk. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklårt for oss om De har klaga i rett tid, ber vi Dykk opplyse når De mottok denne meldinga. Dersom klaga blir send for seint, er det høve til å sjå bort frå ho. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen er ute. Om De har særleg grunn til det, kan De likevel søkje om å få forlenga klage-fristen. Årsaka til behovet for forlenga klagefrist bør då oppgjevast. |
| **Rett til å krevje grunngjeving** | Dersom De ikkje alt har fått grunngjeving for vedtaket, kan De setje fram krav om å få det. Eit slikt krav må setjast fram før klagefristen er ute. Klagefristen blir i så fall avbroten, og ny frist blir rekna frå det tidspunktet De får grunngjevinga. |
| **Innhaldet i klaga** | I klagen skal De skrive kva for eit vedtak De klagar på, og nemne den eller dei endringane som De ønskjer. De bør også grunngi kvifor De klagar, og ta med eventuelle andre opplysningar som kan telje med når ein skal vurdere klagen. Klagen må underskrivast |
| **Utsetjing av vedtak** | Sjølv om De har klagerett, kan tiltaket dette vedtaket gjeld vanlegvis setjast i verk straks. De kan søkje om oppsetjande verknad. Kommunen vil då vurdere om igangsetjing av tiltaket bør utsetjast. |
| **Rett til å sjå saksdokumenta og til å krevje rettleiing** | Med visse avgrensingar har De rett til å sjå saksdokumenta. De må i så fall vende Dykk til det kommunale organet som har sendt denne meldinga. De kan også få nærare rettleiing om klageretten, om korleis De skal gå fram når De klagar, og om reglane for saksbehandlinga elles. |
| **Kostnader ved evt. klagesak** | De kan søkje om å få dekt utgiftene til advokathjelp de treng, etter reglane om fritt rettsråd. Det gjeld likevel normalt visse inntekts- og formuegrenser. Fylkesmannskontoret eller vedkommande advokat kan gi nærmare rettleiing. Det er også høve til å krevje dekning for større kostnader i samband med klagesaka, t.d. til advokathjelp. Vert vedtaket endra til fordel for ein part, kan ein også søkje om å få dekka vesentlege kostnader i samband med saka. |
| **Klage til Sivilombodsmannen** | Det er også mogeleg å be Stortingets ombodsmann for forvaltningssaker / Sivilombodsmannen om å sjå på sakshandsaming / eventuelt avgjerd hos fylkesmannen. |

06

(t) 14/384

HERØY KOMMUNE
RADMANNEN

| | |
|---|---|
| Rep.nr 2014/384 | Saksbeh EFLA |
| - 2 MAI 2014 | |
| Ark.kode P | |
| Ark.kode S | |
| J.nr | Dok.nr |
| Kassasjon | |

REM-POL RESOURCES

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
c/o Herøy kommune
Utviklingsavdelinga
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Tjørvåg 25 april 2014

Saks nr 2014/384 – UTV/EFLÅ 130/14 dato 11.4.14 : Rune Moltu – 54/71 –
Klage på vedtak i saks nr 2014/384 ang fasade-endring 3 naust under oppføring i Tjørvåg 54/71

Vi stadfester mottak av brev av 7.3.14 med pålegg om retting samt avslag på retting av 11.4.14.

Eg finn det rett å klage på vedtaket med bakgrunn i at fasade-endringa ikkje kan definerast som alvorleg eller på annan måte til skade for naboer eller fasadeutforming.

I fyrste løyve gav utviklingsavdelinga løyve til oppføring av nausta ikkje skal oppførast med «UTVENDIG TRAPP ELLER TAKVINDU»

Dette vart etterkome, og dermed vart naudutgangløysing utestengd frå bygninga. Under oppføring vart det gjort etter mitt begrep mindre fasade endring med fylgjande tilpasning i byggeperioda:

1: Utvendig trapp vart erstatta av dør ut til terasse, men utan trapp ned slik at rømingsveg i alle tilfelle er på plass, sjølv om takvindu eller trapp er montert.

2: Rettvinkla vindu mot sjøen er endra til skråvindu og kan ikkje reknast for vesentlig, men tilpassing fasade under byggina. Då takvindua måtte kansellerast,sette
vi inn litt større vindu i front for å få inn bedre lys.
Naboane skrev under på nabo varselene, og utrykte at dette var ei fin løysing.

Eg ber om at søknaden vert handsama på nytt.

Med helsing
Rem-Pol Resources Norway AS

Rune Moltu

c.c. Ravi Design, PB 185, 6099 Fosnavåg

Tel. Norway: + 47 908 76778
Tel office.Stettin Poland: +48 91 4884426
Mobile Poland: +4848 660 499494

REM-POL Resources Norway AS
N-6070 Tjørvåg, Norway
www.rempolresources.com



2014/384



08


HER
HERØY KOMMUNE
02.06.2014 1:2000
Det kan forekomme feil i kartet
0 20 40 60 80 m
N



MOT SYD-ØST



MOT NORD-ØST

HERØY KOMMUNE
RADMANNEN
2012/1194 EFA
- 5 JULI 2012
54/71
5

(E) 12/1134



MOT NORD-VEST



MOT SYD-VEST

09

BYGGEMELDINGSTEGNING

JUSTERT. 15.03.2014

VEDRØRENDE LITEN NAUSTREKKE I TJØRVÅG - GNR. 54 BNR. 71
FOR RUNE MOLTU

RAVI DESIGN

FASADER

MÅL 1:100
DATO: 19.04.2012

JUSTERT 05.06.2012
03.07.2012

GODKJ. DS-SAK 152/13 AT




GODKJ. DS- K 152/13 AT

BYGGEMELDINGSTEGNING

JUSTERT. 15.03.2014

VEDRØRENDE LITEN NAUSTREKKE I TJØRVÅG - GNR. 54 BNR. 71
FOR RUNE MOLTU

RAVI DESIGN

PLANER - SNITT

MÅL 1:100
DATO: 19.04.2012

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

# SAKSFRAMLEGG

-

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | EFLÅ | Arkivsaknr: | 2014/468 |
| | | Arkiv: | 26/3 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 67/14 | Maritim og teknisk komite | 17.06.2014 |

**ALEKSANDER LEINE M/FLEIRE - GNR 26, BNR 3, 216 OG 217**

**SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLANENS AREALDEL, PLAN- OG BYGNINGSLOVA §1-8 OG VEGLOVA §29 – VEDR. NAUST I REKKE, FLYTEDOKK, BÅTOPPTREKK OG MARINAANLEGG**

**Tilråding frå rådmannen:**

Maritim og teknisk komite vedtek at det vert gjeve dispensasjon frå kommuneplanens arealdel og frå byggeforbodet i 100-metersbeltet i strandsona, jfr. PBL §§ 19-2 og 1-8, med sikte på etablering av 4 naust med felles båtopptrekk og flytebryggeanlegg på gnr 26 bnr 216, 217 samt etablering av skjermingstiltak i form av ein flytande konstruksjon på eigedomen gnr 26 bnr 3 i Herøy kommune som vist på kartskisse datert 01.03.14.

Vilkår for etablering av naust er at dei vert etablert i tråd med MTK sine føringar for naust.

Det vert ikkje gjeve dispensasjon frå kommuneplanens arealdel og frå byggeforbodet i 100-metersbeltet i strandsona, jf PBL §§ 19-2 og 1-8, for etablering av flytedokk på eigedomen gnr 26 bnr 3 i Herøy kommune.

Grunngjevinga for avslaget er tidlegare vilkår gitt i sak F-sak 99/11der restarealet på gnr 26 bnr 3 skulle vere avsett til tilkomst og parkering for nausttomtene gnr 26 bnr 216, 217. Vidare vert avslaget grunngjeve med at det omsøkte tiltaket vil legge uheldige føringar og skape presedens for tilsvarande eigedomar i nærleiken og elles i kommunen.

Ein Gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3-tre – veker frå den dag melding om vedtak har kome fram til den som har klagerett, jfr Plan-og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.

Særutskrift:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde
Møre og Romsdal Fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Statens Vegvesen Region Midt, Fylkeshuset, 6404 Molde
Søre Sunnmøre Landbrukskontor, 6080 Gurskøy
Herøy kommune, anlegg- og driftsavdelinga, postboks 274, 6099 Fosnavåg
Aleksander Leine m fl., Leine, 6094 Leinøy

**Vedlegg:**

1 01 Søknad - 07.03.2014
2 02 Høringsbrev - 31.03.2014
3 03 Uttale frå Fylkesmannen i MR - 30.04.2014
4 04 Uttale frå Møre og Romsdal Fylkeskommune - 29.04.2014
5 05 Uttale frå Statens Vegvesen - 05.05.2014
6 06 Uttale frå Søre Sunnmøre landbrukskontor - 02.05.2014
7 07 Uttale frå Anlegg-og Driftsavdelinga - 05.05.2014
8 08 Kart og skisse
9 09 F-sak 99/11 - 30.03.2011

**Saksopplysningar:**

**Bakgrunn:**

Aleksander Leine med fleire har med brev av 07.03.2014 søkt om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel, pbl §1-8 og § 29 i veglova med sikte på å etablere eit naustmiljø med 4 naust i rekker, flytedokk, båtopptrekk og marinananlegg på gnr 26 bnr 3, 216 og 217. Etter fullført høyringsrunde er no søknaden klar for politisk slutthandsaming.

**Søknaden og søknadsprosessen:**

Det omsøkte tiltaket er lokalisert mellom fylkesvegen og sjøen nær Leinevika og byggefeltet på Leinane. Det er i søknad skildra omfanget av tiltaket som inneber ei vesentleg endring av dei aktuelle parsellane. Det skal skytast ut og lagast overbygd flytedokk, oppførast 4 naust i rekkje, etablering av båtopptrekk, utlegging av flytebrygger og det vert ei endring i tilkomst og opparbeiding av p –plassar mellom naustbygg og fylkesveg.

Som grunngjeving vert det frå tiltakshavarane vist til at dei vil gjenskape liv i fjøra knytt til området der det før Dagmar-orkanen stod ei sjøbud – dei vil lage eit naustmiljø med alle funksjonar.

Saka vart sendt på høyring til aktuelle instansar med brev av 31.03.2014. Det ligg føre uttalar frå følgjande instansar:

- Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- Møre og Romsdal Fylkeskommune
- Statens Vegvesen Region Midt
- Søre Sunnmøre Landbrukskontor
- Herøy kommune, Anlegg-og driftsavdelinga

**Uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal av 30.04.2014:**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal er av den oppfatning at terrenginngrepa knytt til tenkt tiltak er store, nausta ber preg av rorbu/fritidshus og båtdokk vil føre til fare for miljøureining.
Fylkesmannen i Møre og Romsdal meinar vidare at omsøkt tiltak vil beslaglegge og privatisere tilgjengeleg friluftsareal ved sjøen for busetnaden på Leine. Tiltaket er i strid med nasjonale mål for forvaltning av strandsona. Vil vurdere å klage på eit positivt vedtak i saka.

**Uttale frå Møre og Romsdal Fylkeskommune av 29.04.2014:**

Møre og Romsdal fylkeskommune er av den oppfatning at omsøkt utbygging er av ein slik karakter at det ville vore meir naturleg å presentert den som ei reguleringssak eller teke den med i rullering av kommuneplanen ( som no er i sluttfasen - burde vore spelt inn tidlegare i den prosessen)
Vidare ser dei at etter opparbeiding vil tiltaket framstå som eit avgrensa privatisert område for utbyggarane. Både naust og flytedokk er av ein slik storleik at dei sprenger rammene for kva ein kan oppfatte som tradisjonelle naust. Eit positivt dispensasjosvedtak vil gi klare føringar for andre søknader.
Med bakgrunn i dette kan Møre og Romsdal fylkeskommune ikkje tilrå omsøkt tiltak.

**Uttale frå Statens Vegvesen Region Midt av 05.05.2014:**

Statens Vegvesen overlet til andre regionale instansar å ta stilling til dispensasjonsspørsmål knytt til plan. Dei har per no ikkje innvendingar mot å plassere naustbygg i ein minsteavstand på 15 m frå regulert midtlinje på fylkesvegen, men vil ikkje ta saka opp til endeleg avgjerd eller fatte dipensasjonsvedtak frå avstandsreglane i veglova før det ligg føre ein konkret byggesøknad.

**Uttale frå Søre Sunnmøre Landbrukskontor av 02.05.2014:**

Søre Sunnmøre Landbrukskontor konkluderer med at arealet ikkje er del av aktiv landbruksdrift, arealet ligg inneklemt mellom fylkesveg og sjø og i landbrukssamanheng er det eit marginalt areal. Med heimel i Jordlova § 9 meinar dei at arealet kan omdisponerast til naustområde.

**Uttale frå Herøy kommune, Anlegg-og driftsavdelinga av 05.05.2014:**

Anlegg-og driftsavdelinga har sett på 4 punkt knytt til tiltaket. Vassforsyning er privat og må rettast til rette vasslag. Når det gjeld avløp må dette omsøkast til kommunen for å få på plass godkjent ordning. Tilkomst/avkøyrsle må klarerast med Statens vegvesen som er vegmynde. I forhold til hamne og farvasslova vil tiltaket ikkje kome i konflikt med tilhøvet tilkomst/tilflott. Elles ingen merknader.

**Vurdering:**

***Vilkår for å gi dispensasjon.***

Kommunen kan med heimel i plan- og bygningsloven § 19-2 gi dispensasjon frå føresegner i lova eller frå arealbruk fastlagt i kommuneplan. Pbl § 19-2 sett to vilkår for dispensasjon.

For det fyrste kan dispensasjon ikkje gis dersom omsyna bak plana eller omsyna bak føresegna det dispenserast i frå blir vesentleg satt til side. Det vil normalt ikkje være høve til å gi dispensasjon når omsyna bak føresegna det søkast dispensasjon frå fortsatt gjer seg gjeldande med styrke.

Det andre vilkåret er at fordelane ved dispensasjonen i tillegg må vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Kommunen må her foreta ei interesseavveging der fordelane med tiltaket vurderas opp mot ulempene.

Etter administrasjonen si vurdering er ikkje vilkåra for å gi dispensasjon fullt ut oppfylt i denne saka.

***Lokalisering og føringar.***

Det omsøkte tiltaket er lokalisert mellom fylkesvegen og sjøen like sør vest for bustadfeltet på Leine. Omsøkt område er avsett som LNF-område i kommuneplanens arealdel frå 2004 og ligg innanfor 100-metersbeltet i strandsona og berører i mindre grad reguleringsplan for FV18 Leine-Remøyholm.

Gnr 26 bnr 216 og bnr 217 er frådelt gnr 26 bnr 3 ved ei dispensasjonsak datert 29.03.2011 F-sak 99/11. Føremålet med dispensasjonen var etablering av to nausttomter og det vart gitt desse føringane i vedtaket frå formannskapet:

*Tomtene skal avgrensast mot regulert vegareal i reguleringsplanen for FV 18 Leine — Remøyholmen og det er elles eit vilkår at framtidige naust på tomtene skal innordne seg det avgrensa arealet når det gjeld volum og terrengtilpassing og at tomtene skal sikrast naudsynt areal til tilkomst og snuplass på den resterande del av gnr. 26 bnr. 3 nedanfor fylkesvegen.*

I forslaget til ny arealplan som er i sluttfasen er omsøkt areal lagt ut til ordinært naustformål. Føringane for naust i den komande arealplanen er at :

***<u>Naust:</u>***

*Naust er definert som uisolerte bygg til oppbevaring av båt og tilhøyrande reiskap/vegn. I naustområde kan det ikkje førast opp bygg anna enn i risikoklasse 1, jf byggteknisk forskrift §11-2. Det er forbod mot å innreie rom/loft i naust- og sjøbuder til varig opphald.*

*Når naustgruppene får større areal enn 480m2, skal det vere 8 m avstand til neste naustgruppe. Alt. til 8m avstand er brannskillekostruksjon som held klasse EI60. Dobbelnaust med storleik over 60m2 må ha brannskille konstruksjon som held klasse EI60 mot andre naust.*

*Ferdig golv i naust skal plasserast i intervallet 1,5 – 2,5 over NGO kote 0 avhengig av terrengtilhøva på staden. Alle konstruksjonar under kote 2,7 skal dimensjonerast og utformast til å kunne tole påkjenningar ved stormflo.*

*Mønehøgd,  rekna frå topp golv nærast sjøen, skal ikkje vere større enn 6,5 m eller kan tilsvare breidda på naustet.*

*Naust skal ha saltak med takvinkel i intervallet 30-40 grader.*

*Vindauge må vere av avgrensa storleik og samsvare med behovet knytt til naustfunksjonen. Vindaugsarealet si dagslysflate skal ikkje overstige 3 % av hovudplanet sitt bruksareal(BRA).*

*Det skal vere mogleg for ålmenta å ferdast framfor og mellom naust og naustgrupper.*

*Det er ikkje tillate med gjerde/levegg eller andre stengsler i områda.*

*Naust skal vere i tradisjonell stil med trekledningog enkel utforming utan arker, kvister og andre takopplett, balkongar, altan, karnapp eller liknande fasadeelement som ikkje er i samsvar med naustet sin funksjon.*

*Fargebruken skal vere avdempa. Dette gjeld også på lister og anna detaljering.*

***Sammendrag av saka.***

Arealet vest for 26/217 er avhengig av ein dispensasjon  frå LNF-område i kommuneplanens arealdel for oppføring av flytedokk i tillegg til dispensasjon frå PBL § 1-8 bygging i 100- metersbeltet i strandsona.

Ved frådeling av eigedomane gnr 26 bnr 216 og 217 vart det gitt klare føringar frå formannskapet for etablering av tomtene. Av F-sak 99/11går det fram at restarealet på 26/3 skulle vere tilkomst/snuplass/p-areal for dei to nausttomtene.

Av teikningsgrunnlaget som er lagt fram stiller administrasjonen spørsmål om det omsøkte tiltaket kan realiserast i det heile sett i lys av utnyttingsgrad og avstandar. Slik det er framstilt vil det vere veldig trongt og vanskeleg å kome til mellom naustbygga og regulert vegareal.

Omsøkt utbygging vert vurdert å vere mykje meir omfattande enn etablering av to nausttomter slik det vart omsøkt ved første søknad og godkjent i F-sak 99/11. Ei etablering som omsøkt vil påverke heile området med omfattande inngrep og det kan vere fare for skade på naturmangfaldet, jf naturmangfaldslova §§ 8-12.

I høve uttalen frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal så har det aktuelle området vore foreslått til område for fritidsbustad i ny arealdel og at det vart reist motsegn til dette. Motsegna var retta inn mot at ein må bevare eit slikt område for allmennheita, unngå privatisering, då ein vurderer området som særleg viktig med tanke på bustadutviklinga på Leine og nærleiken til dette bustadområdet.

I høve uttalen frå Møre og Romsdal fylkeskommune er ein samd i at tiltak som inneber store terrenginngrep og som er av ein slik karakter at det kan påverke allmennheita sine tilkomstmoglegheiter og som kan vere i strid med statlege

retningslinjer for strandsoneforvaltning så bør desse gå gjennom ordinært reguleringsarbeid.

Administrasjonen vil ikkje tilrå at det vert gjeve dispensasjon frå kommuneplanen (PBL §19-2) og byggeforbodet i 100- metersbeltet (PBL § 1-8) med sikte på etablering av omsøkt flytedokk. Tiltaket vert vurdert for omfattande og det vil bidra til sterkare privatisering av strandsona og føre med seg aktivitet som ikkje vert vurdert å høyre heime i eit vanleg naustmiljø. Tiltaket vil også innebere store terrenginngrep og det går utover allereie gitte vilkår knytt til dispensasjonshandsaming i området frå 2011.

Ein vurderer vidare at ei sterkare utnytting av dei to frådelte nausttomtene på gnr 26 bnr 216,217 vil vere i tråd med tidlegare vilkår i F-sak 99/11 der det kan førast opp naust i tråd med MTK sine føringar med omsyn til volum og utsjånad. Eit slikt tiltak er og i tråd med dei føringar som er gjevne i forslaget til ny arealplan. Med omsyn til plassering av båtopptrekk bør dette vurderast plassert vest for naustrekka og ikkje slik det går fram av teikningsgrunnlaget.

**Konklusjon:**

Ein vurderer det til at omsyna bak plana eller omsyna bak føresegna det er søkt dispensasjon frå blir vesentleg satt til side for deler av søknaden og det ikkje er høve til å gi dispensasjon i saka for tiltaket som omhandlar flytedokk.

Etablering av felles naustrekkje med tilhøyrande opptrekk, flytebrygger og parkering vert vurdert å ikkje tilsidesetje omsynet bak plan og føresegner og kan kunne godkjennast. Vilkåret er at dei vert etablert i tråd med MTK sine føringar for naust.

<u>Konsekvensar for folkehelse:</u>

Omsøkt tiltak vil kunne privatisere delar av rekreasjonsområde i strandsona for nærområdet

<u>Konsekvensar for beredskap:</u>

Ingen

<u>Konsekvensar for drift:</u>

Ingen

Fosnavåg, 02.06.2014

| | |
|---|---|
| Erlend Krumsvik | Jarl Martin Møller |
| Rådmann | Avd.leiar |

Sakshandsamar: Eivind Flåskjer

01

(N)

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Reg.nr. 2014/468 | Saksbeh. [illegible]
10 MARS 2014
Ark kode P 26/3
Ark kode S
J.nr. | Dok.nr
Kassasjon

Herøy Kommune
6090 Fosnavåg

**SØKNAD OM DISPENSASJON FRA KOMMUNEPLANENS AREALDEL, PLAN OG BYGNINGSLOVEN §1 - 8, OG VEILOVEN**

Nausttomter på Leine, Gnr 26/3, 26/216 og 26/217.

Det vises til tidligere vedtak i F-sak 99/11 der det ble gitt dispensasjon til fradeling av nausttomter. I ettertid kom orkanen Dagmar og familiens sjøhus som stod på 26/3 blåste ned. Tiden er nå inne til å bygge naust slik som det ble gitt dispensasjon til, samt gjenskape den aktiviteten som var i familiens sjøhus tidligere. Eiendommen går flere generasjoner tilbake, og det er svært ønskelig å få til en utbygging som kan samle familien og være til glede også i årene som kommer.

Det er tenkt å føre opp et overbygget båthus, der flere båter kan ligge flytende inne. Dimensjon på dette vil være ca 12 x 16,5 meter, og mønehøyde ca 7,5 m. Det er tenkt flytebrygger innvendig. Her kan også båtene tas i hus for vårpuss o.l.
Videre tenker vi 2 naust, 6 x 10 m, og mønehøyde 6,5 m, samt to naust 5 x 10 m.

Vi ønsker å kunne tilknytte oss offentlig vann og avløp.

Alle bygg er plassert slik at avstand til senter veg er minimum 15 m, og avstand til naboeiendommer er minimum 4 m.

Det er tenkt at massen som sprenges/graves ut for båthuset skal nyttes til å lage en fylling som heves ca 1 m over dagens nivå ved sjøen der det gamle sjøhuset stod, samt fylle området rundt bygningene slik at det blir god plass og relativt flatt rundt bygningene. Fyllingen skal tilpasses avkjørsel slik den er tegnet inn i reguleringsplanen, og på en slik måte at det blir en god snuplass i vestre delen mot avkjørselen og hovedveien.

Det er tenkt å fjerne deler av fyllingen der det gamle sjøhuset stod, samt øst for dette, slik at det dannes en ny fylling innover mot båthuset. Dette vil være svært gunstig i forhold til vind fra nordvest, og vil gjøre det mulig og anlegge en liten marina med ca 5 båtplasser foran naustrekken. I tillegg er det tenkt å legge ut en betongbrygge som bølgedemper.

På østsiden av naustrekken er det tenkt å støpe en skrå platting ut i sjøen for opptrekk av båter med vogn.

Sindre Leine står som eier av hovedbruket, Aleksander Leine eier 26/216, og Roger Gjelseth eier 26/217. Leif Gjelseth er far til Roger. Partene her er enige om å forsøke å få til en utbygging i et fellesskap, og de interne eierforholdene blir avklart dersom tillatelse til bygging blir gitt.

Det er vårt håp at den positive holdningen som ble vist oss ved fradelingen til nauttomter, også kan videreføres når vi nå søker om å bygge på tomtene. Vi ser frem til en positiv og rask behandling i sakens anledning.

Leine 07.03.2014

Med vennlig hilsen

Aleksander Leine

Roger Gjelseth

Per Svenning Leine
Iflg fullmakt fra Sindre Leine

Leif Gjelseth

HERØY KOMMUNE

02

«MOTTAKERNAVN»
«KONTAKT»
«ADRESSE»
«POST «POSTSTED»
»

| Saksnr | Arkiv | Dykkar ref | Avd /sakshandsamar | Dato |
|---|---|---|---|---|
| 2014/468 | 26/3 | «REF» | UTV / EFLÅ | 31.03.2014 |

## Aleksander Leine m fl - gnr 26, bnr 3, 216 og 217 - søknad om dispensasjon frå arealføremål i kommuneplanen og frå pbl § 1-8 med sikte på etablering av naust i rekke, flytedokk, båtopptrekk og marinaanlegg.

**Planstatus:**

Det vert søkt dispensasjon frå kommueplanens arealdel( LNF-område), plan og bygningslova § 1-8 og veglova § 29(avstandskravet) og frå del av gjeldande reguleringsplan FV 18 Leine-Remøyholmen.

**Kva føremål vert søkt dispensasjon til:**

Naust i rekke 4 stk, flytenaust, båtopptrekk og marinaanlegg med tilhøyrande parkering.

**Gards- og bruksnummer:**

Gnr 26 Bnr 3, 216 og 217

**Skildring av omsøkte tiltak (volum, utforming, situasjonsskisser):**

Flytenaust: 12x16,5 m mønehøgd 7,5m
Naust : 2 stk 6x10m og 2 stk 5x10m mønehøgd 6,5m

**Andre opplysingar om saka:**

Det er i F-sak 99/11, datert 30.03.2011, gitt dispensasjon frå kommuneplanens arealdel og frå pbl §1-8 med sikte på frådeling av 2 nausttomter – desse 2 inngår no i dette prosjektet saman med gnr 26, bnr 3.

**Kort vurdering jamfør pbl §19-2, andre ledd :**

Slik kommunen ser på området er det i F-sak 99/11 allereie opna opp for naust i området og dersom ein ivaretek snu, sikt og tilkomstmoglegheitene i reg plan. FV 18 Leine - Remøyholmen, inn mot området, ser vi ikkje at hensyna bak bestemmelsane det vert søkt dispenssjon frå vert vesentleg tilsidesett. Ein vil med denne utbygginga gjenskape eit naustmiljø og samlokalisere naustbygg med tilhøyrande funksjonar.

Kommunen ber om uttale til saka innan: **02.05-2014**

Vedlegg:
Kopi av tiltakshavar sin søknad og grunngiving med tilhøyrande vedlegg.
Oversynskart/ortofoto som viser tydelig kvar i kommunen tiltaket er lokalisert

Med helsing

Jarl Martin Møller
Avdelingsleiar

Eivind Flåskjer
Sakshandsamar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og er utan signaturer.*

Kopi:
Aleksander Leine m fl Leine 6094 LEINØY

Fylkesmannen i Møre og Romsdal (E)14/468 03

Saksbehandlar, innvalstelefon
Overingeniør Astrid Buset, 71 25 85 41

Vår dato 30.04.2014
Dykkar dato 31.03.2014

Vår ref. 2014/2339/ASBU/421.3
Dykkar ref.

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Reg.nr 2014/468 Saksbeh. GRA
- 6 MAI 2014
Ark kode P 26/3
Ark kode S
J.nr. Dok.nr 9
Kassasjon

**Herøy kommune**
**Etablering av naust i rekke, flytedokk, båtopptrekk og marinaanlegg gnr26 bnr3 bnr216 bnr217 - Aleksander Leine m.fl.**
**Fråsegn til dispensasjon frå kommuneplan og pbl § 1-8**

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

**Natur- og miljøverninteresser**
Det er søkt dispensasjon for bygging av fire naust i rekkje samt flytenaust med innvendige flytebrygger, båtopptrekk, marina og parkeringsareal. Tiltaket krev store terrenginngrep med utsprenging og utfylling i sjø. Dei fire nausta er, i følgje skissa datert 1.3.2014, i to etasjer med ei utforming som kan minne om rorbuer.

Flytenaustet skal kunne nyttast til båtpuss. Denne typen aktivitet er kjelde til utslepp av miljøgifter til sjø, og bør berre skje på ein plass der det er lagt til rette for forsvarleg handtering av og oppsamling av farleg avfall.

Ut i frå opplysningar i søknaden, vil tiltaket legge til rette for eksklusiv bruk av arealet.

Det er eit nasjonalt mål at strandsona skal bevarast som natur- og friluftsområde tilgjengeleg for alle, der arealbruken i strandsona vert vurdert og planlagt i eit heilskapleg og langsiktig perspektiv. Vi viser til vårt brev den 23.1.2014 med fråsegn til kommuneplanen sin arealdel, der vi reiste motsegn til at det omsøkte arealet kan nyttast til fritidsbustad:

«*Dette er eit avgrensa område mellom fylkesvegen og sjøen. Terrenget hellar fint ned mot sjøen, der det ligg ei utfylt steinbrygge og fine berg. Området ligg i kort avstand til byggefeltet på Leine, og er såleis lett tilgjengeleg for bruk til fiske og anna opphald ved sjøen i dag. Det er ikkje anna tilgjengeleg strandsone med friluftskvalitetar nedom busetnaden på Leine. Det er difor negativt dersom det einaste tilgjengelege området for busetnaden vert privatisert. Vi vil vise til at det er avsett større areal til fritidsbustader i nærleiken innafor FB8 og FB7. Fylkesmannen reiser* ***motsegn*** *til arealbruken pga negative konsekvensar for ålmenn bruk av strandsona. Området bør sikrast som grønstruktur (pbl § 11-7 nr 3).*»

Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen (vedtatt ved kgl. res. 25.3.2011) utdjupar plan- og bygningslova § 1-8 og gir føringar for

Postadresse: Fylkeshuset 6404 Molde
Telefon: 71 25 84 43
Telefax: 71 25 85 10
E-post: postmottak@fmmr.no
Web: www.fylkesmannen.no

kommunane si planlegging i hundremetersbeltet langs sjøen. Fylkesmannen vurderer søknaden å vere i strid med følgjande punkt i planretningslinjene:

- *Utbygging bør så langt som mulig lokaliseres til områder som er bebygd fra før, slik at utbyggingen skjer mest mulig konsentrert. (...).*
- *Spørsmålet om bygging skal vurderes i forhold til andre allmenne interesser. Det bør ikke tillates utbygging i områder som har spesiell verdi i forbindelse med friluftsliv og allmenn ferdsel, naturkvaliteter, naturmangfold, kulturminner, kulturmiljøer og landskap. (...). Der det tillates bygging, bør hensynet til andre interesser ivaretas best mulig.*
- *Alternative plasseringer bør vurderes og velges dersom det er mulig. Det bør også vurderes om tiltaket kan trekkes vekk fra sjøen. Tiltak som tillates må tilpasses omgivelsene best mulig.*

**Konklusjon**
Fylkesmannen meiner søknaden vil beslaglegge og privatisere tilgjengeleg friluftsareal ved sjøen for busetnaden på Leine, og at tiltaket dermed er i strid med nasjonale mål for forvalting av strandsona. Vi varslar at vi vil vurdere å klage på eit positivt vedtak i saka.

Med helsing

| | |
|---|---|
| Jon Ivar Eikeland (e.f.)<br>fung. samordnar | Astrid Buset<br>overingeniør |

**Kopi:**
Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Statens vegvesen, Region midt

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

04

Møre og Romsdal fylkeskommune

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

| Dykkar ref: | Dykkar dato: | Vår ref: | Vår saksbehandlar: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| 2014/468 | 31.03.2014 | 21885/2014/DISPENSASJON/1515 | Anders Smith-Øvland, 71 25 82 91 | 29.04.2014 |

# Herøy kommune - etablering av 4 naust i rekke, flytedokk, båtopptrekk og marina-anlegg gbnr 26/3 m.fl. - fråsegn ved søknad om dispensasjon frå kommuneplan og pbl §1-8

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

**Automatisk freda kulturminne**
Saka er oversendt Sjøfartsmuseet i Bergen med sikte på avklaring vedrørande marine kulturminne. Dei har ingen merknader, men viser til den generelle aktsemdsplikta etter kulturminnelova.

Herøy kommune er i ferd med å sluttføre kommuneplanen sin arealdel. Dersom ein ønskjer å opne det omsøkte området for bygningar av den karakteren som kjem fram i søknaden, burde det vore drøfta her. Både storleik og terrenginngrep er av ein slik karakter at regulering burde vere naturleg.

Det er tidlegare frådelt tomter med sikte på naust. Det kjem ikkje fram om dette gjeld alle fire nausta. Formuleringar i søknaden, skisser og grunngiving frå søkar tilseier at dette er eit område som fullt og heilt er tenkt avgrensa og eksklusivt for søkarane. I tillegg er både nausta og båthuset av ein slik storleik og utforming at det sprengjer dei fysiske rammene for det som er naturleg å oppfatte som alminnelege naust i den forstand det er tenkt i plansamanheng. Verknaden for omgivnadene vil bli tilsvarande annleis.

Vi ser rett nok at området ikkje har vesentleg verdi for ålmenta, men eit positivt dispensasjonsvedtak vil gi klare føringar også for andre søknader. Vi kan ikkje tilrå dette.

*Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.*

Med helsing

Ole Helge Haugen
Fylkesplansjef

Johnny Loen
Plansamordnar

Kopi:
Statens vegvesen, Region midt
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her

**Fra:** Johnny Loen [mailto:johnny.loen@mrfylke.no]
**Sendt:** 30. april 2014 11:54
**Til:** postmottak
**Kopi:** Fylkesmannen i Møre og Romsdal; Statens vegvesen Region Midt
**Emne:** Herøy kommune - etablering av 4 naust i rekke, flytedokk, båtopptrekk og marina-anlegg gbnr 26/3 m.fl. - fråsegn ved søknad om dispensasjon frå kommuneplan og pbl §1-8

Fråsegn dispensasjonssak Gbnr 26/3 - Herøy

Møre og Romsdal fylkeskommune
Johnny Loen
Plansamordnar
71 25 82 88

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Reg.nr. 2014/468 Saksbeh. EHLA
30 APR. 2014
Ark kode P
Ark kode S
J nr. Dok nr.
Kassasjon

(3) 14/468 05

Statens vegvesen

HERØY KOMMUNE
RADMANNEN
Reg.nr. 2014/468 Saksbeh. EFH
- 6 MAI 2014
Ark kode P 26/3
Ark kode S
J.nr Dok nr 8
Kassasjon

Herøy kommune
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

| Behandlande eining: | Sakshandsamar/innvalsnr: | Vår referanse: | Dykkar referanse: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| Region midt | Hallvard Sæverud - <tomt> | 2014/040798-002 | 2014/468 | 05.05.2014 |

**Fv 18 - Herøy kommune - Gnr. 26 bnr. 3 , 216 og 217 - Søknad om dispensasjon med sikte på etablering av naust i rekke , flytedokk , båtopptrekk og marinaanlegg - Uttale**

Viser til brev av 31.3.2014 frå Herøy kommune og kopi av e-post av 4.5.2014 frå Leif Gjelseth

Utifrå opplysningane i brevet frå kommunen tek vi i dokumentet her opp til vurdering og uttale søknad om dispensasjon i høve til:
→ kommuneplanen sin arealdel (LNF-område),
→ reguleringsplan Fv 18 Leine-Remøyholmen,
→ veglova § 29 (byggegrense).

**Kommuneplanen**
Statens vegvesen har ingen merknad til at det vert dispensert frå kommuneplanen sin arealdel med sikte på etablering av omsøkte tiltak.

**Reguleringsplanen**
Utifrå opplysningane i e-posten av 4.5.2014 frå Leif Gjelseth forstår vi det slik at omsøkte tiltak ikkje inneber omlegging/flytting av regulert avkøyrsle, men gjeld reguleringa i enden av tilkomstvegen. Statens vegvesen har ikkje merknad til at det vert dispensert frå reguleringsplanen som omsøkt, under føresetnad av at tilkomstvegen med tilhøyrande avkøyrsle frå fylkesvegen får tilfredsstillandande utforming og stigningsforhold i samsvar med gjeldande krav i vegnormalen handbok 017. Og vidare føreset vi at det i tilknyting til avkøyrsla/tilkomstvegen vert opparbeidd snuplass og biloppstillingsplassar utanfor regulert fylkesvegareal, slik ein unngår rygging med bil/motorkøyrety på den offentleg vegen ved inn- og utkøyring i avkøyrsla og parkering på/langs fylkesvegen.

./.


| Postadresse | Telefon: 02030 | Kontoradresse | Fakturaadresse |
|---|---|---|---|
| Statens vegvesen | Telefaks: 71 27 41 01 | Vestre Olsvikveg 13 | Statens vegvesen |
| Region midt | firmapost-midt@vegvesen.no | 6022 ÅLESUND | Landsdekkende regnskap |
| Fylkeshuset | | | |
| 6404 Molde | Org.nr: 971032081 | | 9815 Vadsø |
| | | | Telefon: 78 94 15 50 |
| | | | Telefaks: 78 95 33 52 |

**Veglova - byggegrense**
Vi har her og no ikkje innvendingar til plassering av omsøkte naustbygg i ein minsteavstand på 15 m frå regulert midtlinje på fylkesvegen, men sjølve dispensasjonen frå gjeldande byggegrense vert av Statens vegvesen å ta opp til endeleg avgjerd og vedtak på grunnlag på konkret søknad.

Plan og trafikkseksjonen
Med helsing

for Gitte Beiermann
Ole Jan Tønnesen
seksjonsleiar

Hallvard Sæverud

Kopi: Fylkeskommunen
Fylkesmannen

HERØY KOMMUNE

06

# NOTAT

Til: Utviklingsavdelinga

Frå: Søre Sunnmøre landbrukskontor

| Saksnr | Arkivkode | Dato |
|---|---|---|
| 2014/468 | 26/3 | 02.05.2014 |

## LANDBRUKSFAGLEG UTTALE TIL SØKNAD FRÅ ALEKSANDER LEINE M.FL GNR 26 BNR 3, 216 OG 217 OM ETABELERING AV NAUST

Arealet som er søkt omdisponert etter jordlova § 9 ligg i LNF-området og er klassifisert som fulldyrka jord. Sjå vedlagd utsnitt av gardskart.

Vurderingsgrunnlag i saka:
Søknaden er vurdert etter § 9 i Jordlova; bruk av dyrka og dyrkbar jord.
"Dyrka jord må ikkje brukast til føremål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon. Dyrkbar jord må ikkje disponerast slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida. Departementet kan i særlege høve gi dispensasjon dersom det etter ei samla vurdering av tilhøva finn at jordbruksinteressene bør vika. Ved avgjer skal det mellom anna takast omsyn til godkjende planar etter plan- og bygningslova, drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området, kulturlandskapet og det samfunnsgagnet ei omdisponering vil gi…."

Vurdering og konklusjon:
Omsøkt tiltak krev omdisponering av 0,5 dekar fulldyrka jord. Arealet er ikkje del av aktiv landbruksdrift i dag og ligg inneklemt mellom hovudvegen og nausttomter. I landbrukssamanheng er dette eit marginalt areal. Med heimel i Jordlova §9 meiner vi arealet kan omdisponerast til utbygging av naustområde.

Med helsing

Anne Kathrine Løberg

ei båtlengd føre

Adr: Pb. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf: 700 81 300 Fax: 700 81 301 Bank: 8647.11.04800 Org.nr 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

HERØY KOMMUNE

07

# NOTAT

Til: Utviklingsavdelinga

Frå: Anlegg- og driftsavdelinga

| Saksnr | Arkivkode | Dato |
| --- | --- | --- |
| 2014/468 | 26/3 | 05.05.2014 |

## ALEKSANDER LEINE M. FL. - GNR. 26, BNR. 3, 216 OG 217 - SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ AREALFØREMÅL I KOMMUNEPLANEN OG FRÅ PBL. § 1-8 MED SIKTE PÅ ETABLERING AV NAUST I REKKE, FLYTENAUST, BÅTOPPTREKK OG MARINAANLEGG. UTTALE.

Tiltakshavarane søkjer om dispensasjon for etablering av naust i rekke, flytenaust, båtopptrekk og marinaanlegg på staden. Det er tenkt oppført 4 stk. naust i rekke, flytenaust, båtopptrekk og marinaanlegg med tilhøyrande parkering.

Vassforsyning:
Vassforsyninga i området er privat. Søknad om tilkopling mv. må rettast til vedkomande leverandør/vasslag.

Avløp:
M.o.t. avløp må det fremjast søknad til kommunen om sanitærabonnement.

Tilkomst/avkøyrsle:
Eigedomen har avkøyrsle til fylkesvegen. Søknad om avkøyrselsløyve og evt. dispensasjon frå avstandskravet til veg, må rettast til Statens vegvesen som er rett vegmyndigheit i dette tilfellet.

Hamnelova:
Når det gjeld tilhøvet til tilkomst/tilflott og sjøverts ferdsel i området, ser ein ikkje at det omsøkte tiltaket vil skape særlege vanskar som vil vere i konflikt med regelverket i hamne- og farvannslova.

Med helsing

Jan Reidar Gjerde



26/3, 26/216-217

Skisse
Naust Leine
01.03.14

08


Herøy
Søk etter adresse, sted eller eiendom...
Velg kommune
Beta
Bakgrunnskart
Kart
Flyfoto
Hybrid
Herøy kartlag
Eiendom
Kommuneplan
Kommuneplanforslag
Reguleringsplaner
Reguleringsplan raster
Godkjente Bygg/Tiltak
Kommuneoversikt
Herøy kommunegrense
26/194
26/146
26/178
26/177
26/189
26/220
4m
15m
4m
Slipp
Masse fjernes
Fylling vei/snuplass
Naust



26/112
26/214
26/236
26/179
26/174
26/33
26/60
26/58
26/177
26/176
26/172
26/134
26/190
26/207
26/52
26/146
26/194
26/178
26/189
26/220
26/25
26/210
26/173
26/176
26/30
26/3
26/211
26/217
26/216
26/30
26/31
26/170
HERØY KOMMUNE
26.05.2014 1:1000
Det kan forekomme feil i kartet
N
0 10 20 30 40 m

HERØY KOMMUNE
Fellessekretariatet

09

Per Svenning Leine

6094 LEINØY

| Saksnr | Arkiv | Dykkar ref | Avd /sakshandsamar | Dato |
|---|---|---|---|---|
| 2010/873 | 26/3 | | FEL / BRB | 30.03.2011 |

# F-SAK 99/11. SINDRE LEINE 26/3 - SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLANEN OG FRÅ PBL § 1-8 MED SIKTE PÅ FRÅDELING AV 2 NAUSTTOMTER.

Vedlagt fylgjer F-sak 99/11.

Formannskapet handsama saka i møte 29.03.2011 og gjorde slikt vedtak:

Formannskapet vedtek at det vert gjeve dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen og frå byggeforbodet i 100-metersbeltet, jfr. PBL §§ 19-2 og 1-8, med sikte på frådeling av 2 nausttomter frå gnr. 26 bnr. 3 i Herøy.

Tomtene skal avgrensast mot regulert vegareal i reguleringsplanen for FV 18 Leine – Remøyholmen og det er elles eit vilkår at framtidige naust på tomtene skal innordne seg det avgrensa arealet når det gjeld volum og terrengtilpassing og at tomtene skal sikrast naudsynt areal til tilkomst og snuplass på den resterande del av gnr. 26 bnr. 3 nedanfor fylkesvegen.

Som grunngjeving vert det vist til at den aktuelle strandlina mellom sjøen og fylkesvegen på fleire strekningar har eit etablert naustmiljø som det vil vere naturleg å utvikle vidare/fortette når naudsynte praktiske, terrengmessige og estetiske omsyn er ivaretekne. Det vert vidare vist til at tiltaket heller ikkje skulle ha eit slikt omfang at det vil innebere nokon risiko for alvorleg eller irreversibel skade på naturmangfaldet, jfr. naturmangfaldslova §§ 8-12.



Postadr.: P.b. 274 6099 FOSNAVÅG Gateadr.: Rådhusgata 5 6090 Fosnavåg Tlf.: 70 08 13 00 Fax: 70 08 13 01 Bank: 6566.05.01376 Org.nr.: 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

*Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 –tre- veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr. Plan- og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.*

Med helsing

Brit Berge
e.f.

Kopi:

| | | | |
|---|---|---|---|
| Fylkesmannen i Møre og Romsdal | Fylkeshuset | 6404 | MOLDE |
| Møre og Romsdal fylkeskommune | Fylkeshuset | 6404 | MOLDE |
| Statens vegvesen | Fylkeshuset | 6404 | MOLDE |
| Søre Sunnmøre landbrukskontor | | 6080 | GURSKØY |
| Maritimt utval/hamnestyret | her | | |
| Anlegg- og driftsavdelinga | her | | |

**HERØY KOMMUNE**
**Utviklingsavdelinga**

# SAKSPROTOKOLL

-

| Sakshandsamar: | HR | Arkivsaknr: | 2010/873 |
|---|---|---|---|
| | | Arkiv: | 26/3 |

| **Utvalsaksnr** | **Utval** | **Møtedato** |
|---|---|---|
| 99/11 | Formannskapet | 29.03.2011 |

## SINDRE LEINE 26/3 - SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLANEN OG FRÅ PBL § 1-8 MED SIKTE PÅ FRÅDELING AV 2 NAUSTTOMTER.

**Tilråding:**
**Formannskapet vedtek at det vert gjeve dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen og frå byggeforbodet i 100-metersbeltet, jfr. PBL §§ 19-2 og 1-8, med sikte på frådeling av 2 nausttomter frå gnr. 26 bnr. 3 i Herøy.**

**Tomtene skal avgrensast mot regulert vegareal i reguleringsplanen for FV 18 Leine – Remøyholmen og det er elles eit vilkår at framtidige naust på tomtene skal innordne seg det avgrensa arealet når det gjeld volum og terrengtilpassing og at tomtene skal sikrast naudsynt areal til tilkomst og snuplass på den resterande del av gnr. 26 bnr. 3 nedanfor fylkesvegen.**

**Som grunngjeving vert det vist til at den aktuelle strandlina mellom sjøen og fylkesvegen på fleire strekningar har eit etablert naustmiljø som det vil vere naturleg å utvikle vidare/fortette når naudsynte praktiske, terrengmessige og estetiske omsyn er ivaretekne. Det vert vidare vist til at tiltaket heller ikkje skulle ha eit slikt omfang at det vil innebere nokon risiko for alvorleg eller irreversibel skade på naturmangfaldet, jfr. naturmangfaldslova §§ 8-12.**

*Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 –tre- veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr. Plan- og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.*

**Møtebehandling:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**Vedtak i Formannskapet - 29.03.2011**

Formannskapet vedtek at det vert gjeve dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen og frå byggeforbodet i 100-metersbeltet, jfr. PBL §§ 19-2 og 1-8, med sikte på frådeling av 2 nausttomter frå gnr. 26 bnr. 3 i Herøy.

Tomtene skal avgrensast mot regulert vegareal i reguleringsplanen for FV 18 Leine – Remøyholmen og det er elles eit vilkår at framtidige naust på tomtene skal innordne seg det avgrensa arealet når det gjeld volum og terrengtilpassing og at tomtene skal sikrast naudsynt areal til tilkomst og snuplass på den resterande del av gnr. 26 bnr. 3 nedanfor fylkesvegen.

Som grunngjeving vert det vist til at den aktuelle strandlina mellom sjøen og fylkesvegen på fleire strekningar har eit etablert naustmiljø som det vil vere naturleg å utvikle vidare/fortette når naudsynte praktiske, terrengmessige og estetiske omsyn er ivaretekne. Det vert vidare vist til at tiltaket heller ikkje skulle ha eit slikt omfang at det vil innebere nokon risiko for alvorleg eller irreversibel skade på naturmangfaldet, jfr. naturmangfaldslova §§ 8-12.

*Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 –tre- veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr. Plan- og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.*

Særutskrift:
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde
Møre og Romsdal Fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Statens Vegvesen Region Midt, Fylkeshuset, 6404 Molde
Søre Sunnmøre Landbrukskontor, 6080 Gurskøy
Maritimt utval/hamnestyret, Postboks 274, 6099 Fosnavåg
Herøy kommune, anleggs- og driftsavdelinga, Postboks 274, 6099 Fosnavåg
Per-Svenning Leine, 6094 Leinøy

**Vedlegg:**
**Kopi av dispensasjonssøknad m/vedlegg, innstempla 20.10.2010.**
**Kopi av fullmakt frå Sindre Leine, datert 06.11.2010.**
**Kopi av uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 11.11.2010.**
**Kopi av uttale frå Møre og Romsdal Fylkeskommune, datert 17.02.2011.**
**Kpoi av uttale frå Statens Vegvesen, datert 25.11.2010.**
**Kopi av uttale frå Søre Sunnmøre Landbrukskontor, datert 10.01.2011.**
**Kopi av protokoll/saksutgreiing frå Maritimt utval/hamnestyret, M/H-sak 32/10.**
**Kopi av notat frå Anleggs- og driftsavdelinga, innstempla 18.10.2010.**
**Kopi av brev frå Per-Svenning Leine, datert 14.01.2011.**
**Ortofotoutsnitt i M 1:1000 sin syner omsøkte frådelingar.**
**Utsnitt av reg.plan FV 18 som syner tilrådde frådelingar og område for tilkomst og snuplass.**
**Utsnitt frå kommuneplanen i M 1:30000.**

**Saksopplysningar:**

**BAKGRUNN:**

Sindre Leine har søkt om løyve til frådeling av 2 nausttomter frå gnr. 26 bnr. 3 på Leine. Det er samstundes søkt om dispensasjon frå kommuneplanen og frå byggjeforbodet i 100-metersbeltet med sikte på gjennomføring av tiltaket. Søknaden er motteken/innstempla 20.09.2010. I den praktiske oppfølgjinga knytta til behandlinga av dispensasjonssøknaden har ein hatt kontakt med Per-Svenning Leine som, med brev av 06.11.2010, er gjeven fullmakt til å representere Sindre Leine i saka.

Søknaden m/naudsynte vedlegg vart sendt aktuelle høyringsinstansar med brev av 08.10.2010. Frist for innsending av uttale var sett til 20.11.2011. Uttale frå fylkeskommunen vart seinare etterlyst med brev av 04.02.2011. Aktuelle høyringsuttalar ligg no føre og saka er med det klar for sluttbehandling i formannskapet.

**SØKNADEN OG SØKNADSPROSESSEN:**

Vedlagt dispensasjonssøknaden følgde situasjonsplan med nærare klargjering av det omsøkte tiltaket. Det ligg føre uttale frå følgjande instansar:

- Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- Møre og Romsdal Fylkeskommune
- Statens Vegvesen
- Søre Sunnmøre Landbrukskontor
- Maritimt utval/hamnestyret
- Anleggs- og driftsavdelinga

**Uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal av 11.11.2010**
Fylkesmannen viser til at det alt er naust i det aktuelle området og veg fram til tomtene. På denne bakgrunn har ikkje Fylkesmannen merknader til at det vert gjeve dispensasjon. Det vert imidlertid peika på at det må setjast krav til estetisk utforming av nausta når desse skal byggast og at prinsippa i Naturmangfaldslova §§ 8-12 på vanleg må leggast til grunn ved utøving av offentleg mynde.

**Uttale frå Møre og Romsdal Fylkeskommune av 17.02.2011**
Fylkeskommunen viser til at deler av det omsøkte arealet ligg innanfor reguleringsplanen for FV 18 Leine – Remøyholmen, som er vedteken av kommunestyret, men påklaga.

I følgje fovaltningslova gjeld likevel reguleringsplanen, slik fylkeskommunen ser det, og dersom tiltaket skulle innebere ei vesentleg endring av planen, kan ikkje kommunen behandle saka som dispensasjon. Uannsett meinar fylkeskommunen at det er god forvaltningsskikk å vente med ei evt. dispensasjonsbehandling til klagesaka er avgjort.

**Uttale frå Statens Vegvesen av 25.11.2010**
Statens Vegvesen viser til at deler av det omsøkte arealet er avsett til trafikkformål i reguleringsplanen for FV 18 Leine – Remøyholmen og at ei evt. frådeling uansett må haldast utanom det som er foreslått regulert til vegformål. Eit vedtak om dispensasjon/frådeling som omsøkt vert såleis frårådd frå vegvesenet si side og dei vil også vurdere å påklage eit slik vedtak.

For øvrig viser vegvesenet til at det truleg må søkjast dispensasjon frå veglova i samband med bygging på tomtene då dette området ligg utanfor det regulerte området. Etter vegvesenet si vurdering bør også kommunen be om dokumentasjon på at det er mogleg å etablere nausta med naudsynt tilkomst og snuplass.

**Uttale frå Søre Sunnmøre Landbrukskontor av 10.01.2011**
Etter landbrukskontoret si vurdering vil ikkje frådeling av dei omsøkte nausttomtene ha nemneverdige negative verknader i høve til landbruksinteressene i området. Landbrukskontoret tilrår difor at søknaden vert imøtekomen.

**Uttale frå Maritimt utval/hamnestyret av 13.12.2010**
Maritimt utval/hamnestyret behandla saka i møte den 13.12.2010 og gjorde i denne samanheng slikt vedtak:

**Maritimt utval/hamnestyret har for sin del ingen merknader til søknaden.**

**Uttale frå Anleggs- og driftsavdelinga av 18.10.2010**

Anleggs- og driftsavdelinga har i notat, innstempla 18.10.2010, meddelt at dei ikkje har merknader til dispensasjonssøknaden.

**Vurdering og konklusjon:**

Arealet der nausttomtene er søkt frådelt, inngår i ei smal stripe LNF-område mellom sjøen og den planlagde nye fylkesvegen. Det er frå før ein del naust langs strandlina her og i reguleringsplanen for ny fylkesveg er det lagt til rette for ei opprydding i tilkomstane på denne sida av vegen, men framleis slik at alle bebygde og ubebygde eigedomar er sikra tilkomst. Rådmannen legg såleis i utgangspunktet til grunn at det skal vere mogleg å etablere nye naust i dette området dersom naudsynte praktiske, terrengmessige og estetiske omsyn er ivaretekne.

I høve til uttalen frå Fylkesmannen vil ein peike på at dei omsøkte nausttomtene inngår i eit område som korkje er nyttbart eller interessant for ålmenta og at ein her vil vere nøydd til å innordne seg det tilgjengelege og avgrensa arealet når det gjeld volum på og terrengtilpassing for framtidige naust. Når det elles gjeld forhold som nemnt ovanfor, vil det dessutan kunne setjast vilkår som gir føringar for den seinare byggesaksbehandlinga. Rådmannen kan utover dette ikkje sjå at det skulle vere knytta vesentlege tryggleiks- eller beredskapsmessige konsekvensar til tiltaket og heller ikkje at det skulle ha eit slikt omfang at det skulle innebere nokon risiko for alvorleg eller irreversibel skade på naturmangfaldet, jfr. naturmangfaldslova §§ 8-12.

Når det gjeld uttalen frå fylkeskommunen så kan rådmannen stadfeste at godkjenninga av reguleringsplanen for ny fylkesveg er påklaga og ligg til behandling hos Fylkesmannen. Klagene er framsett av privatpersonar på ein heilt annan del av planområdet/vegen og vert vurdert til ikkje å ha nokon konsekvens for planen i det her aktuelle området. Reguleringsgrensa som skil vegarealet frå det resterande LNF-området kan såleis i dette området vurderast som fast.

Statens Vegvesen har i utgangspunktet ikkje noko å merke til frådelingane dersom dei ikkje omfattar regulert vegareal. Når det elles gjeld dei vilkår vegvesenet stiller med omsyn til tilkomst og snuplass, så har tiltakshavar kommentert dette i brev av 14.01.2011. Her går det fram at ved bruk av nausttomtene så kan resterande del av gnr. 26 bnr. 3 på nedsida av fylkesvegen nyttast til nemnde formål. Når det gjeld spørsmål om byggegrensa frå den nye fylkesvegen og evt. dispensasjonar frå denne, så er dette spørsmål som må avklarast i tilknyting til byggesaksbehandlinga. Rådmannen viser elles til at korkje landbrukskontoret, Maritimt utval/hamnestyret eller Anleggs- og driftsavdelinga har merknader til saka.

Rådmannen vil konkludere med å tilrå at det vert gjeve dispensasjon frå kommuneplanen (PBL § 19-2) og frå byggeforbodet i 100-metersbeltet (PBL § 1-8) med sikte på frådeling av 2 nausttomter, men at desse må avgrensast mot plangrensa for reguleringsplanen for fylkesvegen Leine - Remøyholmen. Det vert samstundes tilrådd å knyte ein del forutsetningar/vilkår til dispensasjonen slik at ein ivaretek nokre av dei omsyna uttaleorgana peikar på.

Fosnavåg, 09.03.2011

Rune Sjurgard

Jarl Martin Møller

Saksbehandlar: Hallvard Rusten

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

# SAKSFRAMLEGG

-

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | AZT | Arkivsaknr: | 2014/102 |
| | | Arkiv: | 60/349 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 68/14 | Maritim og teknisk komite | 17.06.2014 |

## VILLA SMOLT AS 60/349 - SØKNAD OM OPPFØRING AV TAKOVERBYGG OVER OPPDRETTSANLEGG PÅ MOLTUSTRANDA

**Tilråding frå rådmannen:**
1. Maritim og teknisk komite godkjenner med heimel i plan- og bygningslova PBL § 21-4, søknad om løyve til tiltak etter PBL § 20-1.

2. Maritim og teknisk komite gir, med heimel i plan- og bygningslova §§ 21-4 og 20-1, rammeløyve til oppføring av takoverbygg over oppdrettsanlegget på gnr 60 bnr 349 på Moltustranda, på følgjande vilkår:

- Byggjehøgda vert redusert med 1 meter i høve innsendt søknad og teikningar. Maks tillate gesimshøgde vert sett til 7.8 meter og 6.2 meter målt frå kote + 10.0 m.o.h.
- Takoverbygg over oppdrettsanlegg skal ha ein flat konstruksjon.

3. Maritim og teknisk komite gir, med heimel i plan- og bygningslova § 22-3, Villa Smolt AS lokal godkjenning og ansvarsrett for SØK, PRO for oppføring av takoverbygg på gnr 60 bnr 349, slik det er søkt om og vist på vedlagte teikningar.

4. Før byggjearbeidet kan starte må det søkjast om igangsettingsløyve.
Oppdaterte byggjeteikningar skal følgje med søknad om igangsettingsløyve

*Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 –tre- veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr. Plan- og bygningslova § 1-9 og*

*Forvaltningslova §§ 28 og 29.*

## Særutskrift:

| | | |
|---|---|---|
| Villa Smolt AS | 6076 | MOLTUSTRANDA |
| Bård Gjerde | 6076 | MOLTUSTRANDA |
| Noralf Lillestøl | 6076 | MOLTUSTRANDA |
| Solfrid Møller | 6076 | MOLTUSTRANDA |
| Odd Torseth | 6076 | MOLTUSTRANDA |
| Nikolai Wiig | 6076 | MOLTUSTRANDA |
| Salmar Organic AS | 6240 | ØRSKOG |

## Vedlegg:

01 – Søknad om løyve til tiltak med vedlegg
02 - Merknad til nabovarsel
03 - Søkjar sine vurderingar kring merknader
04 - Kartutsnitt kommuneplanens arealdel M 1:1000
05 - Flyfoto over eigedomen M 1:1000
06 - Utsnitt av føresegner frå gjeldande kommuneplan (2004)
07 - Utdrag av støyrettleiar T1442 – anbefalte støyverdiar pkt 3.3.
08 – Kommentar til behov for skissert byggehøgde frå Villa Smolt AS

## Saksopplysningar:

Herøy kommune har motteke søknad om løyve til oppføring av takoverbygg for oppdrettsanlegget til Villa Smolt AS på eigedom gnr 60 bnr 349 m.fl på Moltustranda. Eigedomen ligg i eit område som i kommuneplanens arealdel er avsett til avkvakultur, utan utfyllande føresegner knytt til bruken av formålet. Gjeldande kommuneplan har ikkje føresegner som regulerer byggjehøgde for dette arealformålet og det er soleis plan- og bygningslova (PBL) § 29-4 som avgrensar byggjehøgd for gjennomføring av tiltak på eigedomen. Tiltaket som det her er søkt om er i samsvar med gjeldande plangrunnlag (arealformål) og innanfor reglane om byggjehøgde i plan- og bygningslova § 29-4.

Det omsøkte takoverbygget har ei høgdereferanse til terrengnivå på kote + 10.00 m.o.h, der nye takdelar vil ha ei byggjehøgde på 7.2 meter for seksjonane B til D og 8.9 meter for seksjon I. For seksjon I er takoverbygget planlagt med ei gesimshøgde på 4.1 meter over toppen av innvendige oppdrettskar. I samband med innlevering av søknad har søkjar pr telefon opplyst at utforming av tiltaket er grunngjeve frå søkjar av omsyn til arbeidsforholda på staden og behovet for å kunne stå oppreist under tak for gjennomføring av arbeidet som oppdrettsanlegget krev.

I samband med nabovarsling av tiltaket har det kome inn merknader frå naboane til oppdrettsanlegget. Desse kan oppsummerast som følgjer:

*«Villa Smolt AS er allereie etablert her og vi er positive til at det vert etablert arbeidsplassar. Bedrifta må få utvikle seg, men vi vil også bu her og ha eit godt bumiljø utan store ulemper p.g.a dette. Omsøkte bygging av hall over resirkuleringsanlegg med den høgde det er søkt om, betyr for oss ei forringing av både bumiljø og verdi av eigdomane. Dette kan vi ikkje akseptere.*

*Ved påteikning av tidligare nabovarsel til bygging av resirkuleringsanlegget, vart det gitt lovnad om at bygget ikkje skulle verte høgare enn eksisterande bygg. Dette viser seg no ikkje å vere tilfelle.Vi krev at denne lovnaden vert halden.*

*Vi vil nemne dei to største ulempene for oss som er støy og at bygga vert så høge at vi misser all utsikt. 2 av eigedomane får større ulempe av det enn dei 2 andre. Det vert som å bu på eit industriområde og det kan vi ikkje godta.*

*Vår konklusjon er at der ikkje må kome meir høgde enn eksisterande på resirkulerings-anlegget. Dersom dette skjer vil det vere svært negativt for bumiljøet og for verdien av eigedomane våre som allereie har vorte forringa. Vi ser oss då tvinga til å kome med erstatningskrav for verdiforringelsen».*

Som ein del av førebuing av saka til politisk behandling har administrasjonen bedt søkjar Villa Smolt AS kommentere dei momenta som naboane kjem med i sine merknader. Søkjar sine kommentarar kan oppsummerast til følgjande:

*«Klage fra naboer vedrørende støy mottatt 22.03.2014 .*
*Det har blitt utført utbedringer i forhold til støy, viser til «Rapport etter støymålinger»(vedlegg 1) som redegjør for både før og etter støyutbedringer ble gjennomført.*

*Viser til «Tilsvar nabovarsel».*
*Angående tilsvar på nabovarsel mottatt 22.03.2014 vurderer Villa Smolt A/S det slik at plan om utbygging er i tråd med plan- og bygningsloven § 29 — 4 som vist i tidligere tilsendte tegninger.*

*Klage fra Nicolai Wiik vedrørende kloakklukt.*
*Villa Smolt A/S stiller seg uforstående til kloakklukt fra anlegget.»*

Rådmannen la fram sak for Maritim og teknisk komite i møte av 29.04.2014. Det vart halde synfaring på Villa Smolt AS sitt anlegg på Moltustranda. I etterkant av synfaringa valte Maritim og teknisk komite å utsetje behandling av saka. Maritim og teknisk komite bad søkjar om å redusere mønehøgda så mykje som praktisk mogleg.

Villa Smolt AS har i brev, datert 19.05.2014, kome med ei skriftleg vurdering kring reduksjon av mønehøgde for sine byggjeplanar. Desse vurderingane går fram av vedlagt brev.

**Vurdering og konklusjon:**

Rådmannen viser til at eigedomen som det her gjeld er avsett til område akvakultur i gjeldande arealdel av kommuneplanen, utan krav til at skal gjennomførast reguleringsplan for området. I den overordna kommuneplanen har ikkje arealformålet «akvakultur» føresegner som regulerer særskilt byggjehøgde for oppføring av bygningar og anlegg på eigedomen. Det er soleis reglane om maksimal byggjehøgde i plan- og bygningslova (PBL) som er gjeldande. Her fastsett plan- og bygningslova reglar for maksimal mønehøgd på 9 meter og gesimshøgde på 8 meter.

Tiltaket som det blir søkt om er innanfor føresegna i plan- og bygningslova § 29-4 og kommunen har soleis ikkje noko rettsleg heimelsgrunnlag for å nekte Villa Smolt AS å gjennomføre eit byggetiltak i tråd med kommuneplan og reglane i plan- og bygningslova.

Når det gjeld dei innkomne merknadane frå naboane i denne saka, så viser rådmannen til at ein meiner at søkjar Villa Smolt AS på ein sakleg og dekkjande måte har kommentert og gjort greie for kva som ligg bak dei løysingane som er valt knytt til høgde og utforming av den skisserte løysinga. Søkjar har også gjort greie for dei momenta som naboane har påpeika knytt til påstandar om støy frå anlegget, og lagt fram rapport med målingar før og etter gjennomført støydempande tiltak. Støyverdiane frå anlegget er no innanfor det anbefalte som er anbefalt for slik type verksemd, jfr. vedlegg 7 med tabell i pkt 3.3. Verksemda har i brev, datert 19.05.2014, kome med ei rekkje moment som underbyggjer verksemda sitt behov for oppføring av tak over anlegget og ei grunngjeving for kvifor dei er avhengig av den omsøkte mønehøgda.

Rådmannen har ingen problem med å forstå dei argumenta som naboane kjem med i denne saka knytt til utsikt, og legg delvis vekt på dette i tilrådinga. Samstundes er det også lagt vekt på verksemda sitt behov for bygging av nytt tak over etablert oppdrettsanlegg.

I vurderingane kring byggjehøgde i denne saka, legg rådmannen vekt på det behovet som føretaket har for å oppnå funksjonelle løysingar kring arbeidsforholda på staden, den daglege drifta av anlegget og vidare moglegheiter for å utvikle anlegget. Ein legg også vekt på at naboane har kome med merknader i saka og at Maritim og teknisk komite har vore på synfaring i området og i etterkant bede verksemda om ei vurdering kring redusert byggjehøgde.

Rådmannen vil understreke at vilkår om redusert byggjehøgde er grunngjeve ut i frå ei heilskapleg vurdering, der omsyn til takkonstruksjonen og bygningskroppen si samla visuelle framtoning i høve omgjevnadane er avgjerande. Etter rådmannen si vurdering vil ein reduksjon i byggjehøgda på 1 meter og val av anna type takkonstruksjon (flatt tak) ikkje medføre særskilte ulemper for verksemda, samstundes som ei slik løysing minskar ulempene for naboane i høve sjøutsikt.

Rådmannen legg også vekt på at føretaket tidlegare har gjennomført ei opprydding på eigedomen og at det er gjennomført målingar og tiltak i høve støy frå anlegget. Etter det rådmannen kan sjå, er akvakultur ei svært teknologiretta næring som er avhengig av at ei rekkje forhold er oppfylt for å kunne gjennomføre produksjon av smolt. Det vil, etter rådmannen si vurdering, underbyggje verksemda sitt behov for bygging av tak over oppdrettsanlegget på Moltustranda.

For naboane til oppdrettsanlegget må desse akseptere at anlegget, under nærare vilkår,  får gjennomføre eit tiltak i tråd med overordna kommuneplan og bygging etter reglane i plan- og bygningslova. Ein legg vekt på at naboane, også etter godkjenning av dette tiltaket på vilkår, framleis vil få delvis utsikt over strandlina frå sine eigedomar. Rådmannen vil understreke at naboane i slike saker ikkje kan seiast å ha grunnlag for å gjere «gjere krav på» å ha fri utsikt for ei heil strandsone slik dette området er regulert i kommuneplanen. Naboane må soleis tole at det vil skje byggjeaktivitet på eit områda som er avsett til avkvakultur i kommuneplanen, samstundes som Villa Smolt AS må ta omsyn til sine omgjevnadar ved planlegging og utvikling av oppdrettsanlegget.

Konsekvensar for folkehelse:
**Ingen**
Konsekvensar for beredskap:
**Ingen**
Konsekvensar for drift:
**Ingen**

Fosnavåg, 27.05.2014

| | |
|---|---|
| Erlend Krumsvik<br>Rådmann | Jarl Martin Møller<br>Avd.leiar |

Sakshandsamar: Aleksander Zahl Tarberg




Description

# Arealplan V5.2 - Utvidelse
# Villa Smolt AS
# Moltustranda

| Referense | Designed by: HL | Date: 23.01.2014 |
|---|---|---|
| Customer: Villa Smolt AS | Checked by | Date |
| Project name | Approved by | Date |
| Order no | File Name | |

General tolerances: Linear and angular dimensions without individual tolerance indication: ISO 2768-1m

| Proj.-1st angle | Scale | Size | Sheet |
|---|---|---|---|
| | 1:500 | A3 | |

Drawing Number: 200-1018

Revision: A

LIASKAR ENGINEERING AS

This print/drawing and all the information hereon is our property and must not be disclosed to any third party, copied or used in any way without our written consent. The drawing is subjected to copyright and protected under applicable trade secrets acts. This also applies for drawings and information made for our customers. LIASKAR ENGINEERING AS







**Note**
Denne tegningen må sees på som en prinsippskisse på hvordan et eventuelt bygg må utformes.
Det er viktig at søyler og fagverk ikke plasseres midt over karene, dette gir dårlig plass utnyttelse rundt karene.
Målene på høyder fremkommer av ønsket om å ha ca 2m høyde over betongen ute ved kanten på resirkuleringsdelen (eksisterende betong konstruksjon)
Målene og dimensjoner på denne tegningen må derfor sees på som retningsgivende i forhold til byggetsstørrelse
Det ser også ut til at en fornuftig c/c mellom fagverkene vil være 4250mm.

| | | |
|---|---|---|
| Description: Oppstillingstegning - prinsipp Resirkuleringsanlegg med kar og overbygg | Customer: Villa Smolt AS | Date: 23.01.2014 |
| | File name: B000A001-100 | Scale: 1:200 · Size: A3 · Sheet: 1/1 |
| LIASKAR ENGINEERING AS | Drawing Number: VS-0010 | Revision: E |




**Note**
Denne tegningen må sees på som en prinsippskisse
på hvordan et eventuelt bygg må utformes.
Det er viktig at søyler og fagverk ikke plasseres midt over karene, dette gir dårlig plass utnyttelse rundt karene.
Målene på høyder fremkommer av ønsket om å ha ca 2m høyde over betongen ute ved kanten på resirkuleringsdelen (eksisterende betong konstruksjon)
Målene og dimensjoner på denne tegningen må derfor sees på som retningsgivende i forhold til byggetsstørrelse
Det ser også ut til at en fornuftig c/c mellom fagverkene vil være 4250mm.

Oppstillingstegning - prinsipp
Resirkuleringsanlegg
med kar og overbygg

Villa Smolt AS

HLI 21.01.2014

LIASKAR
ENGINEERING AS

1:500 | A2 | 1/1

VS-0010 | E

# Nabovarsel

**sendast naboar og tverrbuarar som vert rørte**

plan- og bygningsloven av 27. juni 2008 nr. 71 § 21-3

DIREKTORATET FOR BYGGKVALITET

Til (nabo/ tverrbuar)
Harald Peder Lillestøl
6093 Gjerdsvika.

**Som eigar/festar av:**

| Gnr. | Bnr. | Festenr. | Seksjonsnr. |
|---|---|---|---|
| 60 | 18 | | |

Eigedomens adresse: 6076 Moltustranda

**Tiltak på eigedomen:**

| Gnr. | Bnr. | Festenr. | Seksjonsnr. |
|---|---|---|---|
| 60 | 349 | | |

Eigedomens adresse:

Postnr. 6076 Poststad Moltustranda

Kommune 1515 - Herøy

Forskrift om miljørettet helsevern http://www.lovdata.no/cgi-wift/ldles?doc=/sf/sf/sf-19951201-0928.html#21 § 21

Herøy Kommune
Utviklingsavdelingen
Postboks 274
6099 Fosnavåg

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Reg.nr. 2014/102 Saksbeh. AZI
10 APR. 2014
Ark.kode P 60/349
Ark.kode S
J.nr. Dok.nr. 7
Kassasjon

Moltustranda 09.04.2014

**Viser til brev «Villa Smolt AS 60/349 – Behov for meir utfyllande opplysningar om tiltaket» med saksnr 2014/102.**

**Klage fra naboer vedrørende støy mottatt 22.03.2014 .**
Det har blitt utført utbedringer i forhold til støy, viser til «Rapport etter støymålinger»(vedlegg 1) som redegjør for både før og etter støyutbedringer ble gjennomført.

**Viser til «Tilsvar nabovarsel».**
Angående tilsvar på nabovarsel mottatt 22.03.2014 vurderer Villa Smolt A/S det slik at plan om utbygging er i tråd med plan- og bygningsloven § 29 – 4 som vist i tidligere tilsendte tegninger.

**Klage fra Nicolai Wiik vedrørende kloakklukt.**
Villa Smolt A/S stiller seg uforstående til kloakklukt fra anlegget.

Helsing

Lennart Lillestøl
Lennart Lillestøl
Villa Smolt A/S

# TEKSTDEL

## GENERELT

**Arealdelen av kommuneplanen er juridisk bindande og skal leggast til grunn ved planlegging og handsaming av enkeltsaker i kommunen. I arealdelen inngår oversiktskartet i målestokk 1:30.000 og kommunedelplan for Bergsøy i målestokk 1:10.000.**

**Rettsleg bindande bestemmelsar knytta til planen med heimel i plan- og bygningslova § 20-4 er utheva med ramme.**

## § 20-4 nr. 1 BYGGJEOMRÅDE

Innanfor desse områda kan arbeid og tiltak som er nemnt i lovas §§ 84, 86a, 86b og 93 og frådeling til slike tiltak finne stad i samsvar med følgjande føresegner (i rammer):

**Krav til regulerings- eller bebyggelsesplan (Pbl. § 20-4, b):**
Innanfor areal merka RP (reguleringsplan) på plankartet og innafor strandsona frå sjøen, kan tiltak som nemnd i Pbl. §§ 84 og 93 og frådeling til slike formål ikkje finne stad før arealet inngår i reguleringsplan. Det er unntak for plankrav i naustområde. (Med strandsone er det meint 100-meter belte jfr. Pbl. § 17-2 andre ledd eller areal mellom offentleg veg og strandkant).

Innanfor areal merka BP (Bebyggelsesplan) på plankartet, innanfor areal avsett til næringsverksemd eller offentleg bygningar og anlegg og eigedomar større enn 3 dekar innafor areal avsett til byggeområde for bustader, kan tiltak som nemnd i Pbl. §§ 84 og 93 og frådeling til slike formål ikkje finne stad før arealet inngår i bebyggelsesplan.

Alle søknader om frådeling i uregulerte byggjeområde skal sendast kulturavdelinga i Fylkeskommunen til uttale.

**(*)** Kulturminne på Berge, gnr. 29/9, som ligg innanfor avsett bustadområde, skal særleg takast omsyn til i ein reguleringsplanprosess. Kulturavdelinga krev sikring i form av regulering til spesialområde vern. Storleiken på dette spesialområdet vil verte klarlagt under reguleringa, men ein må rekne med min. ca 50 m frå fornminna sin ytterkant.

**Krav til etablering av teknisk anlegg (Pbl. § 20-4, b):**
I områder som er sett av til utbyggingsføremål kan utbygging ikkje finne stad før godkjente tekniske anlegg (køyreveg, gang- og sykkelveg, vassforsyning og avløp) er etablert. I område som vert omfatta av kloakkrammeplan for Herøy, skal tiltaka som følgje av denne planen, vere gjennomført før utbygging finn stad.

For byggeområda Leikongrysta-Nykrem, Djupvik, Dragsund/Makrellvågen og Kobbeneset må det i samråd med vegmyndigheitene etablerast tilfredstillande kryssmoglegheiter for mjuke trafikanter før utbygging finn stad.

For byggeområda på Notøy, Sandvika, Moltu-Rabben må det etableres gang- og sykkelveg langs riks- eller fylkesveg før utbygging.

**Krav til bygningers plassering, storleik og utforming (Pbl. § 20-4, b):**
Innanfor områder avsett til bustadområder kan bygninger oppførast med inntil 2 etasjer.

Garasje og buder kan berre oppførast i 1 høgd og grunnflata må ikkje overstige 50 m2, og dei skal vere tilpassa bustadhuset med omsyn til form og materialval. Garasjer og buder kan plasserast med ein vegg i nabogrense innafor ramma av byggjeforskriftene.

**Areal- og funksjonskrav til leikeareal og andre uteopphaldsplasser og krav til ferdigstilling (Pbl. §20-4, d):**
I nærområdet til bustadane skal det finnast areal for eit allsidig leiketilbod med moglegheiter for balleik, sykling og aking. Eit areal på minst 1,5 dekar skal ligge maks 250 m frå bustadane i tett bebyggelse. Arealet kan delast i mindre einingar, men ingen einingar skal vere mindre enn 0,5 dekar.

Tilkomstvegane i bustadområde skal også gi moglegheit for leik og opphald for barn og vaksne på stader der støynivået ikkje overstig 55 dB(A). Det skal vere mogleg med allsidig aktivitet for aldersgruppa 1-7 år.

Bustadfelt skal opparbeidast ferdig med leikeareal, gang- og sykkelstiar og gatelys seinast når halve feltet er utbygd.

Dei naturgitte og best velegna områda i bustadfelta skal prioriterast til barn sine leike- og opphaldsmoglegheiter. Omkostningar til opparbeiding av gang- og sykkelstiar, gatelys og leike- og opphaldsareal for barn skal takast med i feltomkostningane.

**Krav ved inngrep i sjøen**
Før det vert gjort inngrep i sjøbotnen, skal saka eller tiltaket leggast fram for Bergens sjøfartsmuseum som vedkomande mynde etter forskrift til Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner, § 14. Bergens sjøfartsmuseum kan krevje å undersøke om det kan vere skipsfunn eller marine kulturminner i tiltaksområda. Etter kulturminnelova sine §§ 9 og 10 har tiltakshavar undersøkingsplikt, samt plikt til å dekke utgiftene til undersøkinga. Særlege marinarkeologiske satsingsområde i Herøy er Runde, Flåvær og skorpa.

Dei statleg utbygde fiskerihamnene skal fortrinnsvis nyttast til fiskerirelatert næringsverksemd. Søknader om tiltak i uregulerte fiskerihamneområde skal sendast kystverket til høyring i samsvar med Pbl § 9. Søknader skal handsamast etter hamne- og farvasslova sin § 8 andre ledd.

* For byggeområder som vert omfatta av regulerings- eller bebyggelsesplan gjeld kommunen sine vedtekter til plan- og bygningslova §69 nr. 3 i tillegg til desse føresegnene.
* I område der det er vurdert å vere vegtrafikkstøy skal reguleringsplanen omtale tiltak for å overhalde støykrava. Byggjeområda langs riksvegen på Bergsøya er særleg utsett.
* Bygninger si plassering, høgd og utforming elles skal følgje føresegnene i Pbl. og kommunen sine vedtekter til same lov.
* Bygninger si endelege plassering på tomta vert fastsett av det faste utvalet for plansaker.
* Bygninger skal tilpassast kringliggjande eksisterande bygninger med omsyn til takform, takvinkel, etasjetal og bygningsform elles.
* Byggeavstand frå veg følgjer veglova sine avstandskrav.
* Det skal anleggast biloppstillingsplasser i tråd med Statens vegvesen sine retningsliner i vegnormal 017.
* Manøvreringsplass, laste- og losseplass skal ordnast på eigen grunn eller fellesanlegg for fleire eigedomar.
* Industriområdet på Vågsholmen skal kunne vurderast nærare i samband med ei eventuell seinare utarbeidd stadanalyse for Fosnavåg sentrum.


60/435
60/426
60/18
60/349
60/29
60/108
60/372
60/254
60/266
61/3
60/47
60/182
60/337
60/336
60/383
60/367
60/257
60/372
61/5
60/208
HERØY KOMMUNE
10.04.2014 1:1000
Det kan forekomme feil i kartet
N
0 10 20 30 40 m



Akv
60/435
60/426
60/18
60/349
60/108
60/372
60/254
60/266
61/3
60/182
60/47
61/5
60/29
60/367
60/383
60/337
60/336
60/257
60/372
60/208
HERØY KOMMUNE
10.04.2014 1:1000
Det kan forekomme feil i kartet
0 10 20 30 40 m

## 3.3 Anbefalte støygrenser ved planlegging av ny virksomhet eller bebyggelse

Retningslinjens tabell 3 med anbefalte støygrenser ved planlegging av ny virksomhet eller bebyggelse er gjengitt under.

**Tabell 3: Anbefalte støygrenser ved planlegging av ny støyende virksomhet og bygging av boliger, sykehus, pleieinstitusjoner, fritidsboliger, skoler og barnehager.**

| Støykilde | Støynivå på uteoppholdsareal og utenfor vinduer til rom med støyfølsom bruksformål | Støynivå utenfor soverom, natt kl. 23 – 07 | Støynivå på uteoppholdsareal og utenfor rom med støyfølsom bruksformål, dag og kveld, kl 7 - 23 | Støynivå på uteoppholdsareal og utenfor rom med støyfølsom bruksformål, lørdager | Støynivå på uteoppholdsareal og utenfor rom med støyfølsom bruksformål, søn-/helligdag |
|---|---|---|---|---|---|
| Vei | $L_{den}$ 55 dB | $L_{5AF}$ 70 dB | - | | |
| Bane | $L_{den}$ 58 dB | $L_{5AF}$ 75 dB | - | | |
| Flyplass | $L_{den}$ 52 dB | $L_{5AS}$ 80 dB | - | | |
| Industri med helkontinuerlig drift | Uten impulslyd: $L_{den}$ 55 dB<br>Med impulslyd: $L_{den}$ 50 dB | $L_{night}$ 45 dB<br>$L_{AFmax}$ 60 dB | | | |
| Øvrig industri | Uten impulslyd:<br>$L_{den}$ 55 dB og $L_{evening}$ 50 dB<br>Med impulslyd:<br>$L_{den}$ 50 dB og $L_{evening}$ 45 dB | $L_{night}$ 45 dB<br>$L_{AFmax}$ 60 dB | - | Uten impulslyd:<br>$L_{den}$ 50 dB<br>Med impulslyd:<br>$L_{den}$ 45 dB | Uten impulslyd:<br>$L_{den}$ 45 dB<br>Med impulslyd:<br>$L_{den}$ 40 dB |
| Havner og terminaler | Uten impulslyd: $L_{den}$ 55 dB<br>Med impulslyd: $L_{den}$ 50 dB | $L_{night}$ 45 dB,<br>$L_{AFmax}$ 60 dB | | | |
| Motorsport | $L_{den}$ 45 dB | Aktivitet bør ikke foregå | $L_{5AF}$ 60 dB | | |
| Skytebaner | $L_{den}$ 30 dB | Aktivitet bør ikke foregå. | $L_{AImax}$ 60 dB | | |
| Vindturbiner | $L_{den}$ 45 dB | - | - | | |
| Nærmiljøanlegg | $L_{AFmax}$ 60 dB | | | | |

Avrundingsregler

Når det skal rundes av til nærmeste hele tall ser vi på første siffer rett etter kommaet.

- er sifferet 0, 1, 2, 3 eller 4 tar vi vekk alle desimalsifrene og beholder det hele tallet slik som det v0ar
- er sifferet 5, 6, 7, 8 eller 9 tar vi vekk alle desimalsifrene og øker det hele tallet med 1

Eksempel; 54,499 = 54, mens 54,511 = 55

### 3.3.1 Kommentarer til grenseverdiene

**Midlingstid for ekvivalentnivåkrav**

Grenseverdiene for ekvivalentnivå i $L_{den}$ og $L_{night}$ gjelder i utgangspunktet som årsmiddelverdi for alle kilder. Unntaket er kategorien "øvrig industri" som på grunn av stor variasjon i driftsmønster skal beregnes som døgnmiddelverdier.

For andre kilder med store variasjoner i aktivitet bør det også benyttes grenseverdier midlet over døgn eller driftstid. Som hovedregel bør ikke støynivået i $L_{den}$ eller $L_{night}$ for et enkelt driftsdøgn overskride anbefalt årsmidlet gjennomsnitt med mer enn 3 dB. Er årsmiddelkravet $L_{den}$ 55 dB, bør med andre ord ikke døgnmiddel overskride $L_{den}$ 58 dB i løpet av et driftsdøgn. Denne begrensning en er lagt inn for å hindre at virksomhet med store variasjoner i aktivitet utnytter friheten i årsmiddelkravet til svært intensiv støyende aktivitet i kortere perioder. Et alternativ til bruk av døgnmiddelkrav eller krav midlet over driftstid, er supplerende krav til maksimalt støynivå på dag og kveld. Som det framgår er dette anbefalt for skytebaner og motorsport. For disse to kildene gjelder derfor ikke regelen om maksimalt ± 3 dB variasjon fra årsmiddelkravet.

Moltustranda, 22.03.2014

GN
HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
2014/102 Saksbeh. AZT
26 MARS 2014
60/349
Dok nr. 4

Villa Smolt AS

6076 MOLTUSTRANDA

TILSVAR NABOVARSEL

Villa Smolt AS er allereie etablert her og vi er positive til at det vert etablert arbeidsplassar. Bedrifta må få utvikle seg, men vi vil også bu her og ha eit godt bumiljø utan store ulemper p.g.a dette. Omsøkte bygging av hall over resirkuleringsanlegg med den høgde det er søkt om, betyr for oss ei forringing av både bumiljø og verdi av eigdomane. Dette kan vi ikkje akseptere.

Ved påteikning av tidligare nabovarsel til bygging av resirkuleringsanlegget, vart det gitt lovnad om at bygget ikkje skulle verte høgare enn eksisterande bygg. Dette viser seg no ikkje å vere tilfelle. Vi krev at denne lovnaden vert halden.

Vi vil nemne dei to største ulempene for oss som er støy og at bygga vert så høge at vi misser all utsikt. 2 av eigdomane får større ulempe av det enn dei 2 andre. Det vert som å bu på eit industriområde og det kan vi ikkje godta.

Vår konklusjon er at der ikkje må kome meir høgde enn eksisterande på resirkuleringsanlegget. Dersom dette skjer vil det vere svært negativt for bumiljøet og for verdien av eigedomane våre som allereie har vorte forringa. Vi ser oss då tvinga til å kome med erstatningskrav for verdiforringelsen.

Med helsing

Odd Thorseth
Odd Thorseth
Gnr 60 bnr 182

Noralf Lillestøl
Noralf Lillestøl
Gnr 60 bnr 266
Gnr 60 bnr 18

Bård Gjerde
Bård Gjerde
Gnr 61 bnr 3

Solfrid Møller
Solfrid Møller
Gnr 60 bnr 254

Kopi: Herøy kommune, Utviklingsavdelinga, 6090 Fosnavåg

(E) 14/102

Herøy Kommune
Utviklingsavdelingen
Postboks 274
6099 Fosnavåg

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Reg.nr. 2014/102 | Saksbeh. AZT
22 MAI 2014
Ark.kode P
Ark.kode S
J.nr. | Dok.nr.
Kassasjon

Moltustranda 19.05.2014

## Viser til brev «Villa Smolt AS 60/349 – Vidare behandling av dykkar bygge søknad»

**Skriftlig vurdering kring vurdering om redusert mønehøgde**
Det er flere og tungt veiende årsaker til omsøkt mønehøgde. Nedenfor er en opplisting med begrunnelse.

***HMS***
For at de ansatte skal kunne stå oppreist er minimums valget 7.2m som gir 2meter innvendig i ytterkant av hall, jfr Arbeidsmiljø lovgivning.
Viser til vedlagt tegning av hall som viser hvor vi trenger arbeidshøyde.

***Lysstyring***
En hall vil gi enklere og tryggere lysstyring. Vi bruker lysstyring i produksjon av smolt og det meget viktig at fisken er godt smoltifisert og synkron. Å smoltifisere en fisk med dagens teknologier er kun mulig med lys.En hall gir stabile forhold og lite lysstøy til omgivelsene (naboer).

***Temperaturstyring***
Slik som anlegget står i dag, blir mye av varme frigjort via karvegger, vannspeil og resirkuleringsanlegget. Noe som gjør at vi taper mye energi. Som igjen leder til at vi bruker ekstra strøm og økte kostander. Dette gjør at vår konkurransekraft mht til produksjonspris blir høyere enn ønsket.

***Lukt***
Lukt vil bli lukket inn i hall, og plan er å kjøre luft gjennom store kullfilter før det slippes ut av hallen.

***Krav Mattilsyn, smittehygiene***
Fra Mattilsynet er oppdrettsnæringen pålagt å skjerme mtp smittehygiene samt skjerme fisken for predatorer. En hall vil forenkle dette sammenliknet med nett.

***Krav Fiskeridirektorat (rømningsikring)***
Norsk oppdrettsnæring har det siste tiår hatt stort fokus på rømming og rømingsikring. En hall med forhøyet ringmur vil funger som en sekundersikring ved brudd på for eksempel kar, Derav kan vi beholde fisken innenfor området dersom et uhell skulle skje.

***Estetikk***
Vi tror en hall vil gi et mye bedre estetisk inntrykk med tanke på det visuelle for naboer med flere.

***Innenfor kommunal reguleringsplan***
Våre påsøkte høyder er i henhold til gjeldende reguleringsplan og området er regulert som akvakulturområde.

***Videre satsting og drift***
Vi anser hall for å være påkrevd for at SalMar ASA skal kunne satse på smoltproduksjon på Villa Smolt AS. Bedriften sysselsetter i dag 6-7 mann på heltid, en betydelig bedrift for lokalsamfunnet på Moltustranda og dets ringvirkninger.

Med vennlig hilsen
**Villa Smolt AS**

Lennart Lillestøl
(Driftsleder)

Paul-Martin R. Ski
(Produksjonssjef)

2014/102


































**Note**
Denne tegningen må sees på som en prinsippskisse på hvordan et eventuelt bygg må utformes.
Det er viktig at søyler og fagverk ikke plasseres midt over karene, dette gir dårlig plass utnyttelse rundt karene.
Målene på høyder fremkommer av ønsket om å ha ca 2m høyde over betongen ute ved kanten på resirkuleringsdelen (eksisterende betong konstruksjon)
Målene og dimensjoner på denne tegningen må derfor sees på som retningsgivende i forhold til byggetsstørrelse
Det ser også ut til at en fornuftig c/c mellom fagverkene vil være 4250mm.

| | | | |
|---|---|---|---|
| Oppstillingstegning - prinsipp<br>Resirkuleringsanlegg<br>med kar og overbygg | Customer: Villa Smolt AS | | |
| | File name: #006A001-100 | | |
| LIASKAR ENGINEERING AS | Scale: 1:200 | A0 | 1/1 |
| | Drawing Number: VS-0010 | Revision: E | |

HERØY KOMMUNE

Assisterande rådmann

# SAKSFRAMLEGG

-

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | OJK | Arkivsaknr: | 2012/381 |
| | | Arkiv: | 210 |

| **Utvalsaksnr** | **Utval** | **Møtedato** |
|---|---|---|
| 87/14 | Formannskapet | 10.06.2014 |
| 24/14 | Komite for Helse og omsorg | 12.06.2014 |
| | Komite for næring, kultur og idrett | |
| 69/14 | Maritim og teknisk komite | 17.06.2014 |
| 76/14 | Kommunestyret | 19.06.2014 |

**TERTIALRAPPORT PER 01.05.2014.**

**Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

**Tilråding i Formannskapet - 10.06.2014**

Saka vert tatt til vitande.

**<u>Tilråding frå rådmannen:</u>**

Saka vert tatt til vitande.

Særutskrift:

- Rådmannen si leiargruppe
- Revisjonen

## Vedlegg:

**Vedlegg:**
- Planoversikt

**Saksopplysningar:**
I K-sak 53/02 vart det vedteke reglement for rapportering av løpande drift og prosjekt. Etter dette skal det rapporterast kvart tertial på sjukefråvær, teneste, vedtak og prosjekt.

**Sjukefråvær**
Kommunestyret har i K-sak 17/03 vedteke:
*"Herøy kommune teiknar samarbeidsavtale med trygdeetaten for eit meir inkluderande arbeidsliv. Samarbeidsavtalen skal gjelde frå 1 april 2003."* Eit av føremåla med samarbeidsavtalen er å få ned sjukefråværet. For å følgje med utviklinga i sjukefråværet skal det rapporterast for dette kvart tertial.
IA- avtalen vart resignert i desember 2010. Partane er NAV Arbeidslivssenter, arbeidstakarorganisasjonane ved Fagforbundet lokalt og arbeidsgjevar ved rådmannen. Ny avtale gjeld til 31.12.2013.

**Vedtaksrapportering**
Vedtaksrapportering omfattar oppfølging av vedtak fatta i politiske organ. På denne måten skal formannskapet og kommunestyret kvart tertial få ei oppdatering på kor langt ein har kome i oppfølginga.

**Tenesterapportering**
Denne rapportering omfattar **avvik** i kommunen si oppfølging av innbyggarane sine rettar etter lovverk, lokale vedtekter, retningsliner og vedtak. Avviket kan vere registrert i form av avviksrapportar frå medarbeidarar, rapport frå tilsynsorgan, revisjonsrapportar eller som klage frå innbyggarane.

**Prosjektrapportering**
Det er utarbeidd prosedyrar for planlegging og gjennomføring av anlegg og byggeprosjekt frå eit prosjekt vert planlagt, finansiert, lagt ut på tilbod/innhenta tilbod, gjennomført og til det er avslutta (inklusive sluttrekneskap). Status for dei ulike prosjekta skal rapporterast. Når det gjeld rapporteringa elles, har eg merka meg følgjande hovudpunkt:

## Vurderingar:

**Organisasjon**
Sjukefråveret har hatt ei positiv utvikling.

**Vedtak**
Det er arbeidd med oppdatering av vedtaksloggen, men han er likevel ikkje tilfredsstillande oppdatert. Dette bør vere ei prioritert oppgåve ved neste rapportering.

**Teneste**
Anlegg og drift
- Avdelinga har ikkje tilstrekkeleg ressursar til å yte tilfredsstillande tenester på dei ulike områda.
- Avdelinga har ikkje kapasitet til å følgje opp alle bygge- og anleggsprosjekt i budsjettet.

Barnehage
- Kommunen har ikkje tilfredsstillande barnehagedekning i indre delen av kommunen.
- Det er avsett midlar til planlegging av ny barnehage i 2014.

Barn, familie og helse

- Barnevernet opplever at saker vert rapportert  tidlegare, og tilskriv dette mellom anna eit godt tverrfagleg arbeid blant barn og unge.
- Skulehelsetenesta satsar på eit enda meir aktivt arbeid med ungdomsgruppa.
- Innan psykisk helsevern er det særskilt fokus på unge brukarar.
- Samhandlingsreformen har tildels skapt ufordringar i forhold til pasientar med større behov for helsehjelp. Stor pågang på opptrening etter sjukehusopphald og lange ventelister for mange pasientgrupper hos fysioterapeutane er fortsatt utfordrande.
- Ø-hjelp døgntilbodet vart starta opp midt i september.Det har vore relativt få pasientar innlagt så langt.
- Legesituasjonen ved Herøy legesenter har vore utfordrande med mange vikarar.

Eigedom

Ikkje noko rapportert.

NAV Herøy

- Stillinga som Bustadkonsulent og oppgåver knytt til Startlån er overført frå NAV til Eigedomsavdelinga.

Bu og habilitering

- Bu og habiliteringsavdeling opplever ein auke i brukarar innan autismespekterforstyrringar og anna problematikk som trafikkskada og barn som har vore utsett for omsorgsvikt.
- Fleire brukarar, særskilt *med autismespekterdiagnosar kjem no frå vidaregåande skule og over i vaksenlivet*. Vi ser at desse fell utanfor arbeidslivet med dei tiltak som er mogleg gjennom NAV-systemet. Herøy kommune har per i dag ikkje fysiske fasilitetar til å utvikle ei breiare aktivitetstilbod for ei slik målgruppe. Ein prosess for å utvikle dagtilbodet for betre å kunne legge til rette for ulike behov er satt i verk av rådmannen.
- Vi har ikkje fysiske fasilitetar til dei brukarane som er multifunksjonshandicappa, og er i kommunal regi på dagtid. Per i dag nyttar vi avlastinga på dagtid, men det er trangt og ikkje hensiktsmessig når andre brukarar er inne på avlasting. I bygging av nytt dagtilbod vert det essensielt å skape ein god kvardag også til dei som treng mest hjelp.

Kultur

- Kulturavdelinga nyttar aukande mengde ressursar i planlegging, utforming og innhald knytt til Fosnavåg kulturhus og kino. Dette har konskvensar for den daglege drifta ved kulturhuset.

Pleie og omsorg

- Avdelinga tek tilbake utskrivingsklare pasientar fortløpande, og arbeidspresset har auka som følge av fleire og meir komplekse pasientar. Dette har hatt ein vedvarande auke, og nokre av leiarane rapporterer at det er slitasje blant dei tilsette. Vi må setje inn meir folk der det er nødvendig for å ivareta fagleg forsvarleg drift. Vi har langt fleire pasientar enn vi har stillingar for å dekke behovet, og det vart difor bedt om nye stillingar til heimetenestene i budsjettframlegget som vart lagt fram for 2014.
- Der er mange kreftsjuke som får hjelp i heimen, nokre med avansert behandling. Sjukepleiarane våre har god erfaringskompetanse, men kommunen manglar kreftsjukepleiar.
- Kommunen etablerte døgntilbod for øyblikkeleg hjelp i to senger ved Myrvåg omsorgssenter avdeling A frå september 2013. 6 personar har til saman representert 22 liggedøgn. Dette viser at det er ein “mjuk start” på det nye tilbodet, men det er ei erfaring vi deler med dei fleste andre.

Skule

- Talet på minoritetsspråklege elevar med særskild norskopplæring aukar.
- Det er ei dobling i talet på born med spesialpedagogisk hjelp i barnehage.
- Det er stor auke i spesialundervisning i grunnskulen.

Utvikling

- Sakshandsamingstida i bygge- og delesaker har gått ned.

**Prosjekt**

- Ein del eldre prosjekt kan no avsluttast også økonomisk.

Lokalsamfunn

- Kommunen er inne i ei positiv utvikling i forhold til utvikling av lokalsamfunnet på mange område.
- Kommuneplanen vert ein viktig planreiskap

Fosnavåg, 30.05.2014

Erlend Krumsvik Olaus-Jon Kopperstad

## Organisasjon

### Sjukefråvær

| Avdeling | Fråvær 1. tertial 2014 | Korttid 1. tertial 2014 | Langtid 1. tertial 2014 |
|---|---|---|---|
| Personal- og org. inkl. HTV, HVO og lærlingar (<20) | **9,83** | 2,46 | 7,37 |
| Økonomi (>10) | **3,55** | 1,75 | 1,80 |
| Fellessekr. (<5) | **0,46** | 0,46 | 0 |
| Rådm./ ass.rådm. (<5) | **1,05** | 1,05 | 0 |
| IKT(<5) | **21,49** | 0,30 | 21,19 |
| Servicetorget (<10) | **0,67** | 0,27 | 0,40 |
| Utviklingsavd. (<10) | **4,88** | 0,30 | 4,58 |
| Barnehageavdelinga (< 40) | **10,30** | 3,17 | 7,13 |
| Skuleavdelinga (< 250) | **5,78** | 1,54 | 4,24 |
| Anl. og drift (<15) | **2,41** | 2,41 | 0 |
| Brannvern | **3,68** | 2,33 | 1,35 |
| Helse (< 40) | **7,25** | 1,21 | 6,07 |
| Pleie og oms. (< 300) | **11,04** | 2,36 | 8,67 |
| Bu og hab. (< 75) | **9,04** | 2,09 | 6,85 |
| Barnevern (<10) | **5,83** | 2,26 | 3,57 |
| Kultur (>10) | **4,51** | 0,63 | 3,87 |
| Eigedom (< 40) | **13,68** | 2,32 | 11,36 |
| NAV kommune (10) | **21,10** | 3,58 | 17,52 |
| **Totalt fråvær** | **8,56** | **2,01** | **6,55** |

Talet på tilsette er delt i bolkar på fem, bortsett frå der det er over hundre tilsette, desse er det delt i bolkar på femti. (< = mindre enn, > = meir enn)
Sjukefråværet for fyrste tertial viser ein nedgang frå tidlegare år.

| | 1. tertial | 2.tertial | 3.tertial | Totalt |
|---|---|---|---|---|
| 2007 | 10,7 | 8,4 | 9,7 | 9,7 |
| 2008 | 10,3 | 7,3 | 8,3 | 8,6 |
| 2009 | - | 8,6 | 9,4 | - * |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| 2010 | 10,6 | 9,0 | 9,5 | 9,7 |
| 2011 | 9,86 | 7,17 | 7,91 | 8,4 |
| 2012 | 9,40 | 6,93 | 8,62 | 8,3 |
| 2013 | 9,47 | 6,55 | 5,86 | 7,45 |
| 2014 | 8,56 | | | |

* 1. tertial 2009 og total 2009 er ikkje tilgjengeleg grunna overgang til nytt økonomi- og lønnssystem det året.

# Stab og støtteavdelingane

## Servicetorget

### Organisasjon
F.o.m 01.01.2014 mista Servicetorget 50% stilling ved omorganisering/flytting av barnevernet. I samband med budsjettbehandlinga for 2014 fikk ST tilført ny stilling f.o.m 01.07.2014. Tilsetting i denne stillinga er gjort.
I 6 mnd. er bemanninga i ST redusert utan endring i arbeidsoppgåvene. Ein kjenner at tor belasting over tid er slitande for dei tilsette.

### Vedtaksrapportering
Ingen ting å rapportere

### Tenesterapportering
Servicetorget hadde i denne perioden 2 avvik meldt inn som hadde konsekvensar for publikum.
Dette var:
- Manglande tilbakemelding
- Feil dato sett i søknadskjema for ledig stilling gjorde at skjema ikkje var tilgjengeleg for søkjarar inntil feilen vart oppdaga.

Det er i tillegg kome ei skrifteleg klage på forskjellsbehandling av kommunen i samband med avslag på kjøp av tomt i område som ikkje er bygd ut for sal.

I same periode har Servicetorget meldt 8 avvik til andre avdelingar

### Prosjektrapportering
Tomtesal:
Det er selt 12 tomter dei fyrste 4 mnd. 8 av desse var på Leine der tildeling vart gjort ved loddtrekning.

### Lokalsamfunn
Servicetorget er kommunen si informasjonseining og det er her mange av innbyggarane møter kommunen for fyrste gong. I denne samanhengen har servicetorget fokus på:
- God service og oppfølging av kvar enkelt kunde – vi held det vi lovar
- Tatt del i fleire språklunsjar ved frivilligsentralen for å informere og vere i dialog med tilflyttarar frå andre land.
- Sakshandsaming skjer utan nødig opphald.
- Informasjon på nettsida i den grad organisasjonen eller gir ST informasjon.
- Oppdatert kriseplan

## Fellessekretariatet
### Organisasjon
Organisasjonen er stabil med lite sjukefråver.

### Teneste
Det er ikkje rapportert om avvik på tenestene.

## Økonomi
Eg har gått gjennom den informasjonen eg har og kan ikkje sjå at eg har noko å rapportere på dette området per 30.04.2014 med unntak av det som gjeld økonomi og fråvær.

# Personal- og organisasjonsavdelinga

## Organisasjon
Tilsettingssaker i fyrste tertial:
34 stillingar utlyst, 2 internt og 33 eksternt utlyst. To av utlysingane gjaldt ferievikarar.

Samhandling med arbeidstakarorganisasjonane:
Det har vore 4 kontaktmøte (samarbeidsmøter med arbeidstakarorganisasjonane) i fyrste tertial

Arbeidsgjevarpolitisk arbeid:
1 møte i administrasjonsutvalget
Retningsliner for uønska deltid er vedteke
Reglement for arbeidsgjevarfinansierte elektroniske kommunikasjonstenester er vedteke

Helse miljø og sikkerheitsarbeid (HMS):
1 møte i IA-utvalet
1 møte i arbeidsmiljøutvalget

Kurs/seminar:
Kurs for verneomboda
Permisjonsreglementet
Arbeidsmiljølova - utvalgte tema i arbeidsrett
«På saklista» - kurs i språk og dokumentlære
Seminar med Statens pensjonskasse
Seminar med Kommunal pensjonskasse

## Vedtaksrapportering

| Saksnr. | Møtedato | Sakstittel | Framdriftsplan | Tiltak | Ansvar |
|---|---|---|---|---|---|
| **K- sak 189/10** | **16.12** | **Kompensasjon for bruk av eigen bil i teneste, retningsliner.** | **2014** | **Retnings-linene vert evaluert og revidert i administra-sjons-utvalet når endringar i SGS 1001 § 4 ligg føre** | **Personal- og organisasjonsavdelinga** |

## Tenesterapportering
6 meldte avvik i KvalitetsLosen frå oss til andre avdelingar, alle er lukka. Tre med middels og tre med låg alvorsgrad. Avvika går mest på brot på interne rutinar, eit var tekniskrelatert. Ingen varslingar.

## Prosjektrapportering
Prosjekt «Likestilte kommunar», med fokus på lønspolitikk nærmar seg sluttfasen. Jobbrotasjonsprosjektet saman med pleie- og omsorgsavdelinga og bu og habiliteringsavdelinga, sjå eventuell rapportering der.

## Lokalsamfunn
Ingen ting å rapportere.

## IKT

### Organisasjon
Siste tertial har det vore uro i organisasjonen og høgt sjukefråver.

### Teneste
Sjukefråver har hatt konsekvensar for framdrifta på prosjekt og support.

# Tenesteavdelingane

## Barnehage

### Organisasjon
Alle tilsette i både kommunale og private barnehagar hadde felles kurs om IKT i barnehagen 31. mars 2014. Temaet er i samsvar med satsingsområda i lokal rammeplan, og vart gjennomført utan ekstra kostnad med interne krefter.

Alle barnehagane har HMS plan der tiltak vert sett i verk i samsvar med planen.

Det er meldt eitt avvik i Kvalitetslosen 1 tertial 2014**.** Avviket gjeld manglande reinhald. Avviket er lukka.

### Vedtaksrapportering
**Oversikt delegert vedtak 1. tertial 2014:**

**Vedtak om ekstraressurs til barn med særlege behov:**
Grønmyr barnehage Myklebust: 20 t/v frå 1.april til 31. juli 2014, 30t/v frå 01.01 til 31.07.2014
Sirlihaugen barnehage: 3t/v frå 24.03 til 31.07. 2014

**Vedtak om dispensasjon frå utdanningskravet:**
Myrsnipa barnehage: 120 % stilling, 2 personar frå 01.02 til 31.07.2014.

### Tenesterapportering
Det er gjennomført tilsyn etter barnehagelova i Myrsnipa og Bergslia barnehage (februar/april 2014). Tilsynet fann ingen avvik etter dei granska paragrafane. Det vil bli gjennomført tilsyn ved Moltu og Leikanger barnehage i juni 2014.

Samordna barnehageopptak vart gjennomført 7. mars 2014. Alle søkjarar med rett til plass og som ønska plass frå august 2014, fekk tildelt plass. Dei som vart sett på venteliste etter hovudopptaket, er søkjarar som ynskjer plass seinare.

Herøy kommune har etter departementet sin definisjon full barnehagedekning (alle som har fylt 1 år innan 1. sept. og som har søkt innan søknadsfristen 1. mars har rett til plass. Alle desse har fått tilbod om plass i barnehage i kommunen). Det kjem inn nye søknader kontinuerleg, og dei vert sett på venteliste til aktuell barnehage kan tilby plass. Grønmyr barnehage Myklebust har framleis ledige plassar.

Det kom ingen klage på barnehageopptaket 2014.

Det blir i mai 2014 gjennomført brukarundersøking i kommunale og private barnehagar. Resultatet frå denne vert lagt fram i barnehagane, til dei tilsette og foreldregruppa, samt til administrativt og politisk nivå.

### Prosjektrapportering
Ikkje noko å rapportere.

### Lokalsamfunn
Barnehagane ynskjer framstå med god kvalitet slik at dei kan bidra til vekst og utvikling for den oppveksande slekt. Dei ynskjer vere synlege i nærmiljøet og slik bidra til trivsel for alle i lokalsamfunnet. Dette bidreg barnehagane med ved å ferdast så ofte dei kan i nærmiljøet samt synleggjere noko av aktivitetane sine i media.
Barnehagane bidreg på sin måte til dei gjennomgåande perspektiva i samfunnsdelen av kommuneplanen ved å ha fokus på folkehelse, likestilling, miljø og klima.

# Skule

## Organisasjon

Rekruttering
Fleire lærarar har meldt at dei ønskjer å gå av med pensjon frå august 2014, i tillegg er det fleire som skal ut i ulike permisjonar eller skifte arbeidsplass internt.

Ved utlysing av stillingane vart det særleg søkt etter lærarar med minimum nivå grunnfag i engelsk, matematikk, spansk, tysk eller spesialpedagogikk. Vi fekk inn 54 søknader frå lærarar med godkjend utdanning.

Vi har pr.dato tilsett godt kvalifiserte lærarar til alle stillingar.

Tilrådingane frå PPT og behova ute i skulane, tilseier ein vesentleg reduksjon av assistentar i skulen for komande skuleår. Fleire assistentar vil dermed bli flytta til andre skular internt i skuleavdelinga for å stette behova for kapasitet og kompetanse. Dei som går ut i pensjon eller i permisjon, vert ikkje erstatta.

## Vedtaksrapportering

Skuleavdelinga har ikkje hatt vedtak for oppfølgjing dette tertialet. Årsrapporten for avdelinga, som vanlegvis har vore handsama i kommunestyret i februar, vart utsett. Dette på grunn av tekniske problem i Utdanningsdirektoratet, jfr. utarbeiding av statistikk som grunnlag for rapporten.

Rapporten vil verte lagd fram for Komitè for oppvekst i juni.

## Tenesterapportering

Det er ikkje registrert **avvik** i kommunen si oppfølging av innbyggarane sine rettar etter lovverk, lokale vedtekter, retningsliner eller vedtak i dette tertialet. Det har heller ikkje vore gjennomført tilsyn.

## Prosjektrapportering

Planlegging av ny skule på Bergsøy har starta, i tråd med vedtak i Plan- og byggenemnda. Etter framdriftsplanen skal funksjons- og arealanalyse leggast fram for kommunestyret i oktober/november.

## Lokalsamfunn

Fleire tiltak i Herøyskulen bygg opp under målsetjinga om at barn og unge skal utvikle ein lokal identitet gjennom kunnskap om næringsliv og lokalsamfunn. Det kan nemnast Bergsøy skule sitt samarbeid med lokale rederi, i prosjektet «Frå padleåre til joystick», og Moltu skule sitt prosjekt «Moltu skule siste 100 åra», eit omfattande prosjekt der heile bygda var involvert.

Internasjonal skule arbeider målretta med elevane sine i forhold til inkludering og trivsel, i tillegg til norskopplæringa.

Med tanke på mengda med søknader til ledige lærarstillingar, og samtalane i samband med dette, opplever vi at kommunen og skulane våre er attraktive arbeidsplassar. Dette er ei bevisst satsing, som berre må halde fram.

Det vert arbeidd målretta med tidleg intervensjon, gjennom tverrfagleg dialog og samarbeid. Kommunen har lagt til rette for styrking av dette gjennom samlokaliseringa av PPT, barnevern, helse, skule og barnehage ved helsesenteret.

Herøyskulen arbeider målretta med å auke læringa og styrke kunnskapsnivået både mellom elevar og tilsette, gjennom definerte pedagogiske satsingar.

## Barn, familie og helse

### Organisasjon

Innflyttinga i dei nye lokala tok til heilt i starten av året. Etter at nybygget vart teke i bruk har helsestasjonen vorte ombygd. Dette har vore eit omfattande arbeid som har skapt utfordringar for drifta av helsestasjon og skulehelsetenesta. Deler av drifta har vore drive frå helsestasjonen og legevakta i Myrvåg. Nå er lokala på Eggesbønes teke i bruk og vi ser fram til å kome i ordinær drift i heile avdelinga.

Nybygget var offisielt opna heilt i slutten av tertialet. Det er først no ein verkeleg kan ta i bruk og få full effekt av samlokaliseringa og med det dei uformelle samhandlingsarenaene. Pauserommet er også nå teke i bruk og vil kunne verte ein møteplass for alle tilsette ved Helsesenteret. Arbeidet med å få full effekt av integreringa og samlokaliseringa vil også fortsette framover.

Også i dette tertialet har situasjonen ved Herøy legesenter vore utfordrande. Kommunen fekk to nye heimlar og tre leger vil slutt i løpet av andre tertial. To av desse legane vert pensjonistar. Det er tilsett ny fastlege i Myrvåg, mens det enda ikkje har lukkast å få tilsett nye fastlegar i Herøy. Vikarbruken vil derfor måtte fortsette noko framover. Situasjonen har heller ikkje på nokon måte vore optimal for pasientane utan at det har kome konkrete klager.

### Vedtaksrapportering

Kommunedelplan for helse og omsorg var vedteke i kommunestyret i februar (sak 21/14). Arbeidet med å operasjonalisere tiltaka i planen har starta opp.

### Tenesterapportering

Situasjonen innan rehabilitering er fortsatt krevjande då det er eit stort behov for opptrening etter behandling i sjukehus. Pasientane kjem raskare tilbake til heimen og opptrening må starte raskt.

Det tverrfaglege arbeidet med bla barnevern, PPT og skule/barnehage har også no vore prioritert, og ein ser at det er ein fordel at skule og barnehage er samlokalisert med Barn-, familie- og helseavdelinga.

Innan psykisk helsevern har det og vore utfordringar i 1. tertial. Det arbeidast særleg med å få dei unge brukarane inn i gode opplegg. Solheim vert brukt i stadig større grad. Det er og gode erfaringar med bruk av treningssenter som ein del av tilbodet for pasientane.

Barnevernstenesta har i denne perioden motteke 19 meldinga,( jfr. Eigen rapport). Vi registrerer ei meir bevisst haldning på ansvaret som offentleg tilsette og privatpersonar har for å melde ifrå om uro for barn og unge. Vi undrar oss over samfunnsutviklinga, kva skje når fleire og fleire barn vert utsett for omsorgssvikt.

For tida arbeider barnevernet med:
- 88 barn med hjelpetiltak
- 8 barn/unge under omsorg
- 7 ungdomar på ettervern

I tillegg har vi tilsynsansvar for 12 born, dvs. born som andre kommunar har plassert i fosterheim i Herøy.

Fylkesmanneni Møre og Romsdal  har hatt tilsyn med oppfølging av barn i fosterheim ved barneverntenesta i kommunen. Rapporten kjem i andre tertial, men tilbakemeldingane ved tilsynet var særs positive, sjølv om det alltid vil vere forbetringsområde.

Det er svært viktig at  kommunen har sterkt fokus på forpliktande samhandling rundt barn i risiko på tvers av fag, einingar og nivå i offentleg sektor, at dette vert ei prioritert satsing i kommunen. Det er også viktig at Herøy kommune har sterk fokus på tidleg intervensjon.

Det har ikkje vore meldt avvik i Kvalitetslosen i 1. tertial. Årsaken til  dette er nok i større grad ei noko manglande aktiv bruk av Kvalitetslosen enn at det ikkje har vore avvik som kunne ha vore meldt.

### Prosjektrapportering

Geriatrikompetanseprosjektet er eit samarbeidsprosjekt mellom Helse Møre og Romsdal, Helse Midt, Sande og Herøy kommunar. Frå kommunen er det og deltaking frå Pleie og Omsorg. Prosjektet er i ein avslutningsfase og det har vore arbeidd aktivt for å få vidareført mellom anna fagdagen i regi av Sju-stjerna helse og omsorg. Sluttrapport frå prosjektet vil kome i løpet av året.

### Lokalsamfunn

I samband med den offisielle opninga av nybygget vart det invitert til ein ope dag for innbyggarane i kommunen. Det var nokre som nytta seg av tilbodet.

Tilsette i avdelinga deltek og informerar om avdelinga i ulike lag og foreningar. Det har og vore aktiv deltaking frå avdelinga i Bulystprosjektet, ikkje minst ved bedriftsbesøk.

## Pleie og omsorg

### Organisasjon

Av organisatoriske **utfordringar/endringar** kan nemnast:

- Det har over ei lengre periode vore høgt sjukefråvær ved avdeling B. Det har i denne perioden vore leigt inn ekstra personale i samband med behov knytt til enkeltbrukarar.

- Det er første sommaren med ansvar for øyeblikkelig hjelp døgnplass i sjukeheim. Ferieavvikling kombinert med fleire svangerskapspermisjonar ved avdelinga gjer at ein alt no ser at vi ikkje kjem i mål med ei forsvarleg dekning av sjukepleieressursar. Vi planlegg difor for bruk av vikarbyrå ved avdeling A. Avdelinga vil som vanleg samarbeide med avdeling B slik at ressursen vil i praksis kome begge avdelingane til gode.

- Samhandlingsreforma har vorte gjennomført uten å styrke bemanninga i pleie- og omsorg. Alle opplever vedvarande press, og spesielt personalet i heimesjukepleien melder frå at dei er slitne. Dette går på mange oppdrag på vakter, og auka kompleksitet hos den enkelte pasient. Leiarane ber om meir personalressursar, og seier at det ikkje er godt nok å leige inn ekstra frå vakt til vakt fordi dei då ikkje får tak i fagfolk. Ein intern gjennomgang der ein ser distrikta sine rutiner opp mot kvarandre, vil nok resultere i ei sak der ein må be om faste stillingar.

- Mange seniorar skal snart erstattast, og det er eit spenningsmoment korleis ein skal greie å rekruttere fordi der er lite reelle søkjarar på stillingar. Studentane og lærlingane gir god evaluering av praksisen dei får, og det er viktig for framtidig rekruttering.

### Vedtaksrapportering

Avdelinga er sentral i arbeidet med oppfølging av helse- og omsorgsplanen. Vidare i saka om gul avdelinga, der eigedomsavdelinga er saksansvarleg.

### Tenesterapportering
Avvik meldt i kvalitetslosen:




Rapportering av avvik handlar om å arbeide systematisk med forbetring, sjå ting i samanheng over tid. Avvika frå pleie- og omsorgsavdelinga er fordelt med 42 avvik på teneste, 14 på organisasjon og 17 på Helse, miljø og tryggleik. Avvika som er meldt inn som HMS-avvik er ei blanding av hendingar knytt til teneste og organisasjon. Andre handlar om feil manglar ved utstyr eller rutinar. Elles handlar mange av avvika som er registrert under organisasjon om medikamenthandtering, og burde kanskje vore registrert under teneste. På den andre side kan ein tenkje at dette er knytt til organisering av arbeidet, og at den enkelte meldar difor har valt denne måten å gjere det på. Konklusjonen er at ein ikkje kan legge så stor vekt på fordelinga av avvika, men heller sjå på type avvik samla sett. Det går fram av statistikken at dei fleste avvika handlar om medikamenthandtering. Sjukeheimsavdelingane var med på den nasjonale Pasientsikkerhetskampanjen om dette temaet i fjor, og heimetenestene er med no i vår. Det er venta at det vil gi positiv effekt, men det er klart at dette må ha framleis fokus.

Tenestekapasitet:
Beleggsprosenten i sjukeheim er på 99,78 %. Dette er uvanleg høgt, og viser at det no er press på institusjonsplassane.

Beleggsprosenten på dei to øyeblikkeleg hjelp plassane er på 16,5 %. Belegget er aukande. Samanlikna med andre er dette normale tal. Det viser seg at tilbodet jamt over har ein «trong fødsel». Avdelinga vil delta på ei nasjonal evaluering av ordninga i Oslo i juni.

Viser til kommentar under organisasjon når det gjeld heimetenestene.

### Avslag / klage
Det er gitt eit avslag på teneste. Der er motteke ei klage som ligg til behandling hos fylkesmann. I denne perioden fekk vi stadfesta ei klage hos fylkesmannen frå forige tertial.

### Prosjektrapportering
Avdelinga er med i eit fleirårig interkommunalt velferdsteknologiprosjekt. Der er lagt fram ein delrapport som ligg med som vedlegg.

### Lokalsamfunn
Eldrebølgen med gåturar frå begge omsorgssentra er eit svært positivt tiltak som fremjer folkehelse.
Verdas aktivitetsdag vart markert ved omsorgssentra, og dette vart svært godt motteke frå pasientane si side. Ynskje om tradisjon vart meldt frå mange hald.

## Bu og habilitering

### Vedtaksrapportering

| | | |
|---|---|---|
| K-sak 36/14 | Utlysing av konsesjon på BPA | Ikkje satt i verk per d.d. |

### Tenesterapportering

Avvik

Det er meldt 29 avvik i kvalitetsslosen i perioden. Dette er fleire enn vi normalt har hatt, og i tråd med målsetinga i årsplanen der alle tilsette i 2014 er pålagt å melde minst 3 avvik. Dette er viktig for å lære seg å vere kritisk til eigne rutinar og betre kvaliteten i tenesta.

Avvika som er meldt går i hovudsak på avvik knytt til medisinrutinar, eller brukarrelaterte hendingar. Tiltak og forbetringar vert sett i verk lokalt, og er lukka av mellomleiarane.

Enkeltvedtak handsama i perioden 01.01.14 – 30.04.14: 60 saker

Sakene er fordelt slik:

Avlastning i institusjon: 1sak
Avlastning utanfor institusjon: 3 saker
Praktisk bistand; daglege gjeremål: 14 saker
Praktisk bistand; opplæring daglege gjeremål: 17 saker
Praktisk bistand; dagtilbod: 7 saker
Støttekontakt: 10 saker
Anna bustad: 0 saker
Omsorgsløn: 3 saker
Individuell plan: 4 saker
Vaksenopplæring: 0 saker

Avslag:
Omsorgsløn: 1 avslag

Klage:
0 klager i perioden.

Øvrig:
Ingen tilsyn i perioden. Revisjon av økonomiske berekningar for ressurskrevjande tenester vart godkjent.

### Prosjektrapportering
Ikkje noko å melde.

### Lokalsamfunn
Rådmannen og bu- og habiliteringsleiar følgjer opp behovet for utviding av dagtilbodet til fleire unge og eldre innbyggjarar i Herøy kommune. Vi har per i dag ein dialog både med Furene og Herøy vidaregåande skule om framtidig samarbeid for å legge til rette for eit meir heilskapleg og framtidsretta tilbod.

## NAV – sosial og flyktning

## Vedtaksrapportering

**Vedtak 2013/1318: Mottak av flyktningar i perioden 2014-2016**
Det blei vedtatt å busette 10 flyktningar årleg i denne perioden. Herøy kommune har ikkje busett flyktningar i 1. tertial. Det er ei målsetting at ein fordeler busettinga over året, slik at ein får til ei god velkomst med gode tenester. Flyktningkonsulenten er i dialog med Imdi om den første busettinga, som mest truleg blir overføringsflyktningar. Det vil seie at dei kjem direkte frå ein flyktningeleir i utlandet, og ikkje frå eit asylmottak i Noreg.

## Tenesterapportering

Det er ikkje rapportert avvik i 1. tertial. Det er ikkje kome klager på tenestene i 1. tertial.

## Prosjektrapportering

NAV Herøy har ikkje noko å rapportere i 1. tertial

## Lokalsamfunn

NAV Herøy har i snitt 20-30 treffpunkt med ulike arbeidsgjevarar kvar månad i 1. tertial. Dette omhandlar både bedriftsbesøk, oppfølging av arbeidstakarar ute i praksis, hjelp til rekruttering og formidling av arbeidskraft, samt informasjon og rettleiing om ulike tiltak og tilskot. NAV har eit stort samfunnsmandat i å bidra til ein vel fungerande arbeidsmarknad, og kontakt med arbeidsgjevarar er ein prioritert oppgåve.

# Kultur

## Organisasjon

Herøy kulturhus og Herøyhallen

<u>Bakgrunn:</u>
Tilsynsvaktene ved Kulturhuset og Herøyhallen, samt aktivitetsparken, har som oppgåve å legge til rette for dei aktivitetar, arrangement, ansvars- og tenesteområder som er lokalisert der. Dette inneber, i tillegg til drift av kulturhuset og idrettshallen, også tilrettelegging for interne/eksterne leigetakarar, samt frivillige lag og organisasjonar.

<u>Leiing og drift:</u>
I 2013 gjorde kommunen ei endring i organisasjonen ved kulturhuset som innebar at ordninga med dagleg leiar i 100 % stilling, vart endra til 100 % stilling som arrangementsleiar. For nødvendig nærleik til oppgåver og samarbeidspartar har arrangementsleiar hatt kontor ved Rådhuset i 2014.

Den primære grunnen til etablering av stilling som arrangementsleiar er å sikre god fagleg kompetanse til framtidig drift av Fosnavåg konserthus, samt til generell utvikling av kulturtilboda for å gjere kommunen til ein trivelig og attraktiv stad å bu.
Endringa har allereie ført med seg ein oppsving i kulturtilbod, spesielt i form av konsertar og kino. Frå oktober -14 vil tilsvarande tilbod bli å finne i Fosnavåg konserthus.

<u>Driftsutfordringar:</u>
Endring i leiing og drift har òg gitt utfordringar, og då knytt til den daglege drifta ved kulturhuset. Ei viktig årsak er at arrangementsleiar i tillegg til (dagleg leiar oppgåver) tilsyn, koordinering og drift av kulturhuset i tida mellom 08:00-16:00 (kvardagar), har ansvar for å ivareta kulturfaglege interesser i.f.m bygging av konserthus og kino, samt ei mengde oppgåver knytt til komande drift og utvikling av Fosnavåg konserthus.
Tilsynsvaktene arbeider primært i tidsrommet 16:00-22:30 (kvardagar). Arbeidstida er samanfallande med når frivillige lag og foreiningar utøver sin aktivitet på huset.

Konsekvensen av dette er at kulturavdelinga ikkje har tilgjengelege ressursar ved kulturhuset i heile opningstida, samt i.f.m mottak av varer, koordinering, vedlikehald, evakueringsansvar, oppfølging av tekniske anlegg, publikumsmottak m.m.

I løpet av vinteren 2014 har vi erfart at mangel på nærvær dagtid viser ai auke i rot og hærverk. I tillegg registrerer vi noko misnøye hos samarbeidspartar og publikum.

Kulturavdelinga har prøvd ut, samt er i ferd med å vurdere, ulike løysingar for å legge til rette for at dei daglege driftsoppgåvene blir ivaretatt. Vi erfarer at dette viser seg vanskeleg innafor gjeldande rammer, då god drift krev dedikerte ressursar, meir enn at «nokon kan svare på spørsmål frå publikum og ta i mot varer». I tillegg gjer situasjonen at utgiftene til ekstrahjelp og overtid aukar.

**Nyttegrad:**

| | Kvardag, dagtid | Kvardag, kveld | Helg | Merknad |
|---|---|---|---|---|
| Festsalen | Variabelt<br><br>(primært den kulturelle skulesekken) | Variabelt<br><br>(bl.a. kino) | Variabelt<br><br>bl.a. kino:<br>Lør: 50 %<br>Søn: 93 %<br>(1.1-7.4.14) | Nyttegraden vil gå noko ned når kino og større kultur-arrangement vert flytta til konserthuset. Kulturskulen har signalisert at dei vil auke bruk av salen når det som er nemnt over vert flytta. |
| Idrettshallen | 85 %<br><br>(YHU, HVS, barnehagar) | 100 % | 70 %<br>(1.1-7.4.14) | |
| Kafeen | 100 % | 100 % | 100 % | Leigd ut til IKT-avdelinga |
| Ungdomsklubben | Sjeldan | Alle dagar | Sjeldan | |
| Fellesareal | 14:00-16:00 | Variabelt | Variabelt | Elevar ved ungdomsskulen nyttar kulturhuset i mens dei venter på aktivitet i kulturskulen og idrettshallen. Erfaring viser at ventetida bør ha tilsynsvakter til stades. |

Kommentarar til nyttegrad:

- Interne leigetakarar betalar halv leigepris pr. mai 2014.
  Leigesatsane er under revidering.
- Lag og foreiningar betalar ikkje leige for øving/trening
- Handball betalar leige ved kampar i idrettshallen
- Herøy vidaregåande skule betalar leige for gymtimar i idrettshallen

**Opningstid vs. arbeidstid**:

| | Kvardag | Helg | |
|---|---|---|---|
| Opningstid | 08:00-22:30 | 10:00-23:00 | |
| Arbeidstid | 16:00-22:30 | 10:00-17:30 | Tilsynsvaktene |

## Vedtaksrapportering

- Markering av Grunnlovsjubileet 2014 i Herøy kommune
  Status:

| Dato: | Arrangement: | Kommunal deltaking: | Status: |
|---|---|---|---|
| 14.1- | Utstillinga Kaldt Hav – heite | Ordførar deltek. | Gjennomført. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| 14.2 | spørsmål | Formannskap og Ungdomsråd er invitert til den offisielle opninga. | |
| 23.2 el. 3.3 | Gudsteneste i Herøy kyrkje med markering av Grunnlovsjubileet | Ordførar deltek. | Gjennomført 23. februar. |
| 17.5 | Grunnlovsdagen | Politikarar deltek ved ransenedlegging m.v.<br><br>Gjere kjend jubileumssongen, utarbeide notat om demokrati-utviklinga i Herøy til bruk i ulike arrangement. | Gjennomført.<br><br>Gjennomført. |
| Oktober | Off. opning av Fosnavåg konserthus og kino | Politikarar deltek. | Planlagt til 23. oktober. |

- Søknad om tilskot frå Herøy Frivilligsentral til Frivilligprisen 2013
  Status:
  Vedteke. Prisen vart tildelt Alf Rune Lervik.

- Tilskot til Landskonferanse Tjukkasgjengen 2014
  Status:
  Vedteke. Tjukkasgjengen Chapter Fosnavåg blei tildelt prisen som landets beste tjukkasgjeng grunna: hyppige og daglige tjukkasturer, at aktiviteten er sosial og inkluderande, at dei tek vare på medlemmane på ein god måte og har god tilflyt på nye medlemmar, samt fordi dei er ein viktig brikke i lokalsamfunnet.

- Retningsliner for tilskot til merking og skilting av turstiar i Herøy
  Status:
  Kommunen har sett av inntil kr 100 000 i investeringsmidlar til merking av turstiar for 2014. Det er gjennomført møte med lag og foreiningar for å motivere til etablering av – og merking av turstiar.

- Svar på høyring – Regional delplan for kulturminner av regional og nasjonal verdi
  Status:
  Svar på høyring politisk vedteke og sendt fylkeskommunen.

## Tenesterapportering
Ingen.

## Prosjektrapportering

- Bygging av kinokiosk i Fosnavåg konserthus
  Status:
  Det er sett av kr 600 000 i investerinsmidlar for bygging av kinokiosk. Kulturavdelinga har gjort avtale med leverandør om levering av modular og lys. Deler av investeringane er gjort i 1. kvartal for å sikre eit godt kiosktilbod ved kulturhuset mens kinoframsyningane skjer der.

- Forarbeid til drift av kulturarrangement i Fosnavåg konserthus
  Status:
  Kulturavdelinga har blant anna arbeidd med å: fylgje opp byggearbeidet knytt til kommunen sitt komande driftsansvar, fylgje opp avtalar for å sikre god drift og samhandling med andre involverte aktørar, forberede tilsettingar, planlegge og booke arrangement, utarbeide visuell profil.

## Lokalsamfunn

Heilskapleg sentrum- og samfunnsutvikling

- 6: Det skal leggjast til rette for næringsverksemd retta mot turisme i Fosnavåg
  Status:
  Planlegg tiltak med mål å legge til rette for at potensielle tilbydarar av lokale kulturtilbod kan selje sine tenester.
- 18: Vidareutvikle Heid tursti og område rundt
  Status:
  Kommunen har sett av kr 100 000 i investeringsmidlar til byggetrinn 3 av Heid tursti. Arbeidet er forventa å starte opp sommaren 2014.

Kompetanse og næringsutvikling

- 1: Herøy kommune skal byggje sterke fagmiljø i organisasjonen.
  Status:
  Kulturavdelinga har, med støtte frå servicetorget, sett fokus på informasjon og kommunikasjon av kulturaktivitetar på sosiale medier og websider.
- 17: God drift og vedlikehald av kommunal bygningsmasse.
  Status:
  Kulturavdelinga gjennomfører ein gjennomgang av drifta ved kulturhuset, inkludert ei omfattande rydding av heile bygget.
- 19: Kulturhuset skal utviklast til eit «kompetansesenter» for kreative krefter.
  Status:
  Saman med styret for kulturhuset og eigedomsavdelinga har kulturavdelinga starta drøfting og planlegging av framtidig drift og innhaldsproduksjon ved kulturhuset. Etablerte og potensielt nye aktørar skal involverast i arbeidet.

Infrastruktur

- 16: Herøy kommune skal leggje til rette for at bygdelag kan etablere gangstiar og helseløyper for å fremje folkehelsa.
  Status:
  (Sjå vedtaksrapportering)

Rekruttering, busetting og inkludering

- 2: Nytte den kompetansen som arbeidsinnvandrarar har med seg frå heimlandet.
  Status:
  Månadleg «mat og prat» aktivitet. Møtestad med utveksling av matkultur i regi av frivilligsentralen.

Barn, unge og identitetsbygging

- Målsetjingar: Kommunen skal sikre gode oppvekstvilkår med fem haldepunkt: tryggleik, mangfald, kvalitet, førebygging og kompetanse.
  Status:
  Folkebiblioteket, frivilligsentralen og kulturavdelinga legg til rette for - og tilbyr eit mangfald av aktivitetar for barn og unge kvar veke.

# Utvikling

## Teneste

### Byggesaker

Frå og med 2004 starta utviklingsavdelinga med føring av ein relativ komplett statistikk for bygge-, dele og dispensasjonssaker både når det galdt innkomne og behandla saker.

## SAKSOVERSIKT 2013

| | Innk.sak. | Beh.sak. | | | | | SUM |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **År** | | Disp.sak | Delesak | Byggesak** | Klagesak | Andre * | |
| **1.tert.** | **164** | **12** | **16** | **78** | **3** | **17** | **126** |
| **2.tert.** | **184** | **14** | **23** | **102** | **1** | **8** | **148** |
| **3.tert.** | **185** | **12** | **22** | **151** | **0** | **21** | **206** |
| **Sum 13** | **533** | **38** | **61** | **331** | **4** | **46** | **480** |

## SAKSOVERSIKT 2014

| | Innk.sak. | Beh.sak. | | | | | SUM |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **År** | | Disp.sak | Delesak | Byggesak** | Klagesak | Andre * | |
| **1.tert.** | **214** | **10** | **19** | **128** | **4** | **17** | **178** |
| **2.tert.** | | | | | | | |
| **3.tert.** | | | | | | | |
| **Sum 12** | **214** | **10** | **19** | **128** | **4** | **17** | **178** |

* Konsesjonssaker, seksjoneringar, bruksendringar, høyringsuttalar, forhandskonferanse m.v.

**Pbl §20-1, Pbl §20-2, Rammeløyve, Ferdigattest, Mellombels bruksløyve, igangsetjingsløyve, dispensasjon_byggesak

Statistikken viser at ein i 1. tertsial 2014 har behandla 178 saker og det har kome inn 214 saker i same periode.

**Behandlingstider**

Den førte statistikken for 1. tertsial viser elles at (3 tertsial -13 i parentes):

- 95% (82 %)av delesakene har vore behandla innanfor 1-4 veker.
- 84% (72%) av byggesakene har vore behandla innanfor 1-4 veker.
- gjennomsnittleg behandlingstid for dispensasjonssakene har vore på 13 veker



## Oppmåling

Oversikten nedanfor viser oppmålingsforretningar frå 2002 og fram til i dag.

| | 1. tertial | 2. tertial | 3. tertial | Heile året |
|---|---|---|---|---|
| Forretningar 2002 | 24 | 36 | 30 | 90 |
| Forretningar 2003 | 32 | 28 | 18 | 78 |
| Forretningar 2004 | 19 | 19 | 17 | 55 |
| Forretningar 2005 | 33 | 22 | 36 | 91 |
| Forretningar 2006 | 34 | 42 | 56 | 132 |
| Forretningar 2007 | 44 | 31 | 35 | 110 |
| Forretningar 2008 | 33 | 61 | 31 | 125 |
| Forretningar 2009 | 54 | 29 | 27 | 110 |
| Forretningar 2010 | 25 | 29 | 27 | 81 |
| Forretningar 2011 | 25 | 25 | 48 | 98 |
| Forretningar 2012 | 28 | 52 | 35 | 115 |
| Forretningar 2013 | 36 | 38 | 36 | 110 |
| Forretningar 2014 | 27 | | | |

Pr 01.05.2014 er der 16 saker (25 i tredje tertsial 2013), levert til oppmåling, som ikkje er fullført. 13 av sakene er under arbeid. Gjennomsnittleg behandlingstid i 1. tertsial 2014 er 18 veker (16 veker i 3. tertsial 2013).

# Anlegg og drift

## Teneste

**Generelt:**
Alle tenestene innan drifta som Anleggs- og driftsavdelinga er tillagt ansvaret for er tenester som opptek folk flest, næringsliv, lag og organisasjonar. I mange høve vil kvaliteten på desse tenestene vere det desse forbind med god eller dårleg service frå kommunen si side. Sjølv om fleire av tenestene har vorte vesentleg forbetra dei siste åra, er det langt igjen før ein kan seie at servicenivået er på eit akseptabelt godt nivå. Bakgrunnen er i hovudsak at aktiviteten må prioriterast innanfor avgrensa ressursar.

**Drift:**
**Førebygging av brann og ulykke (5061) (TL)**
Kommunen har om lag 65 brannobjekt med lovpålagt årleg brannsyn. Pr. d.d. har ein ei 100% stilling til å gjennomføre tilsyna. Stillinga har imidlertid vore vakant nær sagt heile 2013. Stillinga har vore lyst ut og ein førset at ny medarbeidar tek til i stillinga i juni 2014. Utanom lovpålagde tilsyn med brannobjekt vert det gjort eit godt førebyggande arbeid. M.a. kan nemnast:

- årlege sløkkeøvingar/brannopplæring for 6. klassene i kommunen
- opplæring og øving i brannsløkking for pleie- og omsorgspersonell (institusjonane)og personell i Eigedomsavdelinga
- "Brannvernveka" med open brannstasjon
- deltaking på Redningsselskapet sitt arrangement "Forebyggande seilas" – eit arrangement for å gi 6. klassingar (ca. 120 elevar + lærarar) opplæring om brann, politi, førstehjelp og redningsskøyta

Hausten 2011 vart det starta forebyggande forum på Ytre Søre. Det er ein samarbeid mellom kommunane Hareid, Ulstein, Herøy, Sande, Ørsta, Volda og Vanylven på brannsida. Her vil ein standardisere dokument og måten å gjennomføre branntilsyn på slik at praksisen vert lik i heile regionen. Ein har også faglig utveksling av kunnskap mellom kommunane. Forumet har hatt omlag 2 årlege samlingar.

Avvik/manglar:

Lovpålagt krav om årleg tilsyn i særskilde brannobjekt er ikkje oppfylt pr. i dag.
Løysing av avvik/mangel: Det er no gjort tilsetjing i tilsynsstillinga og ein reknar med å kunne oppfylle lovkravet innan rimeleg kort tid.

**Brann- og ulukkesberedskap (5061) (TL)**
Tenesta omfattar brann- og ulukkesberedskap i vid forstand. Brannvernet har hovudbrannstasjon i Fosnavåg med mannskapsbil (brannbil) og 20 deltids brannmannskap tilknytt. Bistasjon med tankbil er plassert i Myrvåg og er oppsett med tankbil og omlag 10 brannmannskap. Sjølv om det er enkelte manglar i den totale oppbygginga av brannvernet etter gjeldande brannordning vurderer ein brann- og ulukkesberedskapen å vere rimeleg god. I 2013 har brannvernet fått hjartestartar i beredskapen. Den seinare tida har redning kome sterkare inn i brannberedskapen og ein har gjennomført fleire oppdrag saman med helse (ambulanse). Dette vert det ikkje mindre av framover og brannvernet vil også kunne gjennomføre oppdrag på hjartestans (hjarte/lungeredning). Herøy brannvern har fått 2 oljeverntilhengarar som er stasjonert ved Myrvåg stasjon. På den eine hengaren er det ein boombag med 150 meter havlenser og på den andre oljevernhengaren er det 175 meter hamnelenser. Herøy brannvern er mellomdepot og skal via vår oljevernlager i Myrvåg også serve nabokommunene på Søre Sunmøre. Revidering av gjeldande brannordning vart politisk handsama i Herøy kommunestyre i K-sak 31/14 den 27.03.14. Ny brannordning legg opp til 5 delt brannvakt både på vaktlaget ved Fosnavåg stasjon og på tankbilsjåførane ved Myrvåg stasjon. Herøy brannvern har fått tilsett 4 nye sjåførar i 2013/2014. 3 brannbilsjåførar og 1 tankbilsjåfør. Dei nye sjåførane er under opplæring.

Avvik/manglar:
Brannvernet har dei siste åra slite med meirforbruk grunna underbudsjettering. Gammal tankbil og brannbil har medført auka kostnader til reparasjonar. Kontrakt på kjøp av tankbil/brannbil vert skriven i løpet av mai månad. Ulik lovpålagd kursing samt kursing av nye mannskap pga. at mannskap har slutta har også vore kostnadsdrivande. Når det gjeld rekruttering, og då spesielt 2 befal som ein må pårekne vert pensjonert i løpet av ein 1-2 års periode, må ein i hovudsak satse på rekruttering/opplæring internt. Krava til utdanning av befal er rimeleg omfattande og det er på landsbasis stor mangel på utdanna personell.

Løysing av avvik/mangel:
Utskifting av brannbil og tankbil i 2015 forventar ein vil medføre reduksjon av reparasjonskostnadene. Det må tilførast meir midlar for å oppfylle brannordninga/utvide beredskapen og til opplæring av mannskap og befal dei næraste åra.

**Feiing (5062) (TL)**
Generelt:Løysing av avvik/mangel:
Tenesta omfattar feiing og tilsyn med eldstader og fyringsanlegg i private bustadar. I kommunen er det om lag 2800 piper. Det er omlag 800 abonnentar som ikkje har lagt forskriftsmessig til rette for feiing. Talet på abonnentar som ikkje får feiing pga. manglande tilrettelegging går ned kvart år. Feietenesta vert kjøpt frå Ulstein kommune som har tilsett feiar. Det har dei siste åra vore svært få klager på feietenesta. Ein vurderer det slik at tenesta fungerer svært godt.

Dei som enno ikkje har lagt til rette for feiing, vil få nytt skriftleg pålegg i 2014 om å ordne forholdet. Dei som innan ein nærare angitt frist ikkje rapporterer tilbake at dei har gjennomført pålegget vil måtte få fyringsforbod. Dei som ikkje har lagt til rette for feiing får ikkje tilbod om feiing.

**Idrett (Ansvar 5125) (JRG)**
Tenesta omfattar ulike friområde, Havila stadion, Bergsøy kunstgrasbane, Tjørvåg kunstgrasbane, Leikongsætra turlysløype, Leikong kunstgrasbane og Munkvoll stadion på Moldtustranda.

Generelt:

Kommunen eig dei ulike anlegga og har det overordna ansvaret for drift og vedlikehald dei ulike anlegga. Brorparten av daglege drifts- og vedlikehaldsoppgåver kjøper imidlertid kommunen frå dei ulike idrettslaga. Godtgjersle og oppgåvefordeling er regulert i eigen avtale mellom kommunen og dei enkelte idrettslaga. Kommunen har overordna tilsyn og har ansvar for leveransar av gjødsel, frø, sand, gummigranulat etc. Større drifts- og vedlikehaldsoppgåver vert utført i regi av kommunen med evt. dugnad frå idrettslaga. Ein har nyleg inngått driftsavtale med Gurskøy idrettslag om kjøp av daglege drifts- og vedlikehaldsoppgåver for Leikong kunstgrasbane. Denne bana er ei 7-ar bane.
Løpebaner på Havila stadion er i rimeleg god stand etter at nytt banedekke vart lagt for ein del år sidan.

Avvik:
Kommunen har dei siste åra etablert fleire nye anlegg utan at dette har medført budsjettauke bortsett frå kostnaden med kjøp av tenester frå idrettslaga. Dette har medført at det er minimalt med midlar til det kommunen skal bidra med elles til drift og vedlikehald av tenesta.

Av økonomiske og kapasitetsmessige årsaker vert det innan denne tenesta berre utført eit minimum av drift og vedlikehald.

**Sentrum og grøntanlegg (ansvar 5126) (JRG)**
Sidan midt på 90-talet er det bygt ei rekke park- og grøntanlegg i sentrum av Fosnavåg. For å ivareta dei investeringane som er gjorde og oppretthalde ein akseptabel standard på desse anlegga, har ein m.a. behov for anleggsgartnartenester. Desse må ein i dag leige/kjøpe. Behovet for slike tenester vil vere kontinuerleg. Anlegga i sentrum har etter kvart behov for auka vedlikehald og oppgradering. Mellom anna er det trong for utskifting og reparasjon av dreneringsrenner, gatestein og heller.

Avvik:
Behovet for anleggsgartnartenester er aukande og vil måtte leigast/ kjøpast inn. Av økonomiske og kapasitetsmessige årsaker vert det innan denne tenesta berre utført eit minimum av drift og vedlikehald.

**Hamner (5123) (JRG)**
Tenesta omfattar alle kommunale kaier og hamneareal.

Generelt:
Manglande løyvingar har over tid ført til at ein ikkje har fått utført nødvendig vedlikehald. Inspeksjon av undervasskonstruksjonar/tilstandsoversikt for kaiene manglar. Lovpålagde innretningar som leiderar manglar nokre stadar. Skilting av kaiene er ufullstendig. I 2013 vart det kjøpt og installert nytt system for straumlevering ved fiskerikaia i Fosnavåg. Ein ser føre seg at system for straumlevering også vert oppdatert/utskifta på dei andre kaiene. For å kunne tilby og yte kundeservice på Mjølstadneset, har ein ein inngått ein formell driftsavtale med privat firma. Avtalen omfattar også tenester relaterte til ISPS. Ein ser føre seg at ein ved oppretting av eige hamnevesen vil måtte ta ein full gjennomgang og kontroll/ oppjustering av kaier og hamneareal. Vidare ser ein føre seg ein gjennomgang av kva service som skal tilbydast i form av straumleveransar, vassforsyning og avfallshandtering m.m. Grunna stort arbeidspress vil dette tidlegast kunne skje i løpet av 2014.

ISPS:
I samsvar med tidlegare vedtak i Maritimt Utval/Hamnestyret skal berre Mjølstadneset hamneterminal tilretteleggast for anløp av ISPS skip. Mjølstadneset havneterminal mottok i 2012 ISPS-godkjenning for ein periode på fem år gjeldande til 14.09.2017.

Hamneavgifter:
Hamnestyret/Maritimt utval har gjort vedtak om at prosessen med innføring av hamneavgifter skal startast opp og dette har vorte annonsert. Ein målset seg å legge fram sak om hamneavgifter og organisering i løpet av første halvår 2014.

Avvik:
1. Lovpålagde innretningar er mangelfulle.
2. Gjennomføring av inspeksjon av kaier/kaikonstruksjonar berre delvis gjennomført.
3. Utarbeiding av tilstandsrapportar for oppsetting av vedlikehaldsplan.
4. Manglar ved straumforsyningsanlegga.
5. Manglar vedteken hamneadministrasjon.

**Vegvedlikehald (5122) (JRG)**
Tenesta omfattar sommar- og vintervedlikehald av kommunale vegar.

Generelt:
Det kommunale vegnettet har enno mange vegar med dårleg dekke og bereevne. Vegane som framleis har grusdekke, er holete og har lite grus. I periodar med store nedbørsmengder er det vanskeleg å få til eit tilfredsstillande vedlikehald av grusvegane. Med det krafttaket som er gjort siste åra er **resterande veglengde for grusvegar no omlag 10 km. Det bør gjerast ei kost/nytte vurdering av evt. vidare asfaltering av resterande grusvegar. Ut frå ei fagleg vurdering er største utfordringa på vedlikehaldssida reasfaltering av vegar med fast dekke som har raskt tiltakande spordanning og krakelering.** Noko som igjen medfører vanskar for vintervedlikehaldet. Det er derfor eit aukande behov for midlar til reasfaltering. Veggrøfter manglar i stor utstrekning.

Vintervedlikehald:
Vegbudsjettet har over fleire år vist seg å vere for lite. Usikkerheita ein har m.o.t. vinterkostnader gjer at ein har vore nøydd til å ha ei nøktern vurdering ved prioritering av vedlikehaldsasfaltering, kantslått, grusing, grøfting samt anna generelt vegvedlikehald. Konsekvensen har vore at desse tenestene har vore begrensa til det ein vurderer å vere eit minimumsbehov.

Avvik:
1. Grøfting/drenering
2. Reasfaltering inkl. naudsynte forsterkingar
3. Faste dekker på grusvegar

**Avlaup (kloakk) (5131) (FA)**
Tenesta omfattar arbeid og tenester i samband med avlaupsreinsing/ slambehandling, leidningsnett og pumpestasjonar på kommunalt avlaup/kloakkanlegg.

Generelt:
Ein har i dag 26 pumpestasjonar i drift på det kommunale avlaupsnettet. Nokre av desse er gamle, noko som no etter kvart gjev seg utslag i auka drifts- og vedlikehaldskostnader. I tillegg til silanlegget på Kleiva, så vart det starta bygging av silanlegg(RA 2) i Grønhaugen i april 2013, dette silanlegget vart sett i drift torsdag 24 april 2014. Sjølv om mykje er gjort, så er det framleis eit stort behov for rehabiliteringar/utskiftingar av det kommunale avlaupsnettet. I tillegg til utbygging av avlaupsnettet etter kloakkrammeplanen skjer ei viss oppgradering av leidningsnettet ved bruk av driftsmidlar. Dei kommunale slamavskiljarane verte tømde etter faste intervall som sikrar mot utslepp/ forureining.

Tekniske/utstyrsmessige føresetnader for å betre tenesta:
Driftsovervaking/driftskontroll er etablert på silanlegget på Kleivaneset og 13 pumpestasjonar pr. 30.04.2014. Restarande pumpestasjonane målset ein seg å få instalert overvåking på i løpet av 2014. Etter den sentrale avlaupsforskrifta er det lagt opp til eit system for prøvetaking / dokumentering av gjeldande reinsekrav for alle utslepp. Gjennomføring av prøvetaking / dokumentasjon vil medføre auka kostnader og behov for meir personell og opplæring både på ingeniørsida og i uteseksjonen.

Rehabilitering av leidningsnett:
Separering av nedre delen av dagens fellesleidning i Pettervågen målset ein å gjere i 2014.

**Slamavskiljarar (private tankar) (5132/354) (FA)**
Tenesta omfattar slamtøming av private slamavskiljarar (tankar). Ordninga vart oppstarta i 1999. Sjølve tøminga har sidan starten vorte utført i regi av SSR for kommunen ved hjelp av innleigd slamentreprenør. Tenesta fungerer rimeleg bra pr. i dag. Tømerunda 2012/2013 er fullført. Ny tømerunde vert då i slutten av 2014 for heile kommunen.

Avvik:
Oppstart av tømerunde 2012/2013 kom litt seint i gong, men er no ferdig. Grunnen til at tømerunda vart forseinka er at SSR har hatt utfordringar med val av ny slamentreprenør. Kontrakt med ny slamentreprenør (Miljøservice AS frå Stryn) vart skriven i desember 2012 og slamtøminga i Herøy kommune starta då omgåande.

**Veg- og gatelys (5121) (FA)**
Tenesta omfattar veg- og gatelys langs alle kommunale vegar, fylkesvegar, kommunale parkeringsplassar for allmenn bruk samt ein del parkbelysning. Totalt om lag 2700 lys.

Generelt:
Straumkostnaden har auka vesentleg dei siste åra. For ein del strekningar på fylkesvegane får kommunen tilskot frå fylket til driftinga etter særskilde reglar. Dette tilskotet dekkjer imidlertid berre omlag halvparten av kostnaden med desse lysa. Samferdselsutvalget i Møre og Romsdal fylkeskommune gjorde i møte den 25. april 2012 eit prinsippvedtak om å overta veglysanlegg langs fylkesvegane der dei fram til nå har gitt eit tilskudd til drift og vedlikehold. **Dette vil medføre at kommunene vil site at med dei mest kostnadskrevjande veglysa langs fylkesvegane, utan å få ei krone i tilskudd for å drifte dei**. Der er løyvd 350 tusen til utbetring av veglysanlegg på Nerlandsøya i 2014. Evt. andren søknadar må settast på vent, inntil det ligg føre nye løyvingar. **Tussa utfører all nybygging, drift- og vedlikehald av veglys for kommunen. Firmaet har over tid hatt dårleg kapasitet og dette har medført forseinkingar av både utbygging, drift- og vedlikehald. Dette har igjen medført auka klager på sløkkte veglys.**

Det viser seg og at ein i enkelte områder har tildels dårlege veglyslinjer, som igjen resulterer i auka vedlikeholdskostnadar ved bruk av resurser til m.a. feilsøking for å finne feil.

Avvik / manglar:
- **Sein utføring av nybygging, drift- og vedlikehaldsarbeid frå Tussa**
- Behov for skogrydding rundt/inntil enkelte veglys
- Behov for oppgradering av nettet i enkelte områder.

Løysing av avvik / mangel:
- **vurdere om anna firma enn Tussa kan utføre kommunen sitt behov for veglystenster**
- høgare prioritering av skogrydding
- det er løyvd kr. 350.000,- til utskifting av dårlige veglyslinjer i 2014.

**ANLEGGSPROSJEKT:**

**Prosjektnummer/namn: 51937/Leine bustadfelt, skuletomta**
Prosjektleiar/ansvarleg: Ida Marie Herre

Grunnlagsdokumentasjon
Planarbeidet starta opp i 2009, men pga manglande løyving stansa arbeidet opp. I F-sak 139/12 den 11.04.2012 vart det imidlertid vedteke at 4,1 mill. kroner skulle nyttast til opparbeiding av Leine bustadfelt, skuletomta.

Løyving/storleik på løyving: Løyving på 4,1 mill. kroner vedteke i F-sak 139/12.

Status pr. dato
Anleggsstatus: Under avslutning.

| | |
|---|---|
| Total løyving | kr. 4.100.000,- |
| Forbruk 2009 | kr. 45.001,- |
| Forbruk 2010 | kr. 85.926,- |
| Forbruk 2011 | kr. 0,- |
| Forbruk 2012 | kr. 19.412,- |
| Forbruk 2013 | kr. 2.236.310,- |
| Forbruk 2014 | kr. 426.979,- |
| Rest løyving | kr. 1.286.372,- |

Anleggsarbeid oppstarta: 10. april 2013
Forventa ferdigstilling: Ferdigstilt våren 2014 bortsett frå mindre avslutningsarbeid og økonomisk avslutning. Tomtene lagt ut for salg.
Forventa totalkostnad: 4 mill. kroner inkl. riving av skulen
Behov for ekstraløyving: Ingen.
Andre avklaringar/tiltak som må iverksetjast: Anleggsarbeidet er ferdig. Økonomisk avslutning kan gjerast når alle fakturaene frå rivinga er betalt.
Avvik: Ingen.

**Prosjektnummer/namn: 51320/Avløpsanlegg Berge**
Prosjektleiar/ansvarleg: Fred Arnesen

Grunnlagsdokumentasjon:
Vedtak om at kommunen skal sørge for utbygging av kommunalt avlaupsanlegg på Nedre Berge vart gjort i F-sak 235/12.

Løyving/storleik på løyving: Ved bruk av tidlegare løyvde midlar til gjennomføring av kloakkrammeplanen.

Status pr.dato:
Anleggsstatus: Prosjektering starta opp i 2012. Arkeologisk registrering utført i april 2013.Det meste av leidningsanlegget er no utbygd. Det er for det meste tilstellingsarbeid som gjenstår.

Anbud:
Pumpestasjon: kr. 476.075,-
Rør og deler: kr. 501.948,-
Maskinentreprenør: kr. 2.199.204,-
Sum kr. 3.177.227,-

Forbruk:
2013 kr. 81.365,-
2014 kr. 2.599.000,-
Sum kr. 2.680.365,-

Avvik: Ingen

Kommentarar:
Anleggsarbeid oppstarta: Februar 2014

Forventa ferdigstilling: Juni 2014
Forventa totalkostnad: Ca 3.100.000,-
Behov for ekstraløyving: Ingen pr. d.d.

**Prosjektnr./namn: 51119/ Rassikring Vikane**
Etter nedfall av fjellblokk i 2007 vart det av konsulent gjort ei vurdering av skredfare/ sikringsbehov med forslag til tiltak. Sikring vart anbefalt løyst ved opparbeiding av fanggrøft. Arbeidet med opparbeiding av fanggrøft langs fjellfoten vart lyst ut på anbud. Utfrå kostnadene i motteke anbud og nærmare vurdering av tekniske utfordringar som anbefalt løysing innebar, fann ein det nødvendig å foreta ny vurdering av geologar m.t.p. om det kunne vere andre eigna sikringsmetoder. I denne samanheng har fjellsikringsteam gått over det aktuelle fjellområdet og kartlagt tilstanden på fjellet/ sikringsbehovet. Tilhøva viser seg å vere langt verre enn det ein tidlegare hadde grunn til å tru.

Det er løyvd 2 mill. kr til sikringsarbeidet. Kostnadene med ei sikring slik tilhøva no framstår, vil bli svært store og er no estimert til ein kostnad på minst 4 mill. Denne saka har blitt mykje meir omfattande og komplisert enn det ein hadde føresetnader til å sjå føre seg i utgangspunktet. M.a. ved at geologar og anna ekspertise ikkje kan gi noko garantiar på at gjennomføring av planlagt sikringsarbeid vil medføre sikre tilhøve for fleire eigedomar i området. Det er gjennomført møte med grunneigarane og Kommunenens sentralforbund(KS) har hatt saka til juridisk vurdering av kva ansvar kommunen evt. har i saka.

**Prosjektnr./namn: Sikring av Myrabekken på Moltustranda**
NVE utarbeidde i sin tid planer for sikring av Myrabekken på Moltustranda. NVE har vedteke å dekke inntil 80% av kostnadene medan Herøy kommune har forplikta seg til ein eigenandel på 20%. NVE har på førespurnad opplyst at dette prosjektet no ligg i budsjettkø. Ein kan ikkje seie med sikkerheit kva tid det kjem til utføring.

**Prosjektnummer/namn: 3305/Ny bru til Herøy gard**
Prosjektleiar/ansvarleg: John Normann Pettersen

Grunnlagsdokumentasjon
Vedtak om oppstart/gjennomføring: Inne i økonomiplanen for 2005 – 2008. Løyving/storleik på løyving: kr 350.000. Prosjektet stoppa opp m.a. pga. motsegn frå Riksantikvaren. Ny løyving i budsjett 2012: 3 mill. kroner.

Status pr. dato
Som følgje av usemje med Statens vegvesen, i tillegg dårleg tilstand på brukonstruksjonen så har ein beslutta å skrinlegge planane med gjenbruk av gamle VAD bru. Statens vegvesen fjerner konstruksjonen som er lagra på Mjølstadneset for eiga rekning.

**Ein lyt vidare sjå på alternative løysningar med ny bru-konstruksjon. Prosjektert vegtrase lyt behaldast i vidare planlegging og prosjektering.**

Saka blir følgt opp av ny prosjektleiar.

Økonomi:

| | |
|---|---|
| Løyving 2012 | 3 mill |
| Forbruk 2005-2012 | 30.000,- |
| Restløyving | 2.970.000,- |

Kommentarar
Avvik: Uklårt.
Forventa ferdigstilling: Uklårt.

Forventa totalkostnad: Omlag 3 mill kroner (kostnadsanslag)
Behov for ekstraløyving: Blir evt synleggjort ved tilbodsinnhenting.

**Prosjektnummer/namn: 51901/Infrastruktur Myklebustvatnet vest.**
Prosjektleiar/ansvarleg: John Normann Pettersen

Grunnlagsdokumentasjon
Vedtak om oppstart/gjennomføring: Inne i økonomiplanen for 2008 – 2011.

Løyving/storleik på løyving:
I F-sak 285/08 vart det med bakgrunn i ein totalkostnad på 3.808.445 kroner vedteke ei løyving på 2.550.000 kroner pluss at kostnaden med kommunalt avløp på 1.258.445 kroner skal takast av tidlegare løyvingar til gjennomføring av kloakkrammeplanen.

Status pr. dato
Veglys blir montert i løpet av våren 2014, iflg Tussa.

Økonomi:

| | |
|---|---|
| Løyving | kr. 2.550.000,- |
| Forbruk 2005-2011: | kr. 2.460.000,- |
| Restløyving: | kr. 90.000,- |

Økonomisk avslutning blir utført når anlegget er overteke/gatelys montert.

Kommentarar
- Avvik: Det er utført noko tilleggsarbeider.
- Forventa ferdigstilling: Ferdigstilling etter levering og montering av gatelys.
- Forventa totalkostnad: kr 2.550.000 kr (3.808.445 kr inkludert avløp)
- Behov for ekstraløyving: Som følgje av ekstra tiltak gangveg/ forstøtningsmur mot Auto Marine, samt tilstelling mot tilstøytande eigedomar.

**Prosjektnummer/-namn: 51922/Veg 7, Bergslia**
Prosjektleiar/-ansvarleg: Tore Langvatn
Grunnlagsdokumentasjon
Vedtak om oppstart/gjennomføring: K-sak 39/07.
Løyving/storleik på løyving: kr 2.800.000,-

Status pr. dato
Anleggsstatus: Anleggsarbeida ferdig. Det manglar ein støttemur/innsynskjerm i enden av vegen, på snuplassen og overføring av skøyte frå 3 grunneigarar til Herøy kommune.
Framdrift for prosjektet: Anleggsprosjektet er ferdig.
Forbruk pr. dato:
Totalt budsjett: kr 2.800.000,-
Forbruk til no kr -2.539.644,-
Rest budsjett kr 260.356,-
Avvik
Reklamasjon på private eigedomar må ferdigstillast og skøyte på eigedomsoverdraging må skrivast/underskrivast.

Kommentarar
Forventa ferdigstilling: 2014.
Forventa totalkostnad: 2.800.000,-
Behov for ekstraløyving: Ingen

Andre avklaringar/tiltak som må iverksettast: Sak om økonomisk avslutning må leggast fram for godkjenning.

**Prosjektnummer/namn: 51007/Tjørvåg kunstgrasbane**
Prosjektleiar/ansvarleg: Tore Langvatn
Grunnlagsdokumentasjon
Vedtak om oppstart/gjennomføring: K-sak 27/10
Løyving/storleik på løyving: Finansieringsplan på 4 mill
Status pr. dato
Anleggsstatus: Ferdig. Offisiell opning av Tjørvåg kunstgrasbane var laurdag 28. mai 2011.

| | | |
|---|---|---|
| Total løyving: | kr | 4.000.000,- |
| Totalt forbruk: | kr | -4.000.000,- |
| Rest løyving: | kr | 0,- |

Avvik: Ingen
Kommentarar
Ferdigstilt: 28. mai 2011. Økonomisk avslutning på saka er oppstarta, men det har ikkje kome inn alle tippemidlar til prosjektet. Sluttrekneskap for oversending til Fylket, grunnlag for utbetaling av tippemidlar, er under arbeid. Før det er avklara kan ein ikkje sende saka til politisk handsaming.
Forventa totalkostnad: Som i finansieringsplanen.
Behov for ekstraløyving: Ingen pr. d.d.

Prosjektnr./namn: **51003 og 51011/Parkeringsareal bak rådhuset/Næringstiltak**
Prosjektleiar-/ansvarleg: Jon Rune Våge

Grunnlagsdokumentasjon
Vedteken reguleringsplan for Rådhusområdet. Arbeida omfattar i første omgang planering av parkeringsareal/areal for parkerings-/kontorbygg.

Løyving/storleik på løyving:
Løyving på 1 mill. kroner vart gjort i budsjett 2011 under Næringstiltak. Løyving vidareført til 2012 då prosjektet ikkje vart oppstarta i 2011. Rest løyving på omlag 0,5 mill. kroner vart overført til 2013.

Status pr. dato
Arealet er planert og oppgrusa. Undersprenging er også gjort slik at det er klart for fundamentgrøfter for innregulert parkerings-/kontorbygg.Det er ikkje formålstenleg å asfaltere arealet då det er innregulert bygg på området.

Løyving /Forbruk:

| | |
|---|---|
| Løyving 2011(overført til 2012) | kr. 1.000.000,- |
| Forbruk 2012 | kr. 506.171,- |
| Forbruk 2013 | kr. 513.354,- |
| **Meirforbruk** | **kr. 19.525,-** |

Alle beløp inkl. mva.

Avvik: Prosjektet har vore gjennomført på rammeavtale med entreprenør. Kostnaden har vorte høgare enn forventa og høgare enn det som kjem inn under reglane for bruk av rammeavtale. Bruk av rammeavtale tilseier at totalkostnad kan vere inntil 500.000 kroner eks. mva. I dette tilfellet vart summen omlag 800.000 kroner eks.mva. Meirforbruk ut over løyving etter at alle arbeid er gjort er kr. 19.525,-.

Kommentarar
Det er beklageleg at kostanden vart høgre enn føresett og at reglane for rammeavtalen vart overskriden med omlag 300.000 kroner. Ein vil innskjerpe rutinane med sikte på å unngå dette for ettertida.

**Prosjektnummer/namn: 51923/Leidningsanlegg Moltu**
Prosjektleiar/ansvarleg: Lene S. Huldal

Bakgrunn
Delprosjekt i kloakkrammeplanen og består av separering av avlaups- og overvassleidningar i Moltubakkane og ny avskjærande leidning for å samle det pr. i dag ureinsa utsleppa i ein slamskillar med ny sjøleidning. Tiltaket er særs viktig for å reinske opp i både kommunale og private utslepp frå den tettast befolka delen av Moltu.

Løyving/storleik på løyving: Løyving i kloakkrammeplanen.

Status pr. dato
- Separering i Moltubakkane er utført.
- Ny avskjærande leidning ved sentrum på Moltu er planlagt.
- Avtalar med grunneigarane langs planlagd trasé er no inngått.
- Prosjektet stoppa så opp pga. kapasitetsmangel/prioritering av andre prosjekt.
- I F-sak 215/11 vart det vedteke at Moltu I skal prioriterast på førsteplass.
- Då framdrifta for liknande grunnavtalar i Grønhaugen gjekk raskare vart prosjektet med reinseanlegg RA2 der satt i gong først for og ikkje stoppe arbeida med kloakkrammeplanen.

Framdrift for prosjektet:
Sidan førre rapportering har no grunnavtalane kome på plass.

Prosjektregnskap

| | |
|---|---|
| **Sum forbruk** | **kr 949.736,-** |

Avvik:
Uføresett store utfordringar med grunnavtalar som har ført til omprosjektering av delar av tiltaket og forsinka oppstart.
Kommentarar
Planlagt oppstart: August 2014
Forventa totalkostnad: Om lag 6 mill.
Behov for ekstraløyving: Ingen pr. d.d.

**Prosjektnummer/-namn: 51925/Silanlegg Grønhaug**
Prosjektleiar/-ansvarleg: Lene Huldal

Grunnlagsdokumentasjon
Delprosjekt i kloakkrammeplanen. Gjeld bygging av silanlegg for avlaup i Grønhaugen på Bergsøya. Alt avlaupsvatn frå sørsida av Bergsøya frå Herøy kyrkje til Berge bedehus og Bergshaugen, skal samlast og førast til anlegget for reinsing.

Løyving/storleik på løyving:
Løyving i kloakkrammeplanen.
Status pr. dato
Anlegget er satt i drift og det gjenstår mindre arbeid for ferdigstilling.

| | |
|---|---|
| Totalt forbruk | kr 15 162 525 |

Avvik:Grunnarbeida var noko forsinkande for prosjektet.

Kommentarar:

| | |
|---|---|
| Oppstart: | Grunnarbeid vart oppstarta 2. april 2013. |
| Forventa ferdigstilling: | Andre kvartal 2014 |
| Forventa totalkostnad: | Omlag 17,5 mill. |
| Behov for ekstraløyving: | Ingen pr. d.d. |
| Andre avklaringar/tiltak som må iverksettast: | Ingen pr. dags dato |

**Prosjektnummer/namn: 51004/Kunstgras på Bergsøy stadion**
Prosjektleiar/ansvarleg: Lene S. Huldal

Grunnlagsdokumentasjon:
Grasbana på Bergsøy stadion har vore prega av dårlig drenering og dermed avgrensa bruk. I samband med vurdering av rehabilitering vart det vedteke at det skulle leggast kunstgras på grasbana.

I K-sak 149/10 vart det godkjent følgjande finansieringsplan:

| | |
|---|---|
| Spelemidlar | kr 2.500.000 |
| RDA-midlar | kr 1.000.000 |
| Dugnad | kr 50.000 |
| Bergsøy IL | kr 5.226.000 |
| Refusjon mva. til prosjektet | kr 2.194.000 |
| Totalt | kr 10.970.000 |

Status pr. dagsdato:
Kunstgrasdekket er ferdig og teke i bruk. Lysanlegg er ferdig innstallert og teke i bruk. Det gjenstår noko opprettingsarbeid.

Prosjektregnskap

| | |
|---|---|
| Forventa totalkostnad (eks mva) | kr 8.776.000 |
| Sum forbruk | kr 7.567.904 |
| Rest | kr 1.208.096 |

Kommentarar

| | |
|---|---|
| Forventa ferdigstilling: | 2014 |
| Forventa totalkostnad: | 10.970.000 kr |
| Behov for ekstraløyving: | Ingen pr. d.d. |
| Andre avklaringar/tiltak som må iverksetjast: | Ingen pr. d.d. |

**Prosjektnummer/namn:51200 Kunstgrasbane Leikong**
Prosjektleiar/ansvarleg: Lene S. Huldal

Grunnlagsdokumentasjon:
Prosjektet omfattar bygging av 7-ar kunstgrasbane på eksisterande grusbane ved Leikanger skule. I K-sak 186/11 vart det gjort vedtak om kommunal utbygging av prosjektet

og det vart sendt inn søknad om spelemidlar. Prosjektet er delt i tre entreprisar, grunn-, kunstgras- og lysentreprise. Opparbeiding starta hausten 2012.

| | |
|---|---|
| Forventa totalkostnad (eks. mva) | kr 2.686.300 |
| Forbruk 2011 | kr 10.000 |
| Forbruk 2012 | kr 719.398 |
| Forbruk 2013 | kr 1.569.667 |
| Totalt forbruk | kr 2.234.558 |
| Rest | kr 451.742 |

Kommentarar
Framdrift:Arbeida er avslutta og banen er teken i bruk, restutbetalingar og økonomisk avslutning gjenstår.
Forventa totalkostnad: 2.686.300 kr eks. mva
Behov for ekstraløyving: Ingen pr. d.d: Grunnarbeidet ligg an til å overskride med 50.000kr. Dette grunna vanskeligare grunnforhold enn forutsatt. Sidan oppgjør for lys- og kunstgrasentreprise ikkje er gjort endå er ein usikker på om det kan sparast inn på andre område.
Andre avklaringar/tiltak som må iverksetjast**:** ingen

**Prosjektnr/namn: 51350/Vegarm Myklebust-Campus**
Prosjektleiar/ansvarleg: Lene S. Huldal

Grunnlagsdokumentasjon
Prosjektet omfattar bygging av komplett veg frå Myklebust til Campus. Det er gjort vedtak i samferdselsutvalet ved fylket 5.9.2012 om at prosjektet kan realiserast i samråd med Møre og Romsdal fylke og Statens vegvesen og at kostnadane vert å rekne som del av kommunen sitt bidrag til realisering av ny innfartsveg til Fosnavåg.

Status pr. dato
Det er signert samarbeidsavtale med Statens vegvesen og vegen er prosjektert. Utarbeidde teikningar mm. er oversendt til Statens vegvesen for uttale før utlysing på anbod. Vidare er grunnkjøp/grunnavtalar gjennomført.

| | |
|---|---|
| Løyving (RDA) | 10.000.000 kr |
| Forbruk | 4.247.608 kr |
| Rest løying | 5.752.392 kr |

Kommentarar
Forventa ferdigstilling: 2015
Forventa totalkostnad: 16 mill kr
Behov for ekstraløyving: Ja, vert å handsame politisk..
Andre avklaringar/tiltak
som må iverksetjast**:** Det er vedtatt at administrasjonen skal ha opp ny sak når anbod er henta inn.

**Prosjektnr/namn: 51361/Avlaup Almenningskaia**
Prosjektleiar/ansvarleg: Lene S. Huldal

Grunnlagsdokumentasjon

Det må byggast ut avlaupsnett på Almenningskaia i Fosnavåg som mellom anna nytt hotell skap koplast til.

Status
Det er gjennomført konkurranse på pumpestasjon og kontrakt er inngått.

Løyving/storleik på løyving:
Løyving i kloakkrammeplanen.

| | |
|---|---|
| Forbruk | 45.237kr |

Prosjektet er oppstarta veke 20 2014.

Forventa ferdigstilling: 3. kvartal 2014.

Forventa totalkostnad: 3 mill kr

**Prosjektnr/namn: 51304/Kai i Fosnavåg**
Prosjektleiar/ansvarleg: Lene S. Huldal

Grunnlagsdokumentasjon
Prosjektet omfattar riving av eksisterande kai foran "Strandteigen", fylling i sjø og bygging av ny kai på omlag 5x39m. Kai skal fungere som trasè for utrykkingskjøretøy og er ein del av promenaden langs sjøkanten i Fosnavåg.

Status pr. dato
Kontrakt er inngått og arbeida starta veke 20 2014.

Avvik:
Det er avdekka større djupner enn først anteke som fører til konsekvensar for økonomi og framdrift. Dei uforutsette kostnadane er pr. d.d. inndekt gjennom uforutsetposten.

| | |
|---|---|
| Løyving | 3.884.000 kr |
| Forbruk | 126.737 kr |
| Rest løyving | 3.757.263 kr |

Kommentarar:

| | |
|---|---|
| Forventa ferdigstilling: | Tredje kvartal 2014 |
| Forventa totalkostnad: | 3.884.000kr |
| Behov for ekstraløyving: | Ikkje pr. dag dato. |
| Andre avklaringar/tiltak som må iverksettast: | Ingen pr. d.d. |

**Utbyggingsavtalar**
Nedanfor er ein tabell som syner dei ulike utbyggingsavtalane som kommunen har lyst ut oppstart på. Tabellen syner status på dei ulike avtalane.

| Nr | Part | Område | Utlyst oppstart | Starta forhandling | Off.ettersyn | Vedteken avtale | Anlegg overteke |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 1 | Kvalsund og Teige | Kvalsund og Teige byggefelt | x | x | Juni 2009 | 22.10.2009 | |

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Byggefelt AS | | | | | | |
| 2 | Nordic Resort Holding AS | Torvik resort | x | | | | |
| 3 | Havutsikta AS | Havutsikta - Koparstad | x | x | | | |
| 4 | Herøy byggsenter + Direktehandel AS | Myrvåg | x | | | | |
| 5 | Myklebuståsen utbygging AS | Myklebuståsen | x | x | | | |
| 6 | Tømrer Prosjekt AS | Hjelmeset 4 | x | | feb-mars 2014 | | |
| 7 | Fosnavåg Vekst AS | Uteområde/ infrastruktur ved nyehotellet | x | x | juni-aug 2013 | 30.1.2014 | |
| 8 | Vågsholmen Utvikling | Vågshomen | x | x | | | |
| 9 | BT Utbygging AS | Tovågen | x | x | | 24.4.2014 | |

**BYGGEPROSJEKT:**

**Prosjektnr/namn: 51102/Toftestøvegen 11, Bustadar for unge funksjonshemma (totalentreprise)**
Prosjektleiar/ansvarleg: Trond Sellereite

Grunnlagsdokumentasjon
K-sak : 179/10 750.000 (2011 budsjettet)
9.250.000 (2012 økonomiplan)
9.150.000 (2013 budsjettet)
k-sak: 115/13 6.150.000 (tilleggsløyving 2013)

I 2011-budsjettet vart det løyvd 750.000 kroner til planlegging. Forbruket i 2011 var 70.000 kroner. I 2012-budsjettet vart det løyvd 9,25 mill. kroner til prosjektet. Av dette vart det brukt 240.000 kroner til planlegging. Resterande del av løyvingane i 2011 og 2012 vart ikkje vidareførte/overførte til nytt budsjettår. Det er i budsjettet for 2013 avsett 9,15 mill. kroner til prosjektet. I tillegg kjem ekstraløyving i 2013 på 6.150.000,-.

| | |
|---|---|
| Total løyving | Kr 15.610.000,- |
| Forbruk 2011 | Kr 70.000,- |
| Forbruk 2012 | Kr 240.000,- |
| Forbruk 2013 | Kr 690.649,- |
| Forbruk til d.d | Kr 50.697,- |
| Rest løyving | Kr 14.609.351 |

Status pr. dato
Hausten 2013 vart brukt til utarbeiding av funksjonsbeskrivelsar for dei ulike faga.
Anbodskonkurransen vart avslutta 3.2.2014. Det kom inn tre anbod, der Meisterbygg Møre as var den tilbydaren som hadde det mest økonomisk fordelaktige anbodet.
Kontrakt vart underskreven 26.3.2014, og grunnarbeidet vart oppstarta 2.5.2014.

Framdrift
Kontraktsfesta ferdigstillelsesdato 1.4.2015
Kontraktsfesta totalsum: 13.880.000,-

**Prosjektnr/namn: 51402/Myrvåg omsorgssenter, ombygging av tak (totalentreprise)**
Prosjektleiar/ansvarleg: Trond Sellereite

Grunnlagsdokumentasjon
På oppdrag frå Eigendomsavdelinga skal taket på Myrvåg omsorgssenter ombyggast. Dette på grunn av vasslekkasjer, kondensproblemer og påfølgjande ising i vinterhalvåret.

Løyving/storleik på løyving: Budsjettet for 2014: 3.000.000,-

| | |
|---|---|
| Total løyving | Kr 3.000.000,- |
| Forbruk til d.d | Kr 0,- |
| Rest løyving | Kr 3.000.000,- |

Status pr. dato
Planleggingsarbeid starta mars 2014
Det er oppretta samarbeid med Spostøl arkitekter, for å lage funksjonsbeskrivelse/tilstandsrapport. Det var Sporstøl som var RIB under påbygginga/ombygginga i 2006, derfor kjenner dei bygget godt og kjenner til utfordringane med det.

Framdrift
Forventa Doffin utlysing: juni 2014
Forventa totalkostnad: 3.000.000,-
Forventa oppstart: juli/august 2014
Forventa ferdigstilling: oktober 2014

**Prosjektnr/namn: 51312/Tribuneoverbygg Havila Stadion Fosnavåg (totalentreprise)**
Prosjektleiar/ansvarleg: Trond Sellereite

Grunnlagsdokumentasjon
Funksjonsbeskrivelse er produsert av Bergsøy IL Fotball, og kvalitetssikra av Mulvik as etter oppdrag frå Herøy kommune.

Løyving/storleik på løyving: 2.500.000,- Budsjettet for 2014

| | |
|---|---|
| Total løyving | Kr 2.500.000,- |

| | |
|---|---|
| Forbruk til d.d | Kr 0,- |
| Rest løyving | Kr 2.500.000,- |

Status pr. dato
Forventa totalkostnad: 2.500.000,-
Utlysing på Doffin: 8.4.2014
Anbodskonkurransen skulle opprinnelig verte avslutta 19.5.2014, men på bakgrunn av tilbakemeldingar frå entreprenørar vart fristen forlenga til 2.6.2014.

Framdrift
Forventa oppstart: juli/august 2014
Forventa ferdigstilling: november 2014

Prosjektnummer/namn: 50911/Tilbygg Helsesenter.
Prosjektleiar/-ansvarleg: John Normann Pettersen

Grunnlagsdokumentasjon:
Kommunestyret handsama sak vedr prosjektrammer i K-sak 155/10. Nye kostnadsrammer knytt til prosjektet er pålydande kr. 10,8 mill, og omfattar både tilbygg og ombygging.

Status pr. dato:
TIlbygget vart overlevert til Herøy kommune den 27.11.2013. Av bygningsmessige arbeider så står det att maling av elementer utvendig samt tilsåing av plenarealer. Dette skal utførast på vårparten 2014.

Uforutsette tiltak med ombygging av helsesenteret er påløpt prosjektet. Bygningsmessige og tekniske tiltak er utført på del tilhøyrande helsesøster. Noko ombygging av del i tilknytning til PO blir utført våren 2014. Dette er naudsynte tiltak for tilrettelegging etter omstrukturering av tjenestene.

TIlbod/Prosjektkostnad:
Basert på tilbodet frå Prosjektbygg AS, blir nye kostnadsrammer som følgjer:

| | |
|---|---|
| Tilbodssum inkl mva: | 19.849.130,- |
| Inventar og utstyr: | 00.750.000,- |
| Prosjektoppfølging: | 00.400.000,- |
| Reservepost: | 00.600.000,- |
| Til saman: | 21.600.000,- |

Tillegsløyvingar vart gjeve i K-sak 160/12.

Forbruk pr dato:

| | |
|---|---|
| Prosjektløyvingar: | 21,6 mill |
| Forbruk: | 21,8 mill |
| Overforbruk: | 0,2 mill |

Kommentarar

-Avvik: Det er signalisert behov for full utnytting av ledig areal i 2 etg. Dette er omprosjektert til fleire cellekontor. Dertil auka kostnadar knytt til bygningsmessig, teknisk og møblering.
- Forventa totalkostnad: Det må påreknast tilleggsløyving pga fleire kontor og utstyr mm i tilbygg, samt meir omfattande ombygging av helsesenteret.
- Behov for ekstraløyving:
- Forventa ferdigstilling: November 2013. Ombygging våren 2014

**Prosjektnummer/namn: 51903/Omsorgsbustadar på Myklebust** (Tidlegare bustader psykiatri Eggesbønes).

Prosjektleiar/-ansvarleg: John Normann Pettersen

Grunnlagsdokumentasjon
Prosjektet vart vedteke oppstarta og med nye kostnadsrammer i K-sak 55/08. Opsjon for bygging av hus D (2 bueiningar) vart handsama i K-sak 69/08, og med vedtak om bygging og finansiering. Godkjent kostnadsramme for prosjektet samla er: 24,7 mill.

Status pr. dato:
Herøy kommune stemna ansvarleg utførande for Søre Sunnmøre Tingrett, etter tvist i regressak. Hovedforhandling vart holdt den 21.03.2014, og domsavgjerdsle låg føre 02.04.2014. Herøy kommune fekk fult ut medhald i saka, og motparten vart dømd til å betale erstatningskrav inkl saksomkostningar. Saka vart/blir ikkje anka av motparten. Advokatfirma Steenstrup Stordrange bistod Herøy kommune i saka.

Økonomi pr. dato:
Økonomisk avslutning vil bli utført innan juni mnd 2014.

Prosjektnr. -namn: Base funksjonshemma barn i barneskulen
Prosjektleiar/-ansvarleg: John Normann Pettersen

Grunnlagsdokumentasjon

| | |
|---|---|
| Startløyving (K-sak 179/10) | kr. 200.000 |
| Løyving i 2012 budsjettet | kr. 2.500.000 |
| Total løyving pr. 01.01.2012 | kr. 2.700.000 *) |

*)I øk.plan 2013 er det føresett ei løyving på 2.5 mill. kroner til fullfinansiering.

Status pr. dato:
Økonomisk avslutta.

Prosjektkostnadar:

| | |
|---|---|
| Bygningsmessige arbeder: | 1.537.500,- |
| Grunn/maskinarbeider: | 0.250.000,- |
| Tekniske fag: | 0.457.500,- |
| Sum: | 2.245.000,- |

Restløyving på kr 255.000,- går til inndekking av lønskostnadar, inventar og uforutsett.

Forbruk pr dato:

| | |
|---|---|
| Prosjektløyvingar: | 2,5 mill |
| Forbruk: | 2,423 mill |
| Restløyving: | 77.000,- |

Økonomisk avslutning blir utført våren 2014.

Kommentarar:
Avvik: Arealmessige avvik ift vedtak. Innanfor økonomiske rammer for tiltaket.

Prosjektnr. -namn: 51305 / Ny barnehage - Indre Herøy
Prosjektleiar/-ansvarleg: John Normann Pettersen

Status pr dato:
Arbeid med forprosjekt pågår, og blir overført til ny prosjektleiar etter at tiltaket er realitetshandsama politisk.

## Eigedom

Ikkje noko rapportert.

DETALJ OG OMRÅDEPLANER (kommunale og private)

GENERELL OVERSIKT
**(Siste politiske prioritering den 4/2-2014 sak 19/14)**

**Liste Ajourført- 16.05.2014**

**KOMMUNALE PLANER:**

A- **avslutta plan , N- ny plan, K – kunngjort, KL- klagesak**

**Kommuneplaner, delplaner og temaplaner**

| Lnr. | Planident | Saksnr | Plannamn | Ansv. | Pol.pri. | Status |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 1. | 201245 | 11/469, 12/4 | Kommunedelplan avløp 2006-10 | OM | 1 | |
| 2. | 201250 | 10/368, 10/630, 12/7 | Kommuneplan Herøy – Arealdel | OM | 1 | |
| 3. | 201269 | 11/388, 12/5 | Kommunedelplan Helse og Omsorg | OM | 1 | A |
| 4. | 201270 | 12/546 | Kommunedelplan Trafikktrygging | AZT | 1 | |
| 5. | 201302 | | Kommunedelplan bustadsosial handlingsplan | OM | 1 | |
| 6. | 201303 | | Rusmiddelpolitisk handlingsplan. | OM | 1 | |
| 7. | | | Strategisk næringsplan. | OM | 1 | |

**Område og detaljreguleringsplaner**

| Lnr. | Planident | Saksnr | Plannamn | Ansv. | Pol.pri. | Status |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 8. | 201247 | 07/820 | Reguleringsplan Indre Bergsøy | BSS | 1 | |
| 9. | 201248 | | Reguleringsplan Moltustranda, nytt bustadfelt | AZT | 1 | |
| 10. | 201261 | | Reguleringsendring Mjølstadneset | - | 2 | |
| 11. | 201265 | 10/164 | Reguleringsplan for Kvalsund hamn | HR | 1 | |
| 12. | 201267 | | FV654 Flusundkrysset- kryss mot Vikane | HR | 1 | |
| 13. | 201271 | | Runde, tilrettelegging av tomter | BSS | 2 | |
| 14. | 201272 | 11/852 | Reguleringsplan gangsti rundt Myklebustvatnet | | 2 | |
| 15. | 201305 | 13/566 | Reguleringsendring Frøystad skule, gnr. 20, bnr. 27 m fl | BSS | 2 | |
| 16. | 201306 | | Ny basestasjon brannvernet | HR | 2 | |
| 17. | 201307 | | FV18 Leine –Remøyholm, reguleringsendring | HR | 2 | |
| 18. | 201310 | | Reguleringsplan nye gang- og | AZT | 1 | |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | sykkelvegar | | | |
| 19. | 2014312 | | Reguleringsendring Kvalsund – Teige | BSS | 1 | N |
| 20. | 2014321 | | Reguleringsplan for Herøy gard | BSS | 2 | N |
| 21. | 201266 | 11/717 | Nærøya, fortau, veg og kryss | AZT | 1 | KL |
| 22. | 201263 | | Reguleringsplan for Fosnavåg hamn (indre del) | BSS | 1 | KL |
| 23. | 201246 | | Ny innfartsveg Fosnavåg | HR | 1 | KL |

PRIVATE PLANER:
A- **avslutta plan , N- ny plan, K – kunngjort, KL- klagesak**

| Lnr. | Planident | Saksnr | Plannamn | Ansv. | Status |
|---|---|---|---|---|---|
| 24. | 201275 | 10/422 | Reguleringsplan 24/2, Røykeritomta | HR | |
| 25. | 201278 | 09/611, 12/12 | Reguleringsplan Verket | OM | KL |
| 26. | 201284 | | Reguleringsplan Huldal | AZT | |
| 27. | 201286 | | FV 654 Indre Herøy kyrkje-Stoksund | HR | |
| 28. | 201285 | | IMO senteret | AZT | |
| 29. | 201301 | | Lanternen Marina | AZT | |
| 30. | 201304 | | Detaljreguleringsplan Eggesbøjorda området FKO | AZT | |
| 31. | 201283 | 09/424 | Reguleringsplan utvida bustadfelt Frøystad | AZT | A |
| 32. | 201252 | 10/80 | Reguleringsplan Hjelmeset III | BSS | KL |
| 33. | 201401 | 13/1379 | Reguleringsendring Tovågen | BSS | A |

| Planident | 201245 |
|---|---|
| Plannamn | Kommunedelplan avlaup 2012-2022 |
| Tiltakshaver | Herøy kommune |
| Privat/Offentleg | Offentleg |
| Konsulent | - |
| Digital informasjon er lagra her: | I:\UTVIKLINGSAVDELINGA\PLAN\OLE MAGNE\KOMMUNEDELPLAN FOR AVLAUP |

| Gebyr | Beløp | Sendt ut | Registrert innb. |
|---|---|---|---|
| Handsaming | | | |
| Areal | | | |

| Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei) | |
|---|---|
| Beløp | |

Plandialog

| Oppstart | Høyring | 1g. behandling | Høyring | 2g. beh/vedtak | Klagefrist | Avslutta |
|---|---|---|---|---|---|---|



| Planinitiativ | Uttalelse til planarbeid | Planutarbeid/ Saksførebuing | Offentleg ettersyn | Saksførebuing | Kunngjering/ klage | Klagebehandling |
|---|---|---|---|---|---|---|

| Rapporteringsdato: | 1.5.2014 |
|---|---|

**Planstatus:**

Arbeidet er starta opp og planprogram er vedteke.
Runde Miljøsenter har gjennomført resipientundersøkelsar levert statusrapport for eit utval av resipientane i Herøy.

*Status: Utviklingsavdelinga skal oppdatere delar av kommunedelplanen etter avtale med Anlegg- og driftsavdelinga. Arbeidet ligg etter tidsskjema på grunn av at resipientundersøkingane måtte gjennomførast på sommaren og det har teke lang tid med utarbeiding av rapporten.*

| | |
|---|---|
| **Planident** | 201246 |
Kommunen har eit ansvar for å ta omsyn til klimaendringar ved å planleggje for å redusere konsekvensane av framtidige klimaendringar. I planlegginga må derfor kommunen sikre at konsekvensar for miljø og samfunn vert skildra og at det vert teke tilstrekkeleg omsyn til dette i planarbeidet. Kommunen vil i all kommunale verksemd sørgje for at tiltak som kan få konsekvensar for miljø og klima vert utgreidd på ein forsvarleg måte i tråd med aktuelt lovverkt og retningslinjer. Kommunen vil arbeide for at det skal takast omsyn til miljø og klima i all planlegging, prosjektering og gjennomføring av tiltak.

## Satsingsområde: Infrastruktur

Med omgrepet *infrastruktur* meiner vi det som tradisjonelt kallast teknisk infrastruktur. Med *infrastruktur* meinar vi derfor strukturen av faste anlegg som er grunnlaget for at eit lokalsamfunn kan fungere, som til dømes vegsystem til lands, hamner og farleier til sjøs, vassforsyning, avlaupsnett, straumnett og tele-/fibernett. Sosial infrastruktur fell ikkje inn under vår bruk av omgrepet.

## Satsingsområde: Kompetanse og næringsutvikling

Herøy kommune har prosentvis færre innbyggjarar med universitets- og høgskuleutdanning samanlikna med fylket og landet. Dette er ei utfordring når både det offentlege og det private næringslivet etterspør formell kompetanse til sine stillingar. Nye arbeidsplassar vert, uansett kvar dei er lokalisert, stadig meir kompetanseintensive.

## Satsingsområde: Rekruttering, busetting og inkludering

Herøy har, pr. 1.1.2014, 8 847 innbyggjarar og har hatt ein jamn auke dei siste åra. For at Herøy kommune skal ha grunnlag for ei sentrums- og samfunnsutvikling er ein avhengig av at denne trenden held seg oppe gjennom auka rekruttering og tilflytting til kommunen. Herøy har ei målsetjing om 10 000 innbyggjarar innan 2020. Dette er ei ambisiøs målsetjing, men om trenden frå siste åra held seg oppe er ein ikkje langt i frå å nå dette målet. Statistisk materiale viser at befolkninga «legg på seg» i dei eldre aldersgruppene og held seg på same nivå for unge menn, medan den indikerer nedgang for kvinner mellom 30-40 år

## Satsingsområde: Barn, unge og identitetsbygging

Barn og unge er i Herøy kommune sin samfunnsdel både eit satsingsområde og eit gjennomgåande perspektiv. Barn og unge som gjennomgåande perspektiv er knytt til mellom anna barn og unge sine rettar til medverknad i prosessar som angår dei og krav til fysisk

utforming av oppvekstmiljø og oppvekstvilkår. Barn og unge som satsingsområde rettar seg meir mot påstanden at «trivsel i kommunen aukar sjansen for tilbakeflytting».

## Handlingsdel til kommuneplanen sin samfunnsdel

Handlingsdelen til kommuneplanen sin samfunnsdel er det viktigaste strategiske verktøyet for å sikre at kommunen arbeidar mot målsetjingane som er sett i samfunnsdelen. Handlingsdelen skal konkretisere tiltak knytt til visjonen og målsetjingane i planen.

| Satsingsområde og tiltak | | Tiltak som vil ha føringar for arealdelen |
|---|---|---|
| Heilskapleg sentrum- og samfunnsutvikling | | |
| 1 | Arkitektkonkurranse og reguleringsplan for *Byutviklingsprosjektet* skal realiserast i planperioden | X |
| 2 | Kommunen skal leggje til rette for etablering av nytt omsorgssenter | X |
| 3 | Det skal leggjast til rette for kjøpesenter i sentrum | X |
| 4 | Kommunen skal halde på nisjebutikkane i sentrum | |
| 5 | Kommunen vil sikre at grunnplanet på bygningar i Fosnavåg i størst mogleg grad er atterhaldt detaljhandel | |
| 6 | Det skal leggjast til rette for næringsverksemd retta mot turisme i Fosnavåg | |
| 7 | Det skal etablerast områder for fritidsbustadar med tilknyting til sentrum og sjøen | X |
| 8 | Felles kantine for arbeidsplassane i Fosnavåg. Samle offentlege og private tilsette i eit «allbrukshus» i Fosnavåg | |
| 9 | Etablere sosiale møtestadar i sentrum med sitjeplassar og leikeområde | |
| 10 | Gjere delar av sentrum bilfritt | |
| 11 | Det skal leggjast til rette for bustadbygging i alle bygdelag | X |
| 12 | Etablere eit eldresenter i sentrum | |
| 13 | Byggje ungdomsbustadar i sentrum | X |
| 14 | Kommunen skal opparbeide seg tilstrekkeleg kommunal bustadmasse for å dekkje eigne behov | |
| 15 | Det skal leggjast til rette for detaljhandel og plasskrevjande varer i Myrvåg | X |
| 16 | Utvikle grøntområder i sentrum og aktivisere Parken | |
| 17 | Utvikle kai og strandområdet på Leikong | X |
| 18 | Vidareutvikle Heid tursti og området rundt | X |
| 19 | Opparbeide trapp frå Ura til Heid | X |
| 20 | Vidareutvikle og betre turstien rundt Djupvikvatnet | X |
| 21 | Promotere tilbodet om bygdevandring med lokalhistorikar i tilknyting til dei årlege festivalane | |
| Infrastruktur | | |
| 1 | Etablere hurtigbåtanløp: Fosnavåg by – Ålesund | X |
| 2 | Vurdere å etablere djupvasskai i Fosnavåg | X |
| 3 | Skape ei meir framtidsretta løysing for kryssing av Vaulane mellom Bergsøya – Nerlandsøya og Leinøya – Remøya | X |
| 4 | Busetting skal etablerast i størst mogleg grad i tilknyting til kommunikasjonsaksane i kommunen | X |
| 5 | Kommunen skal ha eit tettare samarbeid med nabokommunane om infrastrukturutvikling | |
| 6 | Arbeide for ei realisering av Hafast | |
| 7 | Etablere gangsti rundt Myklebustvatnet | X |
| 8 | Vurdere innføring av hamneavgift | |
| 9 | Realisere eit samband mellom Vågsholmen og sentrum | |
| 10 | Mudring og miljøopprydding av Fosnavåg hamn | |
| 11 | Starte opp arbeid med opprusting av Dragsundbrua saman med Ulstein kommune | X |

| | | |
|---|---|---|
| 12 | Starte opp arbeid med ny veg frå Koppen, langs sørsida av Skinneset og bru over Frøystadvågen til Mjølstadneset | X |
| 13 | Realisering av innfartsveg til Fosnavåg | |
| 14 | Det skal vere god standard på dei kommunale vegane gjennom forsvarleg vedlikehald | |
| 15 | Herøy kommune skal arbeide for ein ferjefri kyststamveg | |
| 16 | Herøy kommune skal leggje til rette for at bygdelag kan etablere gangstiar og helseløyper for å fremje folkehelsa | X |
| 17 | Vurdere organisatorisk overtaking av vassverka | |
| 18 | Utbetre kloakktilhøva ved Fosnavåg hamn | |
| 19 | Organisere reinhald i sentrum | |
| 20 | Planleggje og byggje ut ei samanhengande hamnepromenade frå indre til ytre del av Vågen | |
| 21 | Etablere ei ordning med bybuss og buss mellom bygdene og sentrum for barn, ungdom, eldre og menneske med nedsett funksjonsevne | |
| 22 | Betre tilkomsten til Fosnavåg, fjerne «flaskehalsar» | |
| 23 | Tilretteleggjing for å nytte masseuttak og deponi på ein forsvarleg måte | X |
| 24 | Kommunen vil arbeide for å gjere sentrum meir tilgjengeleg for menneske med nedsett funksjonsevne | |
| 25 | Etablere nye parkeringsplassar i sentrum | |
| 26 | Etablere gangforbindelse mellom Fosnavåg sentrum og kulturhusområdet | |
| 27 | Byggje saman midtre og vestre kai på Mjølstadneset | |
| **Kompetanse og næringsutvikling** | | |
| 1 | Herøy kommune skal byggje sterke fagmiljø i organisasjonen | |
| 2 | Skape kopling mellom næringslivet i Herøy og kompetansemiljøa i Volda og Ålesund | |
| 3 | Synleggjere og satse på høgt utdanna kvinner | |
| 4 | Vidareutvikle næringsbygg for utleige | |
| 5 | Etablere felles næringshage/inkubator for unge gründerar | |
| 6 | Mobilisere og byggje opp under eldsjeler | |
| 7 | Sterkare satsing på «ungt entreprenørskap» i skulen | |
| 8 | Satse på miljøvenleg turismeretta næring | X |
| 9 | Utvikle strategisk handlingsplan for å knyte forretning mot dei kreative og kunstneriske kreftene i kommunen | |
| 10 | Styrke den internasjonale orienteringa innan den vidaregåande skulen | |
| 11 | Behalde og vidareutvikle utdanningsprogram på Herøy vidaregåande skule som dekkjer den lokale og regionale arbeidsmarknaden sine behov | |
| 12 | Styrke spisskompetansen innan næringsutvikling i kommunen og etablere stilling som «næringssjef» | |
| 13 | Leggje til rette for gode næringsareal | X |
| 14 | Ta vare og vidareutvikle havbruksnæringa | X |
| 15 | Etablere eit inkubasjonsmiljø for å trekkje til seg høgt utdanna arbeidskraft | |
| 16 | Ta i bruk ny teknologi innan helse og omsorg | |
| 17 | God drift og vedlikehald av kommunal bygningsmasse | |
| 18 | Kulturhuset skal renoverast i planperioden | |
| 19 | Kulturhuset skal utviklast til eit «kompetansesenter» for kreative krefter | |
| 20 | Herøy VGS skal bestå med fag knytt til lokalt næringsliv som er attraktivt for jenter | |
| 21 | Herøy VGS skal vere ein attraktiv arbeidsplass med tilsette med høgteknologisk kompetanse innan helse og maritim sektor | |
| 22 | Vere med i eit felles prosjekt for Søre Sunnmøre om felles arbeidsmarknadstrategi og utarbeide informasjonsbrosjyre til studentar ved vidaregåande og høgskule | |
| 23 | Ta i bruk området sør for Fv. 654 i Myrvåg til massedeponi/næringsføremål | |
| **Rekruttering, busetting og inkludering** | | |
| 1 | Herøy kommune skal vere aktivt ute og nytte tradisjonelle og utradisjonelle | |

| | | |
|---|---|---|
| | arenaer for å nå dei rette målgruppene og promotere kommunen som ein attraktiv bu- og arbeidsstad | |
| 2 | Nytte den kompetansen som arbeidsinnvandrarar har med seg frå heimlandet | |
| 3 | Rekruttere høgt utdanna arbeidskraft frå utlandet og Noreg til kommunen | |
| 4 | Det skal vere god kvalitet på norskopplæringa til innvandrarane | |
| 5 | Fremje arbeid, bustad og serviceregionen med fokus på den arbeidsmarknaden som er tilgjengeleg | |
| 6 | Langsiktig satsing på ungdomen som framtidig arbeidskraft og kompetanse | |
| 7 | Etablere ein vennskapsby i til dømes Litauen, Latvia, Estland eller Polen | |
| 8 | Tilflyttarar skal kunne busetje seg både i Fosnavåg og på bygdene | X |
| 9 | Der skal vere attraktive tomter i alle bygdelag | X |
| 10 | Bustadmarknaden i Myrvåg skal vidareutviklast | X |
| 11 | Bulystprosjektet skal auke kunnskapen knytt til andre kulturar og forholdet til innvandring | |
| 12 | Talet på arbeidsinnvandrarar som vel å busetje seg i kommunen skal aukast | |
| 13 | Drive opplysningsarbeid og spreie informasjon om moglegheiter for stipend og andre ordningar | |
| 14 | Styrke samarbeidet mellom næringslivet og vidaregåande skule om til dømes simulatoropplæring | |
| 15 | Få tilbake utdanningsprogrammet teknisk teikning ved Herøy VGS | |
| 16 | Utveksle vidaregåande elevar med utlandet og ta i mot utvekslingselevar frå andre land | |
| 17 | Meir aktiv oppfølging av Herøyværingar som reiser ut for å ta utdanning | |
| **Barn, unge og identitetsbygging** | | |
| 1 | Barnehage og skule skal inkludere alle barn og unge på ein god måte med tilrettelagt informasjonsmatriell | |
| 2 | Kommunen skal ha god dekning av helsetenester for alle barn og unge | |
| 3 | Kommunen skal intervenere tidleg der barn og unge har problem | |
| 4 | Rekruttere personar med førskulelærarutdanning i alle pedagogiske stillingar i barnehagane | |
| 5 | Kommunen vil arbeide for å få fleire profesjonar innan barnehage og skule | |
| 6 | Auke og vidareutvikle kompetansen til dei tilsette i barnehagane | |
| 7 | Utarbeide tiltak for å imøtekome krava til fysisk utforming av barnehagar og skulebygg | |
| 8 | Styrke spesialiseringa for vern av barn | |
| 9 | Auke og vidareutvikle kompetansen til lærarar og førskulelærarar | |
| 10 | Tydeleggjere samanhengane mellom barns oppvekst, skule, vidaregåande og inngangen til arbeidslivet | |
| 11 | Ta i bruk ny teknologi i barnehage og skule | |
| 12 | Herøy kommune vil leggje til rette for at barn og unge får informasjon om Herøy si fortid og notid og etablerar ein indentitetskjensle til kommunen | |
| 13 | Etablere ordning med ungdomsbuss på kvelds-/ nattestid | |
| 14 | Innføre kinesisk som valfag i skulen | |
| 15 | Styrke yrkesrettleiinga i skulen mot lokale bedrifter | |
| 16 | Ny skule i området ved Blåhaugen | |
| 17 | Rekruttere fleire mannlege rollemodellar i barnehage og skule | |
| 18 | Planleggje ny idrettshall ved Einedalen skule | |
| 19 | Etablere moderne badeplassar | |

# Politisk styring

Kommunestyret vedtok ny politisk organisering i 2012. Det vart oppretta 3 nye komitear; komite for næring, kultur og idrett, komite for oppvekst og komite for helse og omsorg. Maritim komite vart endra til maritim og teknisk komite.

| Kommunestyret | Medlemer | Menn | Kvinner |
|---|---|---|---|
| Arbeidarpartiet | 6 | 2 | 4 |
| Folkelista | 3 | 2 | 1 |
| Framstegspartiet | 3 | 2 | 1 |
| Høgre | 15 | 9 | 6 |
| Kristeleg Folkeparti | 5 | 3 | 2 |
| Venstre | 1 | 1 | 0 |

## Kommunestyret f.o.m. 20.10.2011:

| | |
|---|---|
| Goksøyr, Arnulf | Høgre, ordførar |
| Steinsvik, Tor Sindre | Høgre, varaordførar |
| Sydhagen, Gry Cecilie | Høgre |
| Tarberg, Idar | Høgre |
| Hansen. Fred | Høgre |
| Gjerde, Richard Klungsøyr | Høgre |
| Lied, Frank | Høgre |
| Nygard, Sigurd Voldsund | Høgre |
| Storøy, Ann Kathrin (Tine) | Høgre |
| Otterlei, Bjørn | Høgre |
| Leinebø, Margaret | Høgre |
| Frøystadvåg, Malene | Høgre |
| Hammerø, Kirsti | Høgre |
| Sævik, Marthe Vågsholm | Høgre |
| Sævik, Stig Arne Helsem | Høgre |
| Nærø, Dag | Framstegspartiet |
| Teige, Karly Ingunn | Framstegspartiet |
| Garvik, Thor-Sigmund | Framstegspartiet |
| Hermansen, Camilla Storøy | Kristeleg Folkeparti |
| Brubakk, Ole | Kristeleg Folkeparti |
| Sævik, Linn-Therese Hansen | Kristeleg Folkeparti |
| Kvalsvik, Frank Otto | Kristeleg Folkeparti |
| Nerem, John | Kristeleg Folkeparti |
| Jøsokbakke, Henry | Venstre |
| Andreassen, Olaug | Arbeidarpartiet |
| Furø, Per Kristian | Arbeidarpartiet |
| Remøy, Janita Westbø | Arbeidarpartiet |
| Myrvågnes, Reidun L. | Arbeidarpartiet |
| Gjelseth, Svein | Arbeidarpartiet |
| Arntsen, Sofi Mere | Arbeidarpartiet |
| Kvalsvik, Bjarne | Folkelista/Senterpartiet |
| Runde, Kjell | Folkelista/Senterpartiet |
| Runde, Kaja | Folkelista/Senterpartiet |

**Formannskapet f.o.m. 20.10.2011:**

| | |
|---|---|
| Goksøyr, Arnulf | Høgre, ordførar |
| Steinsvik, Tor-Sindre | Høgre, varaordførar |
| Storøy, Ann Katrin (Tine) | Høgre |
| Leinebø, Margaret | Høgre |
| Teige, Karly Ingunn | Framstegspartiet |
| Hermansen, Camilla Storøy | Kristeleg Folkeparti |
| Runde, Kjell | Folkelista/Senterpartiet |
| Furø, Per Kristian | Det norske Arbeidarparti |
| Andreassen, Olaug | Det norske Arbeidarparti |

**Tal på politiske møte og saker:**

| | | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Kommunestyre | Ant.møte | 12 | 11 | 9 | 11 | 12 | 12 | 11 |
| | Ant.saker | 218 | 186 | 161 | 191 | 238 | 220 | 180 |
| Formannskap | Ant.møte | 23 | 25 | 22 | 23 | 23 | 23 | 17 |
| | Ant.saker | 287 | 300 | 308 | 376 | 352 | 353 | 235 |
| Maritim og teknisk komite | Ant.møte | 4 | 6 | 6 | 6 | 6 | 11 | 11 |
| | Ant.saker | 37 | 41 | 42 | 35 | 35 | 106 | 130 |
| Arbeidsmiljøutvalet | Ant.møte | 4 | 5 | 6 | 7 | 8 | 5 | 4 |
| | Ant.saker | 16 | 29 | 31 | 29 | 37 | 28 | 25 |
| Administrasjonsutvalet | Ant.møte | 1 | | 2 | | 1 | 1 | 1 |
| | Ant.saker | 3 | | 6 | | 3 | 2 | 1 |
| Eldrerådet | Ant.møte | 7 | 4 | 7 | 7 | 3 | 7 | 7 |
| | Ant.saker | 28 | 19 | 26 | 22 | 13 | 32 | 21 |
| Råd for funksjonshemma | Ant.møte | | 5 | 5 | 4 | 7 | 7 | 4 |
| | Ant.saker | | 17 | 17 | 11 | 25 | 38 | 20 |
| Ungdomsrådet | Ant.møte | 10 | 9 | | 11 | 12 | 9 | |
| | Ant.saker | 41 | 38 | | 31 | 46 | 42 | |
| Komite for næring, kultur og idrett | Ant.møte | | | | | | 5 | 10 |
| | Ant.saker | | | | | | 36 | 104 |
| Komite for oppvekst | Ant.møte | | | | | | 4 | 9 |
| | Ant.saker | | | | | | 13 | 30 |
| Komite for helse og omsorg | Ant.møte | | | | | | 3 | 10 |
| | Ant.saker | | | | | | 16 | 39 |

Valdeltakinga ved dei fire siste kommunevala:

| | Herøy | Landet |
|---|---|---|
| **2011** | 62,3 | 64,5 |
| **2007** | 62,49 | 61,2 |
| **2003** | 55,72 | 59,0 |
| **1999** | 58,6 | 60,4 |
| **1995** | 61,3 | 62,8 |
| **1991** | 67,1 | 66,0 |
| **Gj.snitt** | 61,25 | 62,31 |

Kommunevalet i 2007 vart eit brot på trenden med minkande valdeltaking, både for Herøy og for heile landet sett under eitt.

# *Administrativ organisering*

Organisasjonsmodell:



# ORGANISASJON OG MEDARBEIDARAR

**Mål:**

- Alle medarbeidarane skal oppleve Herøy kommune som ein god arbeidsplass der det er lagt til rette for trivsel og motivasjon i tråd med arbeidsgjevarpolitikken sine mål.
- Alle medarbeidarane skal utvikle arbeidsglede og stoltheit over eige og andre sitt arbeid og kommunen som arbeidsplass.
- Intern informasjon i samsvar med kommunen sin informasjons- og kommunikasjonsstrategi
- Effektiv og nyskapande når det gjeld tenesteproduksjon og internadministrasjon
- Sjukefråvere som følgje av arbeidsmiljø skal ikkje førekome.
- Auka nærvær i samsvar med målsettinga i IA-avtalen og totalt på heile kommunen minimum 92 %.

**Personalpolitikk og opplæring**
På det personalpolitiske området er det arbeidd med «Likestilte kommunar» med fokus på arbeidsgjevarpolitikk og lønspolitikk. Det er og arbeidd med «Jobbrotasjonsprosjektet» i omsorgstenestene og retningsliner for reduksjon av deltid vart på begynt.

Interne kurs hadde i 2013 desse tema:

- Sjukefråværsoppfølging med fokus på skriving av oppfølgingsplan.
- Ny seniorpolitikk gjeldande frå 01.01.2014 – informasjon om endring, overgangsordning og nye skjema
- Nye regler om alderspensjonistar som engasjerast på pensjonistvilkår – kva krev det av oss som arbeidsgjevar?
- Internopplæring for verneomboda

Det er også arrangert kurs for leiarar og andre interesserte med eksterne aktørar:

- Likestilling - kjeisam plikt eller god personalpolitikk
- Arbeidsmiljølova
- Forvaltningslova.

**Sjukefråvær**
Det totale sjukefraværet for 2013 enda på 7,5 prosent. Det syner seg at fokus på sjukefråvær og nærværs arbeid over tid har hatt effekt. Dette er det lågaste fråveret i Herøy kommune sidan underteikning av IA avtalen. Målet på 92 % nærver er nådd.

| Sjukefråvær | Korttid | Langtid | Totalt |
|---|---|---|---|
| 2002 | 3,0 | 7,6 | 10,6 |
| 2003 | 3,0 | 6,9 | 9,9 |
| 2004 | 2,8 | 5,9 | 8,7 |
| 2005 | 3,4 | 5,7 | 9,1 |
| 2006 | 2,8 | 6,1 | 8,8 |
| 2007 | 2,0 | 7,3 | 9,7 |
| 2008 | 2,0 | 6,3 | 8,6 |
| 2009 | | | 9,0 |
| 2010 | 1,7 | 8,0 | 9,7 |
| 2011 | 2,1 | 6,3 | 8,4 |
| 2012 | 1,9 | 6,4 | 8,3 |
| 2013 | 1,9 | 5,6 | 7,5 |




I høve tal frå Statistisk sentralbyrå ligg vi i 2013 under landsgjennomsnittet i sjukefråvær for kommunal sektor.

Sjukefråværet og resultata frå medarbeidarundersøkingar og arbeidshelseundersøkingar gjennomført av bedriftshelsetenesta er brukte som indikatorar på trivsel og motivasjon.

Ved medarbeidarundersøking i 2010 vart alle bedne om å svare på ein del spørsmål innanfor ulike tema som mellom anna skulle måle psykisk og fysisk arbeidsmiljø, stoltheit over eigen arbeidsplass og trivsel i jobben. Herøy kommune hadde eit gjennomsnitt på 4,6 medan landsgjennomsnittet var på 4,5 (mot 4,6 og 4,2 i 2005) 6 var beste indikator medan 1 var dårlegast. Svarprosenten var 67.

Resultata kan tyde på at kommunen som arbeidsgjevar leverer stabilt og har for det meste lukkast i arbeidet for at medarbeidarane skal trivast og vere motiverte.

**Inkluderende arbeidsliv**
Kommunen har vore inkluderande arbeidslivsverksemd sidan juli 2003. I desember 2010 resignerte vi IA avtalen. Også i 2013 har vi arbeidd systematisk med IA arbeidet .

**Delmål 1: Sjukefråvær**
Mål for verksemda.

- Nærværs prosent på 92 % for 2013. Med eit fråvær på 7,51 er dette målet nådd.
- Gravide skal gjennomsnittleg stå i arbeid til veke 30. Av dei gravide arbeidstakarane, var det 7,1% (mot 23,5% i 2012) som ikkje var sjukmeld i dert heile. 21,42 % (mot 23,5% i 2012) vart sjukmeldt før veke 30. Gjennomsnittleg stod gravide i arbeid til veke 30, vi har såleis nådd målet for 2013

**Delmål 2: Personar med redusert funksjonsevne**
Aktivitetsmål for verksemda:

- Dokumentering av tilretteleggingstiltak, at desse er vurdert, forsøkt eller gjennomført. Vi har fått ti varslar og tre vedtak om bøter frå Nav p.g.a. manglande oppfølgingsplaner og rapportering.

- Ta imot 28 personar frå Nav (inkludert praksis / tiltaksplassar). Vi har stilt plassane til disposisjon og teke imot etter førespurnad 30 personar. Det er ikkje alle plassane som har blitt nytta og nokre plassar har blitt nytta fleire gongar.

**Delmål 3: Avgangsalder**
Aktivitetsmål for verksemda:

- Flest mogleg og minst 90 % av dei som fyller 62 år skal stå i arbeid fram til fylte 65 år.
- Flest mogleg og minst 50 % av desse skal stå i arbeid fram til fylte 67 år.

I 2011 var 44 av dei tilsette mellom 62-64 år. Av desse var 40 personar fortsatt i arbeid det året dei fylte 65 år. Dette utgjer 90,9% (92,85%) (89,80%) (94,73%*) (84,62%). Tala i parentes viser utviklinga.

I 2011 var 17 av dei tilsette mellom 65-66 år. Av desse stod 15 personar i arbeid det året dei fylte 67 år. Dette utgjer 88,23%. (81,82%^) (68,75%) (38,88%*) (68,75%), tala i parentes viser utviklinga.

**Likestilling**
I den vedtekne arbeidsgjevarpolitikken er det utarbeidd mål og verkemiddel for auka likestilling mellom kjønna. Likestilling i høve, etnisk tilhøyr og personar med nedsett funksjonsevne er og innbakt i arbeidsgjevarpolitikken. Administrasjonsutvalet er likestillingsutval.

I medarbeidarundersøkinga frå 2010, var der mellom anna er spørsmål om arbeidsplassen er integrerande når det gjeld kjønn, etnisk tilhøyrsle, religion osv. Svaret er 4,95 på ein skala frå 1 til 6, der 6 var beste indikator og 1 var dårlegast.

Herøy kommune hadde i 2013 tilsett personar frå 15 ulike land, mot 18 nasjonaliteter i 2012. Noko av forklaringa her er nok at tilsette har endra statsborgarskap til norsk.

**Kjønnsbalanse**

| | 2013 | 2012 | 2011 | 2010 | 2009 | 2008 | 2007 | 2006 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Talet på årsverk * | 524 | 525 | 589 | 597 | 642 | 606 | 509 | 494 |
| Talet på tilsette** | 760 | 735 | 714 | 854 | 1225 | 845 | 709 | 710 |
| Talet på kvinner** | 624 | 582 | 575 | 685 | 956 | 671 | 568 | 561 |
| % del kvinner | 82,1 | 79,6 | 80,5 | 80,2 | 78,0 | 79,4 | 80,1 | 79 |
| Talet på menn** | 136 | 153 | 139 | 169 | 269 | 174 | 141 | 149 |
| % del menn | 17,9 | 20,4 | 19,5 | 19,8 | 22,0 | 20,6 | 19,9 | 21 |
| Talet på kvinner i høgare stillingar | 34 | 33 | 30 | 29 | 28 | 32 | 32 | 32 |
| % del kvinner i høgare stillingar | 70,8 | 66 | 63,8 | 61,7 | 60,9 | 60,4 | 60,4 | 59,2 |
| Talet på menn i høgare stillingar | 14 | 17 | 17 | 18 | 18 | 21 | 21 | 22 |
| % del menn i høgare stillingar | 29,2 | 34 | 36,2 | 38,3 | 39,1 | 39,6 | 39,6 | 40,8 |
| | | | | | | | | |
| Tal på tilsette i deltidsstillingar | 516 | 487 | 464 | 622 | | 507 | 464 | 488 |
| Tal på kvinner i deltidsstillingar | 456 | 419 | 411 | 537 | | 446 | 414 | 420 |
| % del kvinner i deltidsstillingar | 88,4 | 86 | 88,5 | 86,3 | | 88 | 89,2 | 86 |
| Tal på menn i deltidsstillingar | 59 | 68 | 53 | 85 | | 61 | 50 | 68 |
| % del menn i deltidsstillingar | 11,6 | 14 | 11,4 | 13,7 | | 12 | 10,8 | 14 |
| | | | | | | | | |

| | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Undervisningspersonell*** | 151 | 147 | 144 | 155 | 269 | 144 | 143 | 146 |
| Turnuspersonell | 275 | 253 | 260 | 278 | 607 | 228 | 191 | 173 |
| Anna personell | 334 | 335 | 310 | 421 | 349 | 234 | 375 | 391 |
| | | | | | | | | |

* Årsverk pr. 31.12.2013
** Tilsette pr. 31.12.2013
*** Undervisningspersonell i grunn- og kulturskulen

Den kjønnsmessige fordelinga på stillingar har endra seg lite over tid. Framleis er det slik at det er stor kvinneleg dominans i dei tradisjonelle pleie- og omsorgsyrka, blant reinhaldarane og innan merkantile funksjonar. Det er mannleg dominans innan dei tradisjonelle faga i teknisk sektor og i brannvernet.

Når det gjeld menn i leiande stillingar har det vore ei jamn prosentvis nedgang dei siste åra. Ved årets slutt var det 15 leiarar i rådmannen si leiargruppe, 6 menn og 9 kvinner. Ved utgangen av 2013 hadde vi 33 mellomleiarane, av desse er 8 menn og 25 kvinner.

**Likelønn**

| | 2012 | | | 2013 | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Gjennomsnittslønn | M | K | Differanse i menns favør | M | K | Differanse i menns favør |
| Rådmannen si leiargruppe | 604 500 | 588 600 | 2,6 | 662 000 | 619 375 | 6,4 |
| Mellomleiarane | 538 556 | 505 400 | 6,1 | 557 000 | 539 000 | 3,2 |
| Fagarbeidar-stillingar | 398 625 | 353 643 | 11,2 | 376 618 | 371 085 | 1,4 |
| Høgskule | 459 004 | 415 900 | 9,4 | 461 447 | 417 692 | 9,4 |
| Undervisnings-personell | 447 393 | 447 982 | -0,1 | 454 510 | 458 822 | -0,9 |

Tala i rådmannen si leiargrupper er utrekna utan løna til rådmannen. Inkludert i tala er assisterande rådmann samt Nav leiar stillinga. Den siste er løna statleg. Om ein trekker ut ass. rådmann stillinga og Nav leiar stillinga er differansen 1,2 % i menns favør, altså ei endring frå i fjor der lønna var i 0,5% i kvinners favør.

Ein hadde i 2013 ei likelønnsprofil spesielt med fokus på mellomleiarnivå. Dette har gjeve resultat i form av mindre lønsforskjell mellom mann og kvinne. Samstundes viser lønnsnivået på toppleiarnivå ei endring i menns favør.

Som ein ser så er det positive endringar i høve likelønn også på fagarbeidarnivå. For undervisningspersonell kom differansen ut i kvinners favør i 2012, denne har auka i 2013. Tilleggsutdanning har påverknad på resultatet for undervisningspersonell. Lønn for undervisningspersonell som er vist i denne tabellen er lønn utan funksjonstillegg.

**Arbeidstid**

Tilsette som har uønska deltid kan variere frå eit år til eit anna, alt etter samansettinga av personalgruppa. Ein ser at ønske i høve stillingsstørrelse i noko grad er livsfaseorientert. Frå og med 2014 skal det gjennomførast ei systematisk kartlegging av ønske om endring i stillingstorleik. Det skal gjennomførast ei felles kartlegging i året som skal danne grunnlag for det vidare arbeidet med ufrivillig deltid. Herøy kommune har vedteke mål om at alle tilsette innan 01.01.17 skal minimum ha ei stilling på 60%. Dette med unntak av reine rekrutterings- og helgestillingar og stillingar i brannvernet

Pr. utgangen av 2013 fordeler uønska deltid seg slik:

| Uønska deltid pr. avdeling | Menn 2011 | Menn 2012 | Menn 2013 | Kvinner 2011 | Kvinne 2012 | Kvinner 2013 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Skuleavdelinga lærarar | | | | | 2 | |
| Skuleavdelinga assistentar | 0 | 0 | | 5 | 2 | 4 |
| Eigedomsavdelinga, reinhald | 1 | 0 | | 3 | 3 | 1 |
| Pleie og omsorgsavdelinga, sjukepleiarar | 1 | 1 | | 20 | 16 | 14 |
| Pleie og omsorgsavdelinga, fagarbeidar | 1 | 1 | | 48 | 42 | 40 |
| Bu og habiliteringsavdelinga | | 1 | | | 14 | 18 |

**Foreldrefråvær**
Statistikken viser prosent av dei tilsette fordelt på kjønn som er heime med sjukt born. Fråværet er rekna ut i frå tal på menn og kvinner som jobbar i organisasjonen. I høve tilsette menn og kvinner har kvinner meir fråvær enn menn p.g.a. sjukt born. Talet for kvinner har gått ned siste året, medan det prosentvise talet på menn som er heime med sjukt born har gått opp.

| | M 2010 | K 2010 | M 2011 | K 2011 | M 2012 | K 2012 | M 2013 | K 2013 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Fråvær p.g.a. sjuke born | 13,6% | 16,4% | 12,9% | 23,5% | 9,1% | 23,0% | 13,2% | 17,8% |

**Helse, miljø og sikkerheit (HMS)**
Hovudmålet for HMS- arbeidet er at dei tilsette skal ha eit trygt og godt fysisk og psykisk arbeidsmiljø. Gjennom ei slik målsetjing vil ein oppnå betre kvalitet på arbeidsmiljøet for dei tilsette og der av betre kvalitet på tenestene som kommunen leverer til innbyggarane.

Vi har eit nært samarbeid med Bedriftshelsetenesta og Hovudverneombod. Det er laga handlingsplan for bruk av bedriftshelsetenesta, arbeidshelseundersøkingar og kurs med fokus på arbeidsmiljø for tilsette. Avvik vert rapportert og følgt opp.

I tillegg til det som omfattar lovpålagt HMS-arbeid skal Herøy kommune har fokus på folkehelse i «alt ein gjer». Fokus vil vere på heile mennesket gjennom desse delområda: biologi (fysisk helse), kultur (ånd, skjel og psykisk helse) og politikk (samhaldet og fordeling av godane).

**Tillitsvalde**
Formålet i Hovudavtalen er å skape eit best mogleg samarbeidsgrunnlag mellom partane på alle nivå. Hovudavtalen skal være eit verkemiddel for å sikre og legge til rette for gode

prosessar mellom partane og for ei positiv utvikling av kvalitativt gode tenester i kommunen. Samarbeidet må baserast på tillit og gjensidig forståing for partane sine ulike rollar.

Det er avgjerande for eit godt resultat at dei tilsette og deira organisasjon vert involvert så tidlig som mogleg når omstilling og reform skal gjennomførast. Tenester av god kvalitet som er tilpassa brukaren sitt behov, føreset gode prosessar og medverknad. Hovudavtalen skal gjennom ordninga med tillitsvalde gje arbeidstakarane reell innflytelse på korleis arbeidsplassen skal organiserast og korleis arbeidsmetodane skal utviklast. Slik innflytelse bidreg til ein fleksibel og brukarvenleg tenesteyting.

Partane er samde om at det er viktig å arbeide for eit meir inkluderande arbeidsliv (IA) til beste for den enkelte arbeidstakar, arbeidsplass og samfunnet elles. Målet er redusert sjukefråvær og reduserte tal på dei som fell ut av arbeidslivet/blir ståande utanfor arbeidslivet.

I Herøy møtes dei tillitsvalte og kommuneadministrasjonen 1 gong i månaden i «Kontaktmøte». I tillegg er ein saman i arbeidsgrupper når ein skal revidere og utarbeide personalpolitiske tiltak. Ein har og eit IA-utval der alle partar er representert, stat ved Nav arbeidslivssenter og Nav lokalt, arbeidsgjevar og tilsette.

I Herøy kommune er det tillitsvalte / kontaktpersonar i 16 ulike arbeidstakarorganisasjonar. 5 personar frå 4 arbeidstakarorganisasjonar er kjøpt fri til å drive med tillitsvaldarbeid, dette ut frå berekningsnøkkel i Hovudavtalen.

Arbeidsgjevar og tillitsvalde har gjensidig plikt for å skape og oppretthalde eit godt samarbeid. Arbeidsgjevar har både informasjons- og drøftingsplikt med dei tillitsvale, og det er i samarbeid oppretta gode rutinar for å innfri dette. Nokre avdelingar involverer tillitsvalte meir bevisst enn andre, men stadig fleire avdelingar ser nytten av eit nært og godt samarbeid mellom leiar og tillitsvalt.

**Arbeidsgjevarpolitikk**
Dokumentet «Arbeidsgjevarpolitikk i Herøy kommune», vedteken i 2004, presenterer grunnlaget for ein felles organisasjonskultur. Verdiane til kommunen som organisasjon er nedfelt i denne. I denne er det også nedfelt forventingar til leiarar og medarbeidararar.

Arbeidsgjevarpolitikken synleggjer definisjonar, målsetjingar og prinsipp retta mot konkrete verkemiddel for å nå måla. Den er på eit overordna, strategisk nivå og er utgangspunkt for planar og prosedyrar på neste nivå.

Arbeidsgjevarpolitikken har eit livsfaseorientert fokus og skal vere eit levande dokument i organisasjonen.

**Seniorpolitikk**
Målsetting for Herøy kommune:
90 % av dei som fyller 62 år skal stå i arbeid fram til fylte 65 år. Minimum 50 % av desse skal stå i arbeid fram til fylte 67 år.

Målet med seniorpolitikken er å auke den gjennomsnittlige avgangsalderen. Å jobbe for økt avgangsalder er i samsvar med IA avtale og kommunens arbeidsgjevarpolitikk. At folk står lenger i arbeid er gunstig i forhold til å bevare opparbeidd kompetanse lengst mogleg i organisasjonen, noko som er økonomisk gunstig for arbeidsgjevar. Generelt kan ein seie at ein arbeidsgjevarpolitikk som bidreg med motivasjon til å fortsatt stå i arbeid, kan bety mykje for den enkelte tilsette.

# Stab- og støtteavdelingane

## Servicetorget

**Tenester og oppgåver i avdelinga**
Servicetorget er kommunen si service- og informasjonseining overfor publikum. Servicetorget skal avlaste driftseiningane og støttefunksjonane slik at dei kan arbeide meir "uforstyrra" med primæroppgåvene sine.

Servicetorget har sakshandsaming i skjenkesaker, tilskotsordningar kultur og trussamfunn, transportteneste, følgjekort, parkeringsbevis, brøyteavtaler, sal av bustad og næringstomter m.m. Det vert også nytta mykje tid til oppdatering av datagrunnlag i ulike fagprogram for avdelingane.

| **Mål** | **Måloppnåing** |
|---|---|
| Medarbeidarande skal trivast, vere motiverte, ha arbeidsglede og stoltheit over eigen arbeidsplass og kommunen som arbeidsgjevar.<br>Det skal ikkje vere fråvær som skyldast arbeidsmiljøet. | Sjølv om ein delar av året har vore underbemanna trivast dei tilsette på jobb. Alle bidreg til å ha eit godt arbeidsmiljø og dei tilsette nytter feriedagar og eigne midlar for å saman få ein tur (2013- Roma). |
| Ekstern informasjon i samsvar med kommunen sin informasjon-/kommunikasjonsstrategi. | Servicetorget er aktiv med informasjon ut til publikum, informasjon frå Servicetorget og andre avdelingar.<br>Det er innført ny portal i 2013 – avdelingane har hatt tilbod om opplæring i å legge ut artiklar. |
| Kommunen yter tenester i samsvar med lovverket | Det er ikkje klager på utført sakshandsaming i servicetorget. |
| Det skal ikkje vere grunnlag for klage på servicen på tenesteytinga | Publikum gir gjennom året positive tilbakemeldingar på ytt service og ein har ikkje motteke klager retta imot servicetorget sine tenester.<br><br>Servicetorget får også tilbakemelding om opplevd service elles i avdelingane. Det ser her ut til at det har vore ei positiv utvikling. |
| Kvalitetsdokumentasjon og avviksregistrering skal systematisk handsamast i kommunen sitt kvalitetssystem. | Servicetorget har ikkje vore like flinke til å legge inn dokumentasjon og melde avvik. Dei fleste avvik vart sendt via e-post til leiar ved den avdelinga det galt. |

Brukartilpassing, brukarmedverknad, brukardialog:
Ein god dialog med brukarane er føresetnad for god service. God service er utgangspunkt for godt omdøme.

Kvaliteten på tenestene:
Det er positive tilbakemeldingar frå publikum og ingen klager på sakshandsaminga. Dette viser at det er bra kvalitet på tenestene.

## Organisasjon:

### Årsverk

| | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Talet på årsverk | 5,0 | 5,0 | 5,0 | 5,0 | 5,0 | 5,0 | 5,0 |
| Adm. årsverk, KOSTRA funksjon 1200 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 |
| Fagressurs teneste | 4 | 4 | 4 | 4 | 4 | 4 | 4 |

Servicetorget hadde 5 årsverk. I samband med at omorganiseringa, der barnevern vart flytta til Eggesbønes, vart årsverk redusert til 4,5.

### Økonomi:

| Tall i hele tusen | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | Rekneskap 2013 | Budsjett 2013 | Rekneskap 2012 | Rekneskap 2011 | Rekneskap 2010 |
| Brutto utgifter | 6 045 | 3 712 | 5 437 | 5.618 | 3.690 |
| Brutto inntekter | (3 455) | (937) | (3 077) | (3.152) | (1.291) |
| Netto driftsutgifter | 2 590 | 2 775 | 2 360 | 2.466 | 2.399 |
| Meir / mindreforbruk (-) | (184) | | (424) | (324) | (390) |

### Teneste

Dei mest nytta tenestene i Servicetorget:

- spørsmål vedkomande byggesak og byggesaksbehandling
- spørsmål om kommunale avgifter
- råd/rettleiing i samband med søknader transporttenesta, følgekort/parkeringsbevis funksjonshemma, meldingssaker(byggesak) m.m.
- sal av kommunale bustadtomter og spørsmål knytt til tilgjengelege tomter
- eigedomsopplysning
- generelle spørsmål vedkomande ulike tenester i organisasjonen
- spørsmål om vegvedlikehald og brøyting
- gatelys
- Annonsering

I 2013 vart det nytta mykje tid til å få laga ny nettside som vart lagt tilgjengeleg frå desember 2013.

**Viktige hendingar i 2013**

- Sal av bustatomter – god etterspørsel og gjennomføring av sal skjer raskt.
- Ny nettside

**Hovudutfordringar/prioriteringar 2014**

- Fokus på servicehaldning i heile organisasjonen- nytte avviksmodul og forslagskassa med tanke på forbetring
- Intranettside

# Fellessekretariatet

**Tenester og oppgåver i avdelinga.**
Fellessekretariatet skal yte merkantil internservice til driftseiningane, dei andre stab- og støttefunksjonane, ordføraren, andre folkevald og politiske utval. Fellessekretariatet er primært eit internt serviceorgan. Eksterne tenester dreier seg stort sett om utskrifter frå postlista på nett, status for innsende dokument og spørsmål om politiske vedtak.

Fellessekretariatet er sekretariat for politisk utval medrekna valstyret og har ansvar for gjennomføringa av kommune- og stortingsvala.

Kommunen har sentralarkiv og all post til sak/arkivsystemet vert scanna, journalført og arkivert i fellessekretariatet. Fellessekretariatet har også ansvar for møteinnkallingar, trykking og distribuering av saklister og møtebøker til dei politiske utvala. Etter møte i dei politiske utvala, er det Fellessekretariatet si oppgåve å formidle vedtaket til partane. Fellessekretariatet er systemansvarleg for ePhorte saksbehandlingssystem og har ansvar for opptak og redigering av webopptak i kommunestyremøta.

| **Tiltak og investeringar 2013** | **Gjennomføring** |
|---|---|
| Eldre arkiv – Rydding og sortering | Under arbeid, ikkje sluttført |
| Kassasjonsreglementet | Forsinka. Gjeldande frå 01.02.14 |
| Innføring av nettbrett til politikarane | Utført. |
| Stortingsvalet 2013 | Utført. |
| Innføring av nytt valsystem EVA | Utført. |
| Digitalisering av byggesaksarkivet | Bevilga midlar i budsjett for 2014 |

**Organisasjon:**
Årsverk

| | **2011** | **2012** | **2013** |
|---|---|---|---|
| Talet på årsverk | 2,5 | 2,5 | 2,5 |
| Adm. årsverk, KOSTRA funksjon 1200 | | | |
| Fagressurs teneste | | | |

Fellessekretariatet har 2,5 årsverk fordelt på 3 personar med 100, 80 og 70% stillingsstorleik.

**Økonomi:**
Tal i heile tusen:

| | Rekneskap 2013 | Budsjett 2013 | Rekneskap 2012 | Rekneskap 2011 | Rekneskap 2010 |
|---|---|---|---|---|---|
| Brutto utgifter | 2 555 | 2 490 | 2 464 | 2 377 | 2 730 |
| Brutto inntekter | 245 | (190) | 186 | 238 | 561 |
| Netto driftsutgifter | 2 310 | 2 300 | 2 278 | 2 139 | 2 168 |
| Meir / mindreforbruk(-) | 10 | | 33 | 60 | 21 |

# Økonomiavdelinga

## Tenester og oppgåver i avdelinga.

I økonomiavdelinga ligg kommunen sin samla økonomifunksjon. Dette set store krav til avdelinga og dei tilsette sin kompetanse og kapasitet. Avdelinga har tre hovudarbeidsområde:

- Skatt og innfordring
- Rekneskap, budsjett og finans
- Innkjøpsavdelinga

| Mål | Måloppnåing |
|---|---|
| Avdelinga yt tenester i samsvar med lovverket | Ein har ikkje opplevd klager på sakshandsaminga i 2013 |
| Brukarane er tilfredse med avdelinga sine tenester | Stort sett fått positive tilbakemeldingar på tenester og servicegrad både frå interne avdelingar og publikum. 6 nye rekneskap dei siste par åra kombinert med lik stillingsressurs gjer at det interne servicenivået ut mot avdelingane er dårlegare enn tidlegare. |
| Avdelinga skal drive i balanse | Avdelinga hadde eit mindreforbruk i 2013 på nær7,0%. |

## Organisasjon

Årsverk

| | 2011 | 2012 | 2013 |
|---|---|---|---|
| Adm årsverk | 8,3 | 8,3 | 8,3 |

Avdelinga har i utgangspunktet 8,3 årsverk fordelt på 10 tilsette. Eit av årsverka er knytt til kommunale innkjøp. Færre tilsette på like mange årsverk ville gjort arbeidet meir effektivt.

## Økonomi

(alle tal i heile tusen)

| | Rekneskap 2013 | Budsjett 2013 | Rekneskap 2012 | Rekneskap 2011 | Rekneskap 2010 |
|---|---|---|---|---|---|
| Brutto utgifter | 6.370 | 6.507 | 6.300 | 6.003 | 5.366 |
| Brutto inntekter | (805) | (532) | (619) | (1.057) | (638) |
| Netto driftsutg. | 5.565 | 5.975 | 5.682 | 4.945 | 4.728 |
| Meir-/mindreforbruk (-) | (410) | | (3) | (430) | (482) |

Avviksanalyse:
Avdelinga hadde samla lønskostnadar og refusjon sjukeløn som var om lag kr 170.000,- lavare enn budsjettert. Kjøp av tenester frå andre er omlag kr 90.000 lavare enn budsjettert. Det skuldast i hovudsak lavare kostnadar til arbeidsgjevarkontrollen enn berekna. Elles har ein spart og utsett kjøp der ein har hatt høve til det. I tillegg lavare kostnadar enn budsjettert har avdelinga også om lag kr 207.000,- meir i inntekter enn budsjettert. Om lag kr 100.000,- av dette er interne overføringar.

### Viktige hendingar i 2013

- Innføring av Arena som nytt budsjettverktøy .
- Ordninga med EHF (elektroniske fakturaer) inn er etablert og i drift.

### Hovudutfordringar/prioriteringar i 2014

- Innføring av nytt innfordringssystem
- Vere leiande i regionen på innfordring av skatt, avgifter og kommunale krav
- Gjennomføre anbodskonkuransar og gjere dette så profesjonelt at vi ikkje får KOFA klager – eller taper saker i KOFA.

# Personal - og organisasjonsavdelinga

### Tenester og oppgåver i avdelinga

Avdelinga har ansvar for lønnsutbetaling og innkrevjing av refusjon sjukepenger. Den har stab- og støttefunksjon til dei andre avdelingane og skal arbeide med å utvikle kommunen sin personalpolitikk og verkemiddel på personalområdet i samarbeid med leiarar og arbeidstakarorganisasjonane. Avdelinga har eit overordna ansvar for sjukefråversoppfølging, koordinering av tenester frå Bedriftshelsetenesta, AKAN arbeidet og HMS i organisasjonen. Ei viktig oppgåve er og å styrke og samordne kontakta mellom arbeidsgjevar og arbeidstakarorganisasjonane.

| Hovudmål | Måloppnåing |
|---|---|
| 1. Kvalitetsdokumentasjon og avviksregistrering/-oppfølging skal systematisk handsamast i kommunen sitt kvalitetssystem. | 10 avvik melde<br>Organisasjon/internt: 9 avvik meldt der avvika gjaldt andre avdelinga<br>Teneste/brukar: 1 avvik meldt til på avvik internt i eiga avdeling |
| 2. Tenesteyting og sakshandsaming i samsvar med lov- og regelverk | |
| 3. Omgjorde vedtak ved klageorganet si klagehandsaming skal vere eit minimum | |
| 4. Det skal ikkje vere grunnlag for klage på servicen på tenesteytinga | Ingen skriftlege klager mottatt og ingen omgjorde vedtak |
| 5. Resultat av brukarundersøking og nasjonale resultatmålingar skal vere over landssnittet og elles betrast i samsvar med tiltak | Ingen brukarundersøking gjennomført |

| Tiltak og investeringar 2013 | Gjennomføring |
|---|---|
| Handlingsplan mot uønska deltid | Ja, sak politisk handsama tidleg i 2014 |
| Revidering av telefonreglement | Ja, sak politisk handsama tidleg i 2013 |
| Revidering av permisjonsreglement | På begynt |
| Evaluering av lønspolitikk | På begynt |

## Økonomi

| Tall i heile tusen | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | Rekneskap 2013 | Budsjett 2013 | Rekneskap 2012 | Rekneskap 2011 | Rekneskap 2010 | Rekneskap 2009 |
| Brutto utgifter | 9 351 | 9 939 | 8 651 | 8 374 | 9 123 | 8 613 |
| Brutto inntekter | 2 214 | 1 539 | 1 597 | 1 566 | 2 394 | 1 917 |
| Netto driftsutgifter | 7 137 | 8 400 | 7 054 | 7 308 | 6 728 | 5 028 |
| Meir / mindreforbruk (-) | -1 263 | | 990 | 2 072 | -1 574 | -121 |

## Årsverk

| | 2013 | 2012 | 2011 | 2010 |
|---|---|---|---|---|
| Talet på årsverk | 5,30 | 4,70 | 4,45 | 4,25 |
| Adm. årsverk, KOSTRA funksjon 1200 | | 4,70 | 4,45 | 4,25 |
| Fagressurs teneste | | | | |

Avdelinga har heimel på til saman 5,30 stilling.
Frå 01.01.2013 hadde vi 4,70 aktive årsverk, frå 01.07 var aktive årsverk 4,10 og frå 01.08. hadde vi 5,10 aktive årsverk.

Antal i 100 % ___4___
Antal i deltid over 50 % ___1___
Antal i deltid under 50 % ___1___

# IKT

## Tenester og oppgåver i IKT- avdelinga

IKT- avdelinga er ei støtteavdeling for drift og utvikling på den datatekniske sida. I tillegg til dagleg support og vedlikehald skal avdelinga klargjere nytt utstyr og arbeide målretta med nye utviklingsoppgåver og sørge for at alle programma fungerer slik dei skal.

| Mål | Måloppnåing |
|---|---|
| Tenesteyting og sakshandsaming i samsvar med lov- og regelverk | Oppnådd |
| Kvalitetsdokumentasjon og avviksregistrering/-oppfølging skal systematisk handsamast i kommunen sitt kvalitetssystem. | Oppnådd |
| Resultat av brukarundersøking og nasjonale resultatmålingar skal vere over landssnittet og elles betrast i samsvar med tiltak | Ikkje utført for IKT |
| Kvalitetsdokumentasjon avviksregistrering skal systematisk handsamast i kommunen sitt kvalitetssystem | 2 dagar |
| Ekstern informasjon i samsvar med kommunen sin informasjons-/kommunikasjonsstrategi | Under omlegging |
| Det skal ikkje vere grunnlag for klage på servicen på tenesteytinga | Ikkje gjennomført brukarundersøking |

| Tiltak og investeringar 2013 | Gjennomføring |
|---|---|
| Webplan | Ferdig |
| Politiske lesebrett | Ferdig |
| Myrvåg Legesenter | Ferdig |
| Historisk saksdatabase | Ligg ved IKA |
| Meldingsløftet | Ferdig / Vert vidareført |
| Webportal | Ferdig |
| Infrastruktur Moltu | Ferdig |
| Fiber Herøy til Ulstein Rådhus | Ventar utstyr frå SSIKT |
| Terminalklientar PO | Utsatt for å sikre kompatibilitet med felles driftssenter |
| Val 2013 | Ferdig |
| Trygg utskrift | Påbyrja |
| Einedalen skule | Påbyrja |
| Direktelink HHOS-MOS | Ventar på kabelflytt i Rådhuskjellar |
| Utviding av legesenter Eggesbønes | Pågår |
| PDA/MDA-oppkopling til felles driftssenter | Pågår |
| Kommunestyreoverføring | Ferdig |
| Planverk | Ferdig |
| AD-migrasjon | Påbyrja |

## Økonomi

| Tall i heile tusen | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | Rekneskap 2013 | Budsjett 2013 | Rekneskap 2012 | Rekneskap 2011 | Rekneskap 2010 |
| Brutto utgifter | 5 591 | 5 725 | 3 972 | 4 374 | 3 632 |
| Brutto inntekter | (1 760) | (1 500) | (474) | (630) | (526) |
| Netto driftsutgifter | 3 830 | 4 225 | 3 498 | 3 744 | 3 106 |
| Meir / mindreforbruk (-) | (395) | | (96) | 63 | (491) |

## Årsverk

| | 2013 | 2012 | 2011 | 2010 |
|---|---|---|---|---|
| Talet på årsverk | 4 | 4 | 3 | 3 |
| Adm. årsverk, KOSTRA funksjon 1200 | 4 | 4 | 3 | 3 |
| Fagressurs teneste | | | | |

### Viktige hendingar 2013

- Utviding av legesenteret på Eggesbønes
- AD-migrasjon til felles driftssenter
- Utviding av infrastruktur
- Forbetre driftsstabilitet og informasjonstryggleik

# DRIFTSAVDELINGANE

## Barnehage

### Tenester og oppgåver i avdelinga

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ta i vare barna sine behov for omsorg og leik, fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge

på grunnleggande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.

Kommunen har 4 kommunale og 5 private barnehagar. Tal årsverk i barnehageavdelinga/kommunale barnehagar er pr. desember 2013: **28,99**. Dette inkluderer barnehageleiar og 1,09 årsverk ekstra ressurs til barn med særskilte behov.

| **Mål** | **Måloppnåing** |
|---|---|
| Tenestene har tilfredsstillande dekningsgrad | Herøy hadde etter barnehageopptaket 2013 full barnehagedekning, etter regjeringa sin definisjon...alle som søkte plass innan søknadsfristen for hovudopptaket og som hadde rett til plass , fekk tilbod om plass. Trekløver barnehage vart lagt ned frå 1. august 2013. Grønmyr barnehage har gjennom året hatt litt ledig kapasitet. |
| Kommunen yter tenester i samsvar med lovverket | Kommunen fekk ingen klager på barnehageopptaket i 2013. Det er ikkje gitt avvik til nokon av barnehagane det er ført tilsyn med etter barnehagelova i 2013. |
| Brukarane er tilfredse med dei kommunale tenestene | Det er ikkje gjennomført felles brukarundersøking i 2013. Planen er å gjennomføre felles brukarundersøking for kommunale og private barnehagar i 2014. |

| **Planlagde tiltak og investeringar** | **Gjennomføring** |
|---|---|
| Årsplanar som gjer greie for kva ein kan forvente av barnehagetilbodet | Gjennomført. Alle barnehagane har årsplanar som er fastsett av barnehagen sitt samarbeidsutval, som gir informasjon om innhald og planar for året og som er i samsvar med barnehagelova, nasjonal og lokal rammeplan. |
| Gjennomføre samordna barnehageopptak. | Gjennomført.. |
| Tilsynsbesøk | Tilsyn av private barnehagar som starta på slutten av hausten 2012, vart fullført våren 2013. Det vart ikkje avdekt avvik etter barnehagelova ved nokon av barnehagane. |
| Kontinuerleg god kommunikasjon og informasjon til brukarane i den enkelte barnehage og kommunen si internettside/lokalavisa. | Gjennomført. Informasjon i media kan bli betre. |
| Bidra til revisjon av plan for førebyggande tiltak for barn og unge, og ved å arbeide i samsvar med planen. | Gjennomført. Det er etablert tverrfaglege team ved alle barnehagane. Dette gir barnehagane god hjelp til |

| | |
|---|---|
| | tidleg intervensjon. |
| Gjennomføre hovudettersyn ved uteleikeplassane i barnehagane. | Gjennomført. Alle alvorlege avvik er lukka. Det står igjen å lukke nokre mindre alvorlege avvik. |

**Organisasjon:**

| | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 |
|---|---|---|---|---|
| Talet på årsverk | 27,13 | 27,40 | 28,99 | 29,99 |
| Adm. årsverk, KOSTRA funksjon 1200 | 0,8 | 0,8 | 0,8 | 0.8 |
| Fagressurs teneste | 26,33 | 26,60 | 28,19 | 29,19 |

Tal årsverk når det gjeld grunnbemanning i barnehagane er stabilt, bortsett frå auka bemanning pga utvida barnegruppe frå hausten 2013.Tal årsverk som gjeld ekstrapersonale til barn med særskilte behov varierer frå år til år.

Alle barnehagane har internkontrollsystem. Barnehagane har fast oppfølging av årlege planleggings- og utviklingssamtalar mellom leiar og tilsett.

Barnehagane har gjennomført plan for kompetanseutvikling, m.a felles kurs om "vennskap og inkludering", "tidleg intervensjon, betydninga av god tilknytning for barnet si utvikling". Nokre pedagogar deltok på barnehagekonferansen i Ålesund i oktober 2013.

Økonomi:

| Tall i hele tusen | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | Rekneskap 2013 | Budsjett 2013 | Rekneskap 2012 | Rekneskap 2011 | Rekneskap 2010 |
| Brutto utgifter | 64 197 | 61 608 | 63.069 | 56.236 | 52.149 |
| Brutto inntekter | (4 779) | (4 758) | (6.741) | (5.636) | (49.666) |
| Netto driftsutgifter | 59 419 | 56 850 | 56.328 | 50.600 | 2.482 |
| Meir / mindreforbruk (-) | 2 569 | | (192) | (0) | (1.936) |

Herøy kommune har saman med dei andre kommunene i Sjustjernanettverket engasjert Telemarksforsking for å kvalitetsikre utrekninga av kommunalt tilskot til ikkje kommunale barnehagar. Det vart i 2013 utbetalt kr. 41 502 300,- til private barnehagar i Herøy, og kr. 1 246 167 til Ulstein kommune . Rekneskapsoppgjeret viser at dei private barnehagane til saman skal ha kr. 266 076,- meir i 2013. Herøy kommune har ikkje fått klage frå ikkje kommunale barnehagar på vedtak om kommunalt tilskot i 2013.-

**Lokalsamfunn**
Barnehagane har informert om nyhende og endringar i barnehageavdelinga på kommunen sine heimesider og i lokalavisa og har på denne måten vore med å gje kommunen eit godt omdøme.

**Viktige hendingar i 2013**

- Full barnehagedekning
- Planlegging ny barnehage i indre Herøy pågår
- Gjennomført kompetanseutvikling i samsvar med plan for kompetanseutvikling
- Vedtak om stipendordning for tilsette som vil ta barnehagelærarutdanning

- Gjennomført ekstern sikkertheitskontroll ved alle uteleikeplassane

**Hovudutfordringar/prioriteringar 2014**

- Kome i mål med oppstart bygging av ny barnehage
- Tidleg oppdaging
- Pedagogiske leiarar med barnehagelærarutdanning i samsvar med pedagognorma
- God tenesteyting på trass av høgt sjukefråver
- Gjennomføre kompetanseutvikling etter vedtatt plan

# Skuleavdelinga

**Tenester og oppgåver i avdelinga**
Skuleavdelinga omfattar grunnskulen, kulturskulen, pedagogisk, psykologisk tenestekontor, og Internasjonal skule.

Det er eit mål at alle elevar skal oppnå grunnleggande ferdigheiter og oppleve meistringar og utfordringar i skulen. Grunnskulen bygger på prinsippet om likeverdig og tilpassa opplæring for alle i ein inkluderande fellesskule.

Målet for dei vaksne på Internasjonal skule, er å hjelpe den enkelte til eit meir meiningsfylt liv i det norske samfunnet. Dei skal få tilstrekkeleg norskopplæring og kunnskap om det norske samfunnet til å styrkje grunnlaget for sjølvstendig innsats og samarbeid med andre i yrke og samfunnsliv.

| Mål | Måloppnåing |
|---|---|
| Gjennom ulike innfallsvinklar arbeide for å styrke læringsmiljøet i skulane. | Satsingane «Vurdering for læring» og «Meir læring for fleire» viser allereie resultat i form av auka måloppnåing i fag og endå betre rammer for læring. |
| Styrke undervisninga i klasserommet. | Spesialpedagogiske tiltak er redusert, og ressursane overført til styrking av lærartettleik i klasserommet. |
| Arbeide med leiarutvikling og rektorrolla, for å skape eit godt og utviklande arbeidsmiljø. | Det er gjennomført leiaropplæring både kommunalt og interkommunalt. |
| Styrke det tverrfaglege samarbeidet, med tanke på tidleg innsats til beste for barn, familie og skule. | Utviding av ordninga «Tverrfaglege team», til å gjelde alle skular og barnehagar. Samlokalisering av helse, PPT, barne og skule- og barnehageadministrasjon. |
| Skuleavdelinga skal samla sett ha eit nærvær på 94%. | Målet er nådd, med eit sjukefråvær på 5,4% |
| Skulen skal vere ein naturleg del av | Det har også i 2013 vore eit godt samarbeid og |

| | |
|---|---|
| lokalsamfunnet, og bidra til at barn og unge utviklar identitet med heimemiljøet. | mange faglege areaner mellom arbeids- og samfunnsliv og skulen. |

| **Planlagde tiltak og investeringar** | **Gjennomføring** |
|---|---|
| Utskifting av nødvendig inventar og utstyr på skular | Det er innkjøpt nye pultar og stolar ved Ytre Herøy ungdomsskule, ved Moltu skule og Leikanger skule. |
| Satsinga «Vurdering for læring» | Alle lærarar ved fire skular deltek i den nasjonale satsinga, som går fram til juni 2014. |
| Satsinga «Meir læring for fleire» | Alle lærarar ved tre skular deltek i satsinga, der kommunen har blitt tildelt skjønnsmidlar. |
| Alle tilsette skal ha fått opplæring i Kvalitetslosen; dokument og avvik. | Målet er nådd for dei fleste tilsette, men fortsatt kan det vere enkelte som ikkje nyttar pc i sitt daglege arbeid som heller ikkje kan å nytte verktøyet. |
| Utbygging av base for funksjonshemma barn på barnetrinnet. | Basen vart opna i august 2013. |
| Satsing på ungdomstrinnet, gjennom nasjonalt bestemte tiltak. | Utsett oppstart til august 2014. |

| **Nøkkeltal** | **2013** | **2012** | **2011** | **2010** |
|---|---|---|---|---|
| **Barneskular** | **5** | **5** | **5** | **5** |
| **Kombinerte skular (1-10)** | **1** | **1** | **1** | **1** |
| **Ungdomsskular** | **1** | **1** | **1** | **1** |
| **Elevar barnetrinn** | **773** | **758** | **768** | **776** |
| **Elevar ungdomstrinn** | **324** | **339** | **352** | **356** |
| **Elevar i SFO** | **306** | **282** | **290** | **289** |
| **Elevar med assistenthjelp** | **34** | **42** | **38** | **36** |
| **Elevplassar musikkundervisning** | **320** | **310** | **290** | **324** |
| **Elevplassar andre kulturuttrykk** | **332** | **317** | **295** | **318** |

I tillegg for 2013: "Korps i skulen", der 127 elevar på 3.årstrinn har fått undervisning på messingblåseintrument som ein del av musikkundervisninga. Dette er eit samarbeid mellom grunnskule, kulturskule og korps.

**Nasjonale kvalitetsindikatorar grunnskule**

| Nasjonale prøver | Herøy 2013 | Møre og Romsdal | Gj.snitt landet |
|---|---|---|---|
| Lesing 5.trinn | 2,0 | 2,0 | 2,0 |
| Rekning 5.trinn | 2,1 | 2,0 | 2,0 |
| Engelsk 5.trinn | 2,0 | 1,9 | 2,0 |
| Lesing 9.trinn | 3,3 | 3,4 | 3,4 |
| Rekning 9.trinn | 3,5 | 3,4 | 3,4 |

Full oversikt over måleindikatorar for nasjonale prøver og for elevundersøkinga finn ein i den separate årsrapporten for grunnskulen,

| Undervisningspersonell | Herøy | Møre og Romsdal | Nasjonalt |
|---|---|---|---|
| Elevar pr.årsverk til undervisning | 12,6 | 11,9 | 12,3 |
| Elevar pr.årsverk assistent i undervisninga | 74,5 | 65,9 | 75,2 |
| Lærartettleik 1.-7.trinn | 13,0 | 12,7 | 13,3 |
| Lærartettleik 8.-10.trinn | 15,3 | 14,2 | 14,3 |
| Undervisningstimar totalt pr.elev | 57 | 60 | 58 |

| Materiell | Herøy | Møre og Romsdal | Nasjonalt |
|---|---|---|---|
| Tal på elevar pr.pc | 4,2 | 3,0 | 2,8 |
| | | | |
| **Grunnskulepoeng** | **Herøy** | **Møre og Romsdal** | **Nasjonalt** |
| Poeng i snitt | 38,6 | 40,1 | 40,0 |
| | | | |

## Kvaliteten i skulen

Måleindikatorane viser positiv utvikling for alle skulane i Herøy, sjølv om ikkje alle har nådd fastsette mål. Den positive utviklinga ser ein særleg på 5.trinn, og kan skrivast tilbake til bevisst tiltak, særleg inn mot leseforståing og arbeid med fagtekstar..

Utviklinga viser at ein er på rett veg. Arbeidet med å auke læringstrykket har blitt intensivert. Samstundes vert det arbeidd med danning og sosial kompetanse, noko som ikkje vert målt i same grad.

Utviklingsmål for skulane i Herøy er knytt opp mot eit overordna mål om styrka læringsmiljø:

- «Vurdering for læring», deltaking i nasjonal satsing i 2013 og fram til juni 2014
- «Meir læring for fleire», ei satsing med vekt på læringsleiing og relasjonar, for å styrke læringsmiljøet og læringstrykket i klasserommet.

Vi opplever å ha høg kvalitet på mange område i grunnskulen i Herøy, også på det som er vanskeleg å måle; song, musikk, drama, kreativitet.

**Organisasjon:**

## Årsverk

| | 2013 | 2012 | 2011 | 2010 |
|---|---|---|---|---|
| Årsverk undervisningspersonale | 98 | 99 | 99 | 102 |
| Årsverk assistentar gr.skule | 15 | 15 | 18 | 13 |
| Herøy kulturskule | 9,8 | 8,7 | 8,5 | 8,7 |
| Internasjonal skule | 3,6 | 3,4 | 4,0 | 4,6 |
| PPT (fagpersonar) | 4,55 | 4,5 | 4,5 | 4,5 |
| Merkantilt pers. skuleavd. | 2,7 | 2,54 | 2,54 | 2,54 |

## HMS

HMS skule inneber i hovudsak oppfølgjing i høve desse lovverka:

- Opplæringslova §9A; miljøet for elevane
- Arbeidsmiljølova; miljøet for tilsette
- Forskrift om miljøretta helsevern i skular og barnehagar; bygg og inneklima

Skuleavdelinga sitt kvalitetssystem inneheld m.a. desse tiltaka når det gjeld HMS:

- Arbeidsmiljø/ HMS/ sjukefråvær er tema i samtalar mellom skulesjef og avdelingsleiarar jamnleg, og minimum to gongar pr.år
- Det same er tema i årlege medarbeidarsamtalar ute i avdelingane.
- Årlege vernerundar
- Elevundersøkingar (årleg)
- Prosedyrer og handtering av saker som gjeld §9a i Opplæringslova
- Systematiske foreldresamtalar ute i skulane (jfr. Opplæringslova)
- Systematiske elevsamtalar ute i skulane (jfr. Opplæringslova)
- Godkjenning av skular og barnehagar etter Forskrift om miljøretta helsevern.
- HMS-plan med risikovurdering i alle verksemder, med årleg revisjon.
- Handlingsplan for handtering av mobbing (elevar)
- Handlingsplan for handtering av vald og trakassering (tilsette)

Kvalitetslosen vert nytta aktivt for å sikre gode rutiner og prosedyrer.

**Økonomi:**

| Tall i hele tusen | | | | |
|---|---|---|---|---|

| | Rekneskap 2013 | Budsjett 2013 | Rekneskap 2012 | Budsjett 2012 |
|---|---|---|---|---|
| Brutto utgifter | 121 293 | 121 387 | 119 613 | 115.295 |
| Brutto inntekter | (18 028) | (15 170) | (19 461) | (15.420) |
| Netto driftsutgifter | 103 265 | 106 218 | 100 152 | 99.875 |
| Meir / mindreforbruk (-) | 2 953 | | 277 | |

**Lokalsamfunn**
Alle skulane i kommunen har eit positivt samarbeid med ressurspersonar, organisasjonar og bedrifter i lokalmiljøet. Det vert kvart år gjennomført gode samarbeidstiltak, med opne dører mellom skulen og samfunnet rundt.

# Barn- familie og helseavdelinga

## Tenester og oppgåver i avdelinga

Barn-, familie og helseavdelinga skal fremje innbyggarane si velferd ved mellom anna å fokusere på folkehelse og trivsel og gode sosiale og miljømessige forhold, og søkje å førebyggje og behandle sjukdom, skade eller lyte. Barnevernet skal særleg sikre at born og unge som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling, får nødvendig hjelp og omsorg i rett tid samt bidra til at born og unge får trygge oppvekstvilkår. Tenesta skal spreie opplysning om og auke interessa for kva den enkelte sjølv og allmenta kan gjere for å fremje sin eigen trivsel og helse.

Kommunen si barn-, familie og helseteneste omfattar fylgjande hovedområder:
1.Barneverntenest e
2. Førebyggande eining
3. Legeteneste
4. Psykiatriske tenester
5. Rehabiliteringstenester

| **Mål** | **Måloppnåing** |
|---|---|
| Tenesteyting og sakshandsaming i samsvar med lov- og regelverk | Det er kome nokre klagar på manglande stabilitet i legedekninga. Desse klagane er handsama fortløpande. Det er kome nokre klager på sakshandsaming i barnevernet. Klagene er handsama av fylkesmannen.<br><br>Mangler ei tilstedeverande skulehelseteneste på fleire skular. 3 ungdomsskular, vgs, har trefftid x 1 i veka. Siste halvåret har ein også hatt dette tilbodet på ein barneskule. Det viser seg at mange born, særlig jenter har behov for å treffe helsesøster på skulen. Mange har vanskar i kvardagen pga psykiske plager.<br><br>Skulehelsetenesta manglar fortsatt høve til å dokumentere elektronisk på fleire skular.<br><br>Barneverntenesta skal undersøkje meldingar innan tidsfristen. Målet er delvis nådd. Utvida frist i nokre saker.<br><br>Avdelinga kan fortsatt forbetre arbeidet med |

| | |
|---|---|
| | kvalitetsdokumentasjon og oppfølging av avvik. |
| Kvalitetsdokumentasjon og avviksregistrering/-oppfølging skal systematisk handsamast i kommunen sitt kvalitetssystem. | |
| Resultat av brukarundersøking og nasjonale resultatmålingar skal vere over landssnittet og elles betrast i samsvar med tiltak | Det er ikkje gjennomført brukarundersøkingar i 2013. |
| Omgjorde vedtak ved klageorganet si klagehandsaming skal vere eit minimum | Avdelinga har ikkje fått omgjort vedtak. |
| Ekstern informasjon i samsvar med kommunen sin informasjons-/kommunikasjonsstrategi | Målet er nådd. |
| Det skal ikkje vere grunnlag for klage på servicen på tenesteytinga | Fleire legevikarar har i nokre tilfelle skapt misnøye og manglande kontinuitet for pasientane. |
| Kommunepsykologen skal ha ei rettleiande oppgåve inn mot dei ulike avdelingane i kommunen. | Det er gjennomført rettleiing i enkeltsaker og generelt. |
| Solheim dagsenter har plass til inntil 20 personar og det er eit mål å auke andelen av yngre brukarar på dagsenteret. | Dette er prioritert og det er satt av ein dag i veka med særleg prioritet av yngre brukarar. |
| Planlegge for helsekontroll for barn i 2014 kor mann (far) barn møter. Aktuell alder vil vere 3-4 år. | Delvis gjennomført. Deltar i prosjektet likestilte kommunar kor det er eit mål at far og deltek meir ved helsekontrollane. |
| Det skal oppnåast minst 75 % nasjonal vaksinasjonsdekning for influensavaksinering | Vi er i år konfrontert med ferske data (SSB og FHI) som viser at målet om 75% dekning på influensavaksine til målgruppa over 65 år ikkje er nådd. I Herøy ligg ein 2013 under 50% |

| **Planlagde tiltak og investeringar** | **Gjennomføringar** |
|---|---|
| Alle tilsette skal arbeide for å sikre god samhandling i den nye organisasjonen, slik at det vert ein trygg og god arbeidsplass og gode koordinerte teneste og positivt omdømebygging. | Tiltak for å verte betre kjent og kjenne betre kva kompetanse den einskilde har. |
| Styrke kompetansen og utvikle kompetansen. Deltaking i Kompetanseløftet fase 3, Sunnmøre. | Er i gang med Mission Possible. |

| | |
|---|---|
| Utvikle tiltak kommunalt og interkommunalt<br><br>Oppretthalde og vidareutvikle tverrfaglege- team i skule og barnehage<br><br>Arbeide målretta med "Plan for førebyggande arbeid for barn og unge". Spesielt fokus på tidleg oppdaging og samhandling for barn og unge.<br><br>Kommunen har eit mål om eit nærvær på 92%. På bakgrunn av erfaringane så langt i avdelinga har vi eit mål om 94% nærvær. Vi vil arbeide målretta for å nå dette målet<br><br>Ferdigstille helse- og omsorgsplanen Og starte opparbeid med aktuelle sektorplanar som rehabiliteringsplan.<br><br>Starte opp planarbeid om kvardagsrehabilitering<br><br>Ekstern rettleiing til alle som har behov for det særlig innan barnevern og psykisk helsevern<br><br>Ta del i vidare arbeid med internt og interkommunalt samarbeid i samband med samhandlingsreforma.<br><br>Vidareføre" psykiatriskulen" for mellom anna kompetanseheving for alle tilsette i psykiatrien. | Gjennomført<br><br>Gjennomført.<br><br>Målet er nådd.<br><br>Helse- og omsorgsplanen vart først vedteke i starten av 2014.<br><br>Venta på vedtak av Helse- og omsorgsplanen.<br><br>Gitt der det er meldt behov.<br><br>Delteke der det er naturleg.<br><br>Gjennomført samling. |

**Nokre konkrete nøkkeltal og forhold:**

<u>Barnevern</u>
Statistikken viser at barnevernet i løpet av 2013 har arbeidd med 105 barn. I 2012 99 barn. Barn som går ut av omsorg ved fylte 18 år, ynskjer å bli følgt opp med ettervernstiltak. Desse sakene blir prioritert. Barnevernet har tilsyn med 15 fosterbarn som er plassert i Herøy frå andre kommune. Dei barna kjem ikkje med på statistikken.

Fristar for barnevernsundersøkingar:
Første halvår 2013:6 fristoverskridingar
Andre halvår 2013: 0 fristoverskridinga
Antal barn med undersøkingstid over 3 mnd.: 25
Det blei i mai 2012 gjort ei intern strukturendring i avdelinga for å auke kvaliteten på arbeidet ved å opprette team (undersøkingsteam, tiltaksteam, omsorgsteam). Oppgåvene blei meir oversiktlige. Metoden har blitt jamleg evaluert og skal endelig evaluerast i april 2014.

| Nøkkelinformasjon | 2013 | 2012 |
|---|---|---|

| | | |
|---|---|---|
| Melding | 88 | 94 |
| Antall undersøkingar<br><br>Avslutta undersøkingar | 80<br><br>57 | <br><br>74 |
| Barn under omsorg<br>Barn på midlertidig tiltak (4-6,2). Beredskapsheim | 7<br>1 | 13 |
| Barn med hjelpetiltak i løpet av året | 89 | 86 |
| Barn i fosterheim | 6 | 10 |
| Barn i ungdomsheim<br>Barn i barneverninstitusjon | 1<br>1 | 2 |
| Barn i ettervern (etter fylte 18 år) | 7 | 7 |

Helsestasjon og skulehelsetenesta:

| Aktuelt | 2012 | 2013 |
|---|---|---|
| Born fødde | 93 | 89 |
| Heimebesøk til nyfødde | 52 | 75 |
| Foreldreførebuande kurs | 48 par | 27 par |
| 2 -årskonsultasjoner | Tilbod til 100% - Tilnærma 100% oppslutning | Tilbod til 100% - Tilnærma 100% oppslutning |
| 4 -årskonsultasjoner | Tilbod til 100% - Tilnærma 100% oppslutning | Tilbod til 100% - Mellom 95 - 100% oppslutning |
| HFU konsultasjoner (ope 1dag/2t i veka) | 194 | 163 |
| Vaksinasjonsprogrammet | 95-100% | 95-100% |
| Reisevaksiner | 563 | 502 |

Seksjon psykisk helse

- Kommunepsykologen hadde 161 pasientar til behandling i 2013. Kommunepsykologen er koordinator for 2 personar for Individuell Plan. Kommunepsykologen deltek i mykje tverrfagleg arbeid i kommunen, spesielt for born og unge. Han er er ein viktig bidragsytar til veiledning og vert meir og meir brukt i skulane.
- Dagsenteret: 10 personar har vedtak.

Legetenesta:

- 2013 har og vore prega av at det har vore vakansar blant legane og med det mange vikarar. Dette har til tider vore utfordrande, ikkje minst for pasientane.
- Kommunen har deltatt i den interkommunale nattlegevakta i Volda frå 1.1.2013. Dette har vorte oppfatta som positivt og legane har med det fått ein betre vaktsituasjon.

- Øyeblikkeleg hjelp døgntilbod vart starta opp hausten 2013. Dette er starta opp ved Myrvåg omsorgssenter og etter kvart som det har vorte kjent har det vorte nytta. Det kan likevel fortsatt nyttast meir.
- På seinhausten 2013 oppretta kommunen to nye fastlegeheimlar.

Seksjon Rehabilitering.
- Det er sterk auke i ortopedipasienter frå Helseforetaket og ei viss auke i kols og kreftpasienter.
- 165 brukarar er søkt helpemidler til frå Helfo.
- 1107 hjelpemidler er utlevert.
- Det er søkt hjelpemidler til ein verdi av kr 3,1 mill.
- Det har vore 12 saker med hustilrettelegging.

Årsverk

| | 2013 | 2012 | 2011 | 2010 |
|---|---|---|---|---|
| Talet på årsverk | 38,2 | 6+32,2 | 6+31,7 | 5+31,6 |
| Adm. Årsverk KOSTRA, funksjon 1200 | 1,7 | 1,7 | 1,2 | 1,2 |
| Fagressurs teneste | 32,96 | 6+26,96 | 6+26,96 | 5+26,86 |

## Økonomi:

| Tall i hele tusen | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | **Rekneskap 2013** | **Budsjett 2013** | **Rekneskap 2012** | **Rekneskap 2011** | **Rekneskap 2010** |
| Brutto utgifter | 49 707 | 42 647 | 45 231 | 12 505 +27.626 | 9 757 + 25 419 |
| Brutto inntekter | -16 223 | -10 467 | 13 284 | (1 449 +(9.094) | (360) + (8 697) |
| Netto driftsutgifter | 33 485 | 32 180 | 31948 | 11 056+18.532 | 9 397 + 16 722 |
| Meir / mindreforbruk (-) | 1 305 | | 902 | 1 766+72 | 224 + (727) |

## Lokalsamfunn

Barn-, familie og helseavdelinga har gjennom utøving av tenester bidratt til at kommunen oppfattast som ein trygg og god kommune å bu og opphalde seg i.

## Viktige hendingar i 2013

- Etablering av tenestene i ny organisasjon og få til gode koordinerte tenester
- Oppstart av Ø-hjelp døgnplassar
- Følge opp samhandlingsreforma innen dei ulike tenesteområda
- Førebuing til å ta i bruk nytt bygg
- Nattlegevakt i Volda.

## Hovudutfordringar/prioriteringar 2014

- Tverrfagleg satsing med fokus på tidleg intervensjon
- Å ha nok ressursar og kompetanse til å klare å utføre det lovpålagde arbeidet på ein forsvarlege måte

- Aktiv deltaking i den ny organisasjonen for å få til gode koordinerte teneste
- Iverksette Helse og omsorgsplanen
- Reell integrasjon på Eggesbønes

# Pleie- og omsorgsavdelinga 2013

**Målsetting for tenester i avdelinga**
Gjennom pleie- og omsorgstenesta skal kommunen

- sikre at alle som har behov for pleie- og omsorgstenester vert gitt tryggleik for nødvendige og individuelt tilpassa tenester .
- bidra til at den enkelte får høve til å leve og bu sjølvstendig og til å ha eit aktivt og meiningsfullt tilvære i fellesskap med andre
- sikre at det vert gitt eit heilskapleg, samordna og fleksibelt tenestetilbod som ivaretek kontinuiteten i tenesta
- sikre at tenestetilbodet så langt som råd vert utforma i samarbeid med brukaren

Standard for heimehjelp, heimesjukepleie og insitusjonsomsorg er fastsette i tenesteerklæring som er vedteken av kommunestyret

For å løyse oppgåvene vert det ytt fylgjande deltenester:

- heimesjukepleie
- sjukeheim
- omsorgsbustad
- praktisk bistand og opplæring
- avlastningstiltak
- dagtilbod
- støttekontakt
- omsorgsløn
- matombringing
- tryggleiksalarm
- personleg assistent
- hjelpemiddel

| Mål | Måloppnåing |
|---|---|
| Målet er at talet på institusjonsplassar skal vere 25 % av talet på eldre over 80 år. | Her er 468 eldre over 80 år, og vi skulle då hatt 117 plassar. Vi har 101, tilsvarande ei dekning på 21, 6 %. Endringa på 2 plassar frå i fjor skuldast omgjering til øyeblikkelig hjelp døgn-opphald ved Myrvåg omsorgssenter. |
| Kommunen skal medverke til å skaffe bustader til personar som ikkje sjølve kan ivareta interessene på bustadmarknaden, herunder dei som treng det på grunn av alder, funksjonshemming og eller av andre årsaker. | Pleie- og omsorg tildeler omsorgsbustadar til dei som får tenester frå avdelinga. Behovet for nye bustadar er no retta mot dei som treng heildøgns omsorg og pleie. Det har vi ikkje i dei bustadane vi har no. |
| Kommunen skal legge til rette for at heimebuande eldre med | Hovudinntrykket er at pasientane opplever å få nødvendig hjelp når dei treng det. Men personalet |

| | |
|---|---|
| hjelpebehov skal kunne bu heime så lenge dei ynskjer det. | opplever eit aukande arbeidspress etter innføringa av samhandlingsreforma.<br><br>Dagsenter for personar med demens bidrar til at demente kan bu lenger heime. |
| Kommunen skal ha betre resultat enn landsgjennomsnittet på brukarundersøkingar i pleie – og omsorg. | Det vart ikkje gjennomført brukarundersøking i 2012. Dei siste er frå 2010 blant brukarar og pårørande for heimesjukepleie og sjukeheim, og spesifikt for demente og deira pårørande i 2009. Det vert gjennomført brukarundersøking i 2014. |

**Planlagde tiltak og investeringar:**
I budsjettvedtaket i desember 2012 la ein til grunn at ein ikkje ynskjer å renovere gul, grøn og raud avdeling ved Herøy omsorgssenter, men starte planlegginga av eit nybygg.

I budsjettvedtak 2013 vart det vedteke å erstatte dei ti sjukeheimsplassane ved gul avdeling med ein omsorgsbustad for heildøgns omsorg og pleie. Det vart løyvd planleggingsmidlar i 2014, og planlagt drift frå 2015.

**Nøkkelinformasjon:**

| | **2013** | **2012** | **2011** |
|---|---|---|---|
| Tal på brukarar heimesjukepleie/praktisk bistand | 521 | 538 | 515 |
| Tal på omsorgsbustader | 68 | 68 | 68 |
| Ressurskrevjande brukarar | 0 | 0 | 0 |
| Tal på sjukeheimsplassar | 101 | 103 | 103 |
| Dagplassar institusjon | 16 | 16 | 16 |
| Matombringing | 65 | 67 | 78 |
| Brukarar av tryggleiksalarm | 48 | 134 | 152 |
| Mottakarar av omsorgsløn | 21 | 12 | 7 |
| Personleg assistent | 1 | 2 | 1 |
| Tal på vedtak | 1215 | 1188 | 1311 |
| Avslag | 34 | 16 | 43 |
| Klage på tenester | 6 | 1 | 2 |

Kommentar: Ein ser at talet på personar vi yter tenester til er ganske stabilt, men at oppdraga har auka. Når det gjeld tryggleikslarm kan det sjå ut som her er ein stor reduksjon, men det er ikkje tilfelle. 2013-tala viser berre nye vedtak dette året. Tidlegare år revurderte vi denne tenesta kvart år, men det har vi slutta med.

Elles er det verdt å merke seg at kommunen fekk to sjukeheimsplassar mindre ved innføringa av ordning med KAD-plassar (kommunal-akutt-døgn).

Heimeteneste
Her er ei utvikling der brukarane sine behov er meir samansette og kompetansekrevjande enn før. I tråd med samhandlingsreforma sin intensjon skal folk få hjelp der dei bur, og dette får direkte innverknad på omsorgstenesta si evne til utvikling, bruk av nye arbeidsmåtar og kapasitet. Det er stadig fleire som ynskjer å døy heime, og dette er ei ressurskrevjande oppgåve for tenesta. Avdelinga bad om å tilført nye stillingar i takt med dei auka oppgåvene, men vart ikkje imøtekomne på det. Alternativet vert å leige inn ekstra ved behov, men dette fører til dårleg kontinuitet og det er store problem med å få tak i personell på kort varsel. Dette fører ofte til overtid, og slitasje for personellet. Over tid vil dette gå utover kvaliteten på tenestene.

Institusjonsteneste
Samla beleggsprosent på omsorgssentra for året under eitt var 97 %, mot 96,9 året før. Vi har tatt tilbake utskrivingsklare pasientar frå Helseføretaket fortløpande.

Dårlege bygningar ved Herøy omsorgssenter er eit gjennomgangstema, og der er uro kring dispensasjon. Verken gul eller grøn avdeling innfrir krava til eige bad. I tillegg er der andre kjende manglar som gir både kvalitets- og driftsproblem.

Brukartilpassing, brukarmedverknad, brukardialog
I samsvar med lov om pasientrettar har pasienten rett til medverknad og rett til informasjon som er tilpassa individuelle føresetnader, og vi arbeider for at møtepunktet mellom pasient/pårørande og den enkelte tenesteytar skal vere ein god arena for samhandling. Avdelingane skal tilby faste pårørandesamtaler. Fleire avdelingar har tilbod om pårørandemøter med generell informasjon.

Klager på teneste:
6, fordelt på 4 brukarar. Ein gjeld manglande tildeling av omsorgsbustad, ein går på flytting av pasient, og elles gjeld det tenestetildeling.

**Organisasjon:**

**Årsverk**

| | 2013 | 2012 | 2011 |
|---|---|---|---|
| Talet på årsverk | 142,23 | 141,73 | 141,73 |
| Derav adm. årsverk, KOSTRA funksjon 1200 | 5,3 | 1 | 5,3 |

Der er ein auke på 50 % stilling for kokk som vart omgjort frå ein stillingsheimel for lærling. Denne stillingsheimelen vart overført til pleie- og omsorgsavdelinga frå personalavdelinga.

Administrative stillingar på stab/støtte er ført på pleie- og omsorg, men 20 % av ressursen utfører arbeid for bu- og habiliteringsavdelinga.

Tilsette i heiltid / deltid i antal personar:

- 100 % 32
- deltid over 50 % 137
- deltid under 50 % 58

Det er lite endring, men ei lita positiv dreining ved at fleire har fått stillingsauke i gruppa deltid over 50%. Problemet med stillingsauke for fast tilsette er ofte at det utløyser behov for fleire småstillingar knytt til helg.

Alle faste stillingsheimlane er brukte. 25 % stilling for kreftsjukepleiar har vore vakant på grunn av manglande rekruttering. Dette vert sett opp mot ekstra innleige til denne pasientgruppa.

**Økonomi:**

**Økonomi:**

| Tal i hele tusen | Rekneskap 2013 | Budsjett 2013 | Rekneskap 2012 | Rekneskap 2011 |
|---|---|---|---|---|
| Brutto utgifter | 118 753 | 118 303 | 114 826 | 107 738 |
| Brutto inntekter | (25 331) | (23 303) | (25 633) | (24 774) |
| Netto driftsutgifter | 93 422 | 95 000 | 89192 | 82 964 |
| Meir/mindre forbruk | (1 578) | | (-2 792) | (2 694) |

Avdelinga har hatt sterkt sparefokus gjennom heile året, og det er fint å sjå at trass i store faglege utfordringar, og eit noko svingande pasientbelegg, kan ein levere eit så godt sluttresultat.

Sentrale faktorar:
- Avdelinga har fått eit meir realistisk lønsbudsjett, noko som har gjort at innsparing på vikarar faktisk gir eit positivt resultat
- Der var eit meirforbruk på kjøp av varer og tenester på 1,3 million
- Der var meirinntekter på brukarbetaling og salsinntekter

## Lokalsamfunn

Avdelinga informerer om nyhende og endringar i tenestetilbodet på kommunen sine heimesider og i lokalavisa. Mange frivillige aktørar bidrar til ein meir meiningsfull kvardag for dei som bur på omsorgssentra. Der vart i året som gjekk laga eit sjarmerande TV-innslag frå Herøy om (http://www.nernett.no/?do=article&id=22945) innføring av X-box på sjukeheimen. Det er nærnett i Volda som står bak produksjonen, og innslaget vert brukt på nasjonalt nivå i samlingar angåande velferdsteknologi og aktiv omsorg.

## Viktige hendingar i 2013

- Det vart tatt eit godt steg mot eit meir realistisk lønsbudsjett
- Vi har lukkast godt med fortløpande mottak av ferdigbehandla pasientar frå sjukehus
- Oppstart av to døgnplassar for øyeblikkelig hjelp ved Myrvåg omsorgssenter i medio september – såkalla KAD-plassar
- Fullførte arbeidet med helse- og omsorgsplan
- Godt i gang med innføring av helsenett

- Ei årelang venting på naudstraumsaggregat på sjukeheimane synes å vere til endes. Det vart bestilt før jul.
- Etablering av prosjekt for intern jobbrotasjon. Eit samarbeidsprosjekt med IA og bu- og habiliteringsavdelinga

**Hovudutfordringar / prioriteringar 2014**

- Forholdet mellom tildelt budsjettramme og aktivitetsnivå er framleis ikkje i mål, sjølv om avdelinga sparte pengar i 2013. Det er behov for meir ressursar i heimetenestene, til ekstrahjelp, og til varer og tenester. Framleis etterslep på utstyrsbehov
- Implementere og vidareføre helse- og omsorgsplanen
- Problematikk knytt til manglande standard i høve sjukeheimsforskrifta
- Planlegging av nye omsorgsbustadar som erstatning for gul avdeling
- Nye lokale for heimesjukepleien
- Planleggingsprosess for nytt omsorgssenter
- Vidare integrasjon mot helsenett, med utvikling av prosedyrar for sikring av elektronisk kommunikasjon. Få sett i drift nye PDA, som er sterkt forsinka pga datatekniske forhold.
- Tiltak i samband med heiltidskultur
- Langsiktig rekruttering av personale for å erstatte store grupper seniorar
- Brukarundersøking for pasientar med heimesjukepleie og sjukeheimsplass.
- Vri tenestefokus mot tiltak som fremmer folkehelse og kvardagsrehabilitering

# Bu- og habiliteringsavdelinga

**Tenester og oppgåver i avdelinga**

Gjennom bu- og habiliteringstenesta skal kommunen

- sikre at menneske med utviklingshemming vert gitt nødvendige og individuelt tilpassa tenester.
- bidra til at den enkelte får høve til å leve og bu sjølvstendig, og til å ha eit aktivt og meiningsfullt tilvære i fellesskap med andre.
- sikre at det vert gitt eit heilskapleg, samordna og fleksibelt tenestetilbod.
- sikre at tenestetilbodet så langt som råd vert utforma i samarbeid med brukaren.

For å løyse oppgåvene vert det ytt følgjande deltenester:

- individuell plan
- omsorgsbustad
- praktisk bistand og opplæring
- brukarstyrt personleg assistanse
- avlastningstiltak
- støttekontakt
- omsorgsløn
- vaksenopplæring
- dagtilbod/kommunal sysselsetting

| Mål | Måloppnåing |
|---|---|
| Byggje opp eit samordna tenestetilbod retta inn mot målgruppa. | Tilboda er samla i ei avdeling. Vi manglar nytt fysisk bygg for å kunne ta ut den fulle |

| | |
|---|---|
| | effekten av eit samordna tilbod på dagtilbodsida. 1 bustad samt avlastingshusværet for born, vert per 31.12.13 nytta til dagtilbod. |
| Tenestene har tilfredstillande dekningsgrad. | Avdelinga har 2 ledige bustader. Det vart vedtatt bygging av 4 nye bustader i 2009. Per 31.12.13 er prosjektet klart for anbodsrunde.<br>Avdelinga har eit presserande behov for nytt bygg til dagtilbod. Per 31.12.13 er planlegging satt på vent. |
| Kommunen yter tenester i samsvar med lovverket. | Vi tildeler tenester etter kva som blir vurdert som nødvendig hjelp etter helse og omsorgstenesteloven og opplæring etter opplæringslova § 4A-2. Klager på vedtak som vert oppretheldt av avdelinga, vert sendt til overprøving hos fylkesmannen. |
| Brukarane er tilfreds med dei kommunale tenestene. | Avdelinga har hatt 2 klager på teneste i 2013. 2 klager vart sendt til fylkesmannen for overprøving. Begge sakene utløyste behov for grundigare sakshandsaming frå kommunen si side. |

| **Planlagde investeringar og tiltak** | **Gjennomføring** |
|---|---|
| Planlegging omsorgsbustad unge vaksne funksjonshemma. | Fastlagt i økonomiplan og budsjett for 2013. Under arbeid |
| Planlegging av dagtilbodbygg til menneske med utviklingshemming. | Fastlagt i økonomiplan og budsjett for 2013.<br>Ikkje planlagt. |

| **Nøkkelinformasjon** | 2013 | 2012 | 2011 |
|---|---|---|---|
| Brukarar buteneste | 23 | 25 | 26 |
| Brukarar avlastningsinstitusjon | 5 | 5 | 4 |
| Tal på omsorgsbustader (bu-hab. avd sitt ansvar) | 25 | 26 | 26 |
| Mottakarar av omsorgsløn | 8 | 8 | 8 |
| Ressurskrevjande brukarar | 9 | 8 | 7 |
| Elevar vaksenopplæring | 11 | 14 | 15 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Tal på vedtak etter helse og omsorgtenestelova | 198 | 169 | 107 |
| Tal på vedtak etter opplæringslova | 14 | 15 | 27 |
| Avslag | 10 | 7 | 12 |
| Tal på klage | 2 | 2 | 2 |

*Ein bustad på Trygdebustad 2 er avvikla som utleigebustad, og i bruk av Eigendomsavdelinga.

Brukarundersøking: Avdelinga køyrte ei brukarrepresentantundersøking i oktober 2008. Resultatet var klart i slutten av november og viste eit snitt like under landet. Ny undersøking vart gjort våren 2011 med eit dårlegare resultat enn i 2008. Det var i 2011 ein svarprosent på 39% mot 67% i 2008. Resultatet vart lagt fram til politisk gjennomsyn ved rapportering andre tertial 2011. Avdelinga skal ha ny brukarkartlegging med fokus på brukarane sine eigne meiningar, våren 2014.

Brukartilpassing, brukarmedverknad, brukardialog
I samsvar med lov om pasientrettar har pasienten rett til medverknad og rett til informasjon som er tilpassa individuelle føresetnader. Møtepunktet mellom brukar/pårørande/hjelpeverje og den enkelte tenesteytar er den viktigaste arena for dette.

## Organisasjon

### Årsverk

| | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 |
|---|---|---|---|---|---|
| Talet på årsverk | 49,21 | 50,6 | 58,2 | 58,2 | 58,8 |
| Adm. årsverk, KOSTRA funksjon 1200 | 1,0 | 1,0 | 1,0 | 1,0 | 1,0 |
| Fagressurs teneste | | 49,6 | 57,2 | 57,2 | 57,8 |

*Auke i årsverk 2012-2013 på grunn av meirbehov for avlasting til born.

| | |
|---|---|
| Tal på tilsette i 100% stilling | 25 |
| Tal på tilsette i meir enn 50% stilling | 31 |
| Tal på tilsette i mindre enn 50% stilling | 16 |

*Arbeid i andre avdelingar enn bu- og habilitering er ikkje teken høgde for.

## Økonomi

| | Rekneskap 2013 | Budsjett 2013 | Rekneskap 2012 | Rekneskap 2011 |
|---|---|---|---|---|
| Brutto utgifter | 46.126 | 47.763 | 44.442 | 39.652 |
| Brutto inntekter | *(15.095) | (13.063) | (13.930) | (11.512) |
| Netto driftsutgifter | 31.032 | 34.700 | 30.512 | 28.140 |
| Meir /mindreforbruk (-) | *(3.668) | | ( 2.088) | (70) |

*Mindreforbruk på grunn av meirinntekter for ressurskrevjande brukarar og ytterligare innsparing på grunn av mindre vikarinnleige og vakansar.

**Lokalsamfunn**
Avdelinga informerer om nyhende og tenestetilbodet på kommunen sine heimesider, og til dels i lokalavisa. Vi kan verte meir aktive i det utadretta informasjonsarbeidet.

**Viktige hendingar i 2013**

- Leiargruppa deltok på årets viktigaste fag-konferanse for habiliteringstenesta.
- Jobb-rotasjon prosjektet vart satt i verk.
- Bu- og habiliteringsavdelinga var spurt om medverknad i tv-produksjonen «Truls oppdrag hurtigruten»
- Felles brannøving for fleire omsorgsbustader og utdeling av diplom frå rådmannen på Herøy produksjon.

**Hovudutfordringar/prioriteringar 2014**

- Bygging av nye bustader for unge vaksne funksjonshemma.
- Planlegge bemanningskabal og overføring av tenester til nye bustader.
- Brukarundersøking for målgruppa personar med utviklingshemming er planlagt våren 2014. Verktøy: Kartleggingsverktøy i «Bedre kommune», Intervjukartlegging på brukarnivå
- Ekstra fokus på kompetanseutvikling og samarbeid internt i avdelinga.
- Tverrfagleg samarbeid kring personar som treng bistand av stat, fylke og kommune.
- Følgje opp utviklingsprosjekt knytt til framtidig dagtilbod for målgruppa.
- Auka nærvær i avdelinga har kontinuerleg fokus.

# NAV Herøy

NAV Herøy er brukarens møtepunkt med NAV i Herøy kommune. Kontoret si hovudoppgåve er å følge opp dei som treng hjelp for å kome i arbeid og aktivitet. Kontoret rettleiar brukarane på. Dei lovpålagde kommunale tenestene i kontoret er regulert av Lov om sosiale tenester i NAV:
- Informasjon, råd og (økonomisk) rettleiing
- Økonomisk sosialhjelp
- Midlertidig bustad
- Individuell plan
- Kvalifiseringsprogram

I tillegg ligg følgande tenester og fagområde til NAV Herøy:
- Flyktningtenesta
- Bustadsosial teneste
- Rus
- Støttekontakt

NAV Herøy er tufta på eit likeverdig partnerskap mellom kommune og stat, og har derfor to styringslinjer. NAV-leiar rapporterer både til rådmannen i Herøy kommune og fylkesdirektøren i NAV Møre og Romsdal. NAV-leiar er tilsett i NAV Møre og Romsdal, men sitt også i leiargruppa til rådmannen.

NAV Herøy skal yte tenester på ein måte som gjer at brukarane opplever kontoret som ein tenesteytar. Dei tilsette i NAV Herøy jobbar på tvers av tilsettingsforhold, og er delegert

mynde til å sakshandsame på kvarandre sine område. NAV Herøy er organisert og jobbar ut frå brukarens behov for oppfølging.

| Mål | Måloppnåing |
|---|---|
| Tenesteyting og sakshandsaming skal vere i samsvar med lov- og regelverk | Fylkesmannen gjennomførte tilsyn på området økonomisk sosialhjelp i januar 2012. Som det einaste kontoret i fylket fekk vi verken avvik eller merknad.<br>Vi hadde ei klage på avslag om økonomisk sosialhjelp, der vi fekk medhald av Fylkesmannen. |
| Brukarane er tilfredse med dei kommunale tenestene | Det blei gjennomført ei brukarundersøking i i september 2012. Dei fleste brukarane våre er godt fornøgde med den service, informasjon og rettleiing dei får fra NAV Herøy. |

| Tiltak og investeringar | Gjennomføring |
|---|---|
| Styrke den arbeidsretta brukaroppfølginga:<br>- auke kunnskapen om arbeidsmarknaden i Herøy og på Søre Sunnmøre<br>- opprette marknadsteam<br>gjennomføre bedriftsbesøk | NAV Herøy har jobba målretta opp mot arbeidsgjevarar i 2013. Vi har gjennomført fleire store bedriftsbesøk, samt hatt mange treffpunkt med ulike arbeidsgjevarar gjennom oppfølging av sjukmelde, kandidatar på praksisplass, bistand ved rekruttering og permittering, samt generell informasjon og rettleiing. |
| Styrke det miljøterapeutiske oppsøkande arbeidet:<br>- opprette ein base for tiltak for ungdom 18-25 år | Basen ble oppretta og satt i stand i 2012. Tiltak skulle igangsettast i 2013, men måtte desverre omdisponerast til andre formål. NAV Herøy ønskjer å jobbe vidare for å få til lokale lavterskeltiltak retta mot målgruppa. |
| Styrke det rusfaglege arbeidet:<br>- rullere ruspolitisk handlingsplan<br>- utvikle lavterkseltiltakfor målgruppa | - rullering av ruspolitisk handlingsplan blei igangsatt<br>- lavterksetiltak ikkje ferdig utvikle, sjå base |
| Styrke det bustadsosiale arbeidet<br>- rullere bustadsosial handlingsplan<br>- utvikle rutinar for tilsyn og vedlikehald i kommunale utleigebustader<br>- samarbeide med Eigedomsavdelinga om nye tiltak/bustadar for vanskeligastilte | - rullering av bustadsosial handlingsplan igangsatt<br>- rutinar for tilsyn utvikla og iverksatt<br>- samarbeid med Eigedomsavdelinga igangsatt, konkrete tiltak må sjåast i samanheng med bustadsosial handlingsplan |

**Årsverk NAV Herøy - kommunalt tilsette**

| | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 |
|---|---|---|---|---|
| Talet på årsverk | 9,2 | 10,2 | 9,7 | 9,7 |
| Adm. årsverk, KOSTRA funksjon 1200 | (1) | (1) | (1) | (1) |
| Fagressurs teneste | 8,5 | 9,5 | 9,0 | 9,0 |

Adm. årsverk: NAV-leiar er statleg tilsett
2013: oppretting av stilling som seksjonsleiar, medan stilling som bustadkonsulent blei overført Eigedomsavdelinga.

**Økonomi**:

| Tall i hele tusen | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | Rekneskap 2013 | Budsjett 2013 | Rekneskap 2012 | Rekneskap 2011 | Rekneskap 2010 |
| Brutto utgifter | 22 049 | 14 172 800 | 18 245 | 13 644 | 16 191 |
| Brutto inntekter | 9 651 | 5 072 800 | 7 331 | 6 380 | 9 114 |
| Netto driftsutgifter | 12 008 | 9 100 000 | 10 914 | 7 263 | 7 078 |
| Meir / mindreforbruk (-) | 3 299 | | 2 869 | (2 066) | (739) |

**Lokalsamfunn**
NAV Herøy skal vere ein attraktiv samarbeidspart og ein viktig aktør i lokalsamfunnet

# Kulturavdelinga

Kulturavdelinga omfattar Herøy Kulturkontor med ungdomsseksjonen, Herøy kulturhus/Herøyhallen, Herøy Folkebibliotek og Herøy Frivilligsentral og skal legge tilrette for at innbyggjarane skal ha høve til å ta del i aktivitet og opplæring innan ulike kulturområde..

Avdelinga skal vere koordinerande kontakt til lag og organisasjonar og næringsliv for utvikling av aktivitet, trivsel og utbygging av anlegg for kultur, idrett og friluftsliv.

| Tal i heile tusen | Rekneskap 2013 | Budsjett 2013 | Rekneskap 2012 | Rekneskap 2011 |
|---|---|---|---|---|
| Brutto utgifter | 12 040 | 12 0970 | 11 671 399 | 11 496 195 |
| Brutto inntekter | (4 079) | (4 565) | (4 781 400) | 5 041 446 |
| Netto driftsutgifter | 7 961 | 7 533 | 6 889 999 | 6 454 748 |
| Meir/mindreforbruk (-) | 429 | | | 34 748 |

**Årsverk**

| | 2013 | 2012 | 2011 | 2010 |
|---|---|---|---|---|
| Talet på årsverk - (fast eks. prosjekt-vikar) | 9,09 | 9,4 (8,6) | 8,9 (8,1) | 9,0 (7,7) |
| Adm. årsverk, KOSTRA funksjon 1200 | | | | |
| Fagressurs teneste | 9,09 | 9,4 (8,6) | 8,9 (8,1) | 9,0 (7,7) |

Kulturavdelinga har i dag 12 tilsette.
I tillegg er det tilsett på timebasis 8 ungdomar (pluss 2 vikarar) på 1 års engasjement knytt til ungdomsklubben

Antal i 100 % 6
Antal i deltid over 50 % 4
Antal i deltid under 50 % 2

Antal brukte årsverk 2013 9,09 pr. 31.12.13

| Mål | Gjennomføring |
|---|---|
| Tenesteyting og sakshandsaming i samsvar med lov- og regelverk | Utført |

| | |
|---|---|
| Kvalitetsdokumentasjon og avviksregistrering skal systematisk handsamast i kommunen sitt kvalitetssystem | Utført |
| Resultat av brukarundersøking og nasjonale resultatmålingar over landssnittet og elles betring i samsvar med tiltak | Utført, men mindre tilvekst grunna innsparing. |
| Omgjorde vedtak av klageorganet si klagehandsaming skal vere eit minimum | Utført |
| Ekstern informasjon i samsvar med kommunen sin informasjons- / kommunikasjonsstrategi | Frivilligsentralen gir tilbod om gratis stand under festivalar i sentrum. |
| Det skal ikkje vere grunnlag for klage på servicen på tenesteytinga | Ikkje utført.<br>Er gjennomført ein gong tidlegare. Ynskjer å gjenoppta tilbodet. |

| Tiltak og oppgåver | Gjennomføring |
|---|---|
| Rullere årleg samarbeidsavtalene med servicetorget vedk. dei ulike tenestene til brukarane som servicetorget skal ta seg av for kulturavdelinga. | Utført |
| Det skal gjevast tilgong for lag og organisasjonar til å lenke seg til Frivilligsentralen sin nettstad, www.frivilligheroy.no. | Ikkje utført.<br>Må vurderast på nytt. |
| Vidareutvikle og marknadsføre ungdomen si heimeside (fritidsklubben.org) der informasjon kan leggast ut på "facebooksidene" til ungdomsseksjonen. | Utført. |
| Kulturhuset skal marknadsføre og vidareutvikle si heimeside for informasjon og arrangement i samkøyring med kommunen si heimeside. | Delvis utført.<br>Heimeside oppdatert. Samkøyring med kommunen si heimeside kan bli betre. Planlagt gjennomgang saman med servicetorget vinter 2014. |
| Vidareutvikle marknadsføringa av tenestene i biblioteket gjennom brosjyre, web-søk og bibliotekspalta: Bibliotekhjørnet i Vestlandsnytt. | Delvis gj.ført.<br>Ny heimeside under fylkesbiblioteket.<br>Tatt i bruk Facebook. |
| Legge ut regelmessig informasjon på kommunen sine nettsider og i media om ulike tenester og arrangement. | Utført |
| Avdelinga skal ha fokus på energisparande tiltak og ha som mål at energiforbruket skal reduserast. | Utført.<br>Nytt ventilasjonsanlegg etablert på Kulturhuset. |
| Informere og marknadsføre arbeidet i ungdomsrådet på kommunen og ungdomsrådet sine sider; sjå politikk / ungdomsråd. | Utført. |
| Halde årleg dialog- / informasjonsmøte med lag og organisasjonar. | Utført |
| Få på plass gode tiltak / tilbod gjennom bruken av det Digitale utstyret i kinoen. | Utført |
| Arrangere kurs i organisasjonsarbeid. | Frivilligsentralen har ikkje prioritert dette mht økonomi og kapasitet i år. Frivilligprosjektet i fylkeskommunen er avslutta og vi får ikkje refundert utgifter til annonsering. |

**Viktige hendingar i 2013**

Anlegg:

- Bygging av 2. byggesteg av Heid Turløype
- Bygging av sandhandballbane
- Bygging av kunstgrasbane for Gurskøy IL

Frivilligsentralen:

- Brukarar og tilsette har formidabel auke i trivsel i dei nye lokala, noko som har ført til at aktivitetane har vorte mykje meir brukt og lokala mykje meir nytta av lag og organisasjonar.
- «Bry deg», Natteravnane sine informasjonsmøter om narkotika.
- Tjukkasgjengen Chapter Fosnavåg vart starta opp 5.mars.
- Språklunch, vi fekk tilskot av fylkeskommunen og starta opp i juni.
- TV-aksjonen, nok ein vellykka aksjon for Herøy kommune som i år gjekk til Nasjonalforeninga for folkehelse. Vi hadde 100% dekning på bøssebærarar.
- Frivilligpris, vart tildelt Alf Rune Lervik for sitt mangeårige engasjement i Moltustranda skytterlag.
- Ei gruppe ungdomskuleelevar har engasjert seg i forbindelse med det nye valfaget «innsats for andre».

Kulturavdelinga:

- Kulturprisen er vedteken men blir fyrst tildelt våren 2014.
- Ungdommens kulturpris blei tildelt Jørgen Kopperstad for sitt bidrag innan song og musikk, samt ungdomsarbeid.

**Hovudutfordringar/prioriteringar 2014**

- Framtidig bruk og aktivitet på Herøy kulturhus og Herøyhallen
- Prosjekt Fosnavåg konserthus og kino
- Prosjekt kulturminneregistrering
- Driftsgjennomgang seksjonane
- Revidering Kommunedelplan idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv
- Oppstart detaljregulering for Sagaøya Herøy
- Oppstart Kulturminneplan

# UTVIKLINGSAVDELINGA

## Tenester og oppgåver i avdelinga

Planlegginga skal samordne statleg, fylkeskommunal og kommunal verksemd og gje grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressursar og om utbygging. Gjennom planlegging skal det leggjast til rette for at arealbruk og utbygging vert til størst mogleg gagn for den enkelte og samfunnet. Ved planlegginga skal det spesielt leggjast til rette for å sikre born gode oppvekstvilkår.

## Tenester/arbeidsoppgåver

- Samfunnsplanlegging (Kommuneplan, kommunedelplanar, reg.planar m.v.)
- Byggesaksbehandling
- GIS/Oppmåling
- Vassforsyning
- Naturforvaltning og friluftsliv

| Mål | Måloppnåing |
|---|---|
| Tenestene har tilfredsstillande dekningsgrad | I 2013 er talet på ubehandla og ikkje ferdigbehandla saker (bygge-, dele- og dispensasjonssaker) redusert og er innanfor eit akseptabelt nivå. |
| Kommunen yter tenester i samsvar med lovverket | Fylkesmannen stadfesta samtlege klagesaker i tråd med kommunen sine vedtak, totalt 4 saker. |
| Brukarane er tilfredse med dei kommunale tenestene | Det vart ikkje gjennomført brukarundersøkjing i 2013. Statistikken viser imidlertid at om lag 70 % av alle bygge- og delesaker har hatt ei behandlingstid på 1-4 veker. Ein reduksjon på 1% frå forrige år. |
| Etterslepet av ubehandla og ikkje ferdigbehandla saker (bygge-, dele- og dispensasjonssaker) skal vere så lavt som råd. | I løpet av 2013 er det registrert inn 533 nye saker medan det vart produsert 480 vedtak. Å optimalisere saksbehandlinga har fortsatt fokus i avdelinga. |
| Saksbehandlingstida for oppmålings-forretningar skal vere kortare enn lands-gjennomsnittet og kurante saker skal ha ei maks. behandlingstid på 12 veker (frå behandla delesak til tinglyst matrikkelbrev). | I 2013 vart det utarbeidd/ferdigbehandla 110 matrikkelbrev. Ei reduksjon på 5 frå forrige år. Avdelinga arbeider godt og systematisk. Gjennomsnittleg behandlingstid i 2013 var på 13 veker. Ein auke på 1 veke frå forrige år. |

| Planlagde tiltak og investeringar | Gjennomføring |
|---|---|
| Vidareføre arbeidet med gjennomgang, rydding og ajourføring av gards- og bruksnummerarkivet. | I overkant av 80 % av arkivet er no gjennomgått. Det er satt i gang eit prosjekt på å scanne heile gards og bruksnummerarkivet. Ein forventar at dette er ferdigstilt i 2015. |
| Halde fokus også på øvrige relevante tiltak som kan innebere redusert saksbehandlings-tid og saksetterslep for dispensasjons-, dele- og byggesaker. | Avdelinga arbeider kontinuerleg med tiltak som kan effektivisere og kvalitetssikre saksbehandlinga. |
| Følgje opp serviceavtalen med servicetorget. | Ein held jamnleg kontakt med Servicetorget med sikte på oppfølgjing av avtalen mellom Utviklingsavdelinga og Servicetorget. |
| Meir aktiv bruk av lokalavis og internett. | Alle planar vert lagt på nettet i samband med off. ettersyn/høyringar. Også anna aktuelt stoff frå avdelinga vert tidvis presentert. |
| Fortsatt utvikling av kartsystema på internett. | Vedlikehald og vidareutvikling av kartbasane vert gjort fortløpande. |
| Vidareføre arbeidet med oppdatering av rutiner og samordne desse med andre avdelingar. | Det har i løpet av 2013 vore arbeidd særskilt med samordning mot andre avdelingar med eigne samordningsmøter. Vidare har oppdatering og ajourføring av gjeldande rutiner i Kvalitets-losen hatt fokus. |

| | |
|---|---|
| Det skal gjevast førebels svar i samsvar med forvaltningslova og e-post skal følgjast opp i samsvar med interne retningsliner for e-post. | Bygge opp og halde ved like kommunens omdøme er ei prioritert sak i avdelinga. Dette har særskild fokus også i 2014. |
| Vidareføring av systematisk statistikkføring og oppfølgjing av saksbehandlinga. | Statistikkføringa har gitt ein god oversikt over innkomne og behandla saker. Ordninga har i løpet av året vorte vidareutvikla som reiskap for eit målbevisst arbeid med reduksjon av tidlegare opparbeidd saksetterslep. |
| Følgje opp Kvalitetslosen innanfor aktuelle område i avdelinga. | Avdelinga jobber systematisk og målretta for å nytte Kvalitetslosen på ein best mogleg måte. Registrering og melde avvik vil ha særskild merksemd i 2014. |
| Talet på klager etter forvaltningslova skal registrerast. | Talet på klager vert registrert i tilknyting til avdelinga si statistikkføring. 4 klager på forvaltningsvedtak vart avgjort i 2013 (reduksjon på 3 frå forrige år). |

Det vert lagt vekt på å kvalitetssikre og effektivisere saksbehandlinga gjennom vidareutvikling av rutiner og samordning innan avdelinga og på tvers av avdelingar. Avdelinga har eit særleg fokus på reduksjon av saksetterslepet i byggesaker og effektivisere planprosessane gjennom stram prioritering av planoppgåver.

**Brukartilpassing, brukarmedverknad, brukardialog.**
Reguleringsføresegnene kjem i tillegg til plan- og bygningslova og gjeldande bygningsvedtekter for Herøy kommune. Det er ikkje tillate ved private særrettar å etablere tilhøve som strid mot desse føresegnene.

§ 3.

Unnatak frå reguleringsføresegnene kan, der særlege grunnar talar for det, tillatast av bygningsrådet innanfor ramma av plan-og bygningslova og bygningsvedtektene.

FELLESFØRESEGNER.

§ 4.

Bygg skal plasserast innanfor dei regulerte byggegrensene. Bygningsrådet kan etter reglar gitt i § 15 tillate at garasje kan plasserast nærare vegen enn byggegrensa elles tillet.

§ 5.

Bygningsrådet skal ved handsaming av byggemelding sjå til at bygga får ei god form og materialbruk, og at bygg i same område vert mest mogleg harmoniske i form og storleik.

§ 6.

Der planering gjer det nødvendig med støttemur mot nabotomt eller veg, kan bygningsrådet krevje at planeringshøgda vert senka eller heva, slik at høgda på støttemuren vert redusert.

§ 7.

Avkøyrsle til offentleg veg skal vere oversiktleg og mest mogleg trafikksikker. Det må ikkje plantast tre eller buske som etter bygningsrådet sitt skjøn kan verte sjenerande for den offentlege ferdsel.

§ 8.

Trebestand på tomta skal ein søke å bevare så langt det er råd.

§ 9.

På arealet mellom frisiktline og veg skal det vere fri sikt i ei høgd av 0,5 m over planet til dei tilstøytande vegane. Arealet må ikkje brukast slik at frisikten på noko tidspunkt vert hindra.

§ 10.

I område der det kan ventast at støy frå vegtrafikk kan verte større enn normane for slik støy fastsett av Miljøverndepartementet, kan bygningsrådet i samband med byggemelding krevja ei utgreiing av støytilhøva. Dersom resultatet av utgreiianga krev det, skal tiltak for å verna bustadområdet takast med i byggemeldinga og det byggeløyvet som vert gitt.

§ 11.

Bygningsrådet kan på grunnlag av kommunen sitt bustadbyggingsprogram, budsjett o.l. og ellers så langt det er ønskeleg eller nødvendig fordi det ikkje er tilfredsstillande vatn- og el-kraftforsyning eller avløp for spillvatn, sette krav om rekkefølge og tidsplan for utbygging av utbyggingsområder eller deler av slike.

I. BYGGEOMRÅDE

<u>Bustader, felt B.</u>

§ 12.

I områda kan oppførast bustadhus i inntil to etasjar med tilhøyrande garasje. Antal etasjar skal reknast etter byggeforskriftene.

§ 13.

Bustadhuset og garasja si samla grunnflate må ikkje overstige 20 % av tomta sitt nettoareal.

§ 14.

Tomtedeling og plassering av bustadhus på tomta skal i prinsippet vere slik som vist på reguleringskartet. Ei anna tomtedeling og husplassering kan tillatast av bygningsrådet. Dersom bygningsrådet finn grunn for det, kan det krevje at det vert utarbeida ein bebyggelsesplan for eit naturleg avgrensa område som viser endra tomtedeling og husplassering.

§ 15.

Det skal på eigen grunn vere plass til minst 1.overdekka bilplass og 1.oppstillingsplass for bil pr. bustad.

Plassering av garasje og biloppstillingsplass skal vere vist på situasjonsplan som følger byggemeldinga for bustadhuset, sjølv om garasja ikkje vert oppført på same tid som dette.

Framlegg til plassering av garasje er vist på reguleringskartet. Ei anna plassering kan og tillatast, enten frittliggande eller som tilbygg eller del a bustadhuset. Felles garasje for to naboeigendomar kan oppførast i tomtegrense Frittliggande garasje på eigen tomt kan innanfor reglane i byggeforskriftene oppførast inntil 0,5 m. frå nabogrensa.

Bygningsrådet kan tillate at garasje med port mot vegen kan plasserast inntil 5 m. frå den regulerte vegkanten. I særskilte høve (t.d. lita tomt, stor høgd frå veg til tomtegrunn) kan bygningsrådet tillate at garasje vert plassert inntil 2 m. frå regulert vegkant, men da med utkøyring langs vegen.

§ 16.

Mindre ervervsverksemd som bygningsrådet finn ikkje fører til ulempe for områ- rundt i form av lukt, røyk, støy, trafikk o.l., kan tillatast i bustadområda.

<u>Offentlege bygg, felt O, og</u>
<u>almennyttige bygg, felt A.</u>

§ 17.

Felt O.1 skal nyttast til skuleformål. I området kan det og leggast til rette for anlegg og oppførast bygg som dekker eit aktivitetsbehov for barn og ungdc i tilstøtande bustadområde utover skuletilbodet, t.d barnehage, ungdomsklubb, skibakke m.m.

I felt A.1 kan det oppførast bedehus med tilknytta anlegg.

§ 18.

Bygga kan oppførast i inntil 2 etasjar. Bygga si utforming og plassering sa med avkøyrsler, parkeringsplassar, uteplassar o.l. skal godkjennast av bygningsrådet. Dei løysingane som går fram av reguleringskartet er retnings gjevande for utnyttinga av områda.

§ 19.

Det skal settast av plass for det antal biloppstillingsplassar som bygningsrådet finn nødvendig etter vedkomande bruk av området.

II. OFF. TRAFIKKOMRÅDE.

§ 20

Til Fv. 0018 er det ikkje tillate å legge kryss eller avkøyrsler utover dei som er vist på planen. Eksisterande avkøyrsler langs sjøsida av fylkesvegen kan tillatast i samråd med vegstyringsmaktene så lenge ikkje anna vert bestemt i medhald av reguleringsplan for områda.

III. FRIOMRÅDE.

§ 21

Områda skal nyttast til leikplassar for små born og elles til turveg. Det vert ikkje tillate å sette opp bygg eller anna som vanskeleggjer denne bruken.

IV. SPESIALOMRÅDE.

§ 22

Områda skal nyttast til friluftsområde. Vegetasjonen skal vernast så langt rad er sett i hove til eigedomsrett og rimlege omsyn til landbruksdrifta i området.

V. FELLESOMRÅDE.

Felles avkøyrsel, felt FA.

§ 23

Vegane er felles for dei tomtene som etter reguleringskartet skal ha avkoyrsel til desse.

Felles hageareal, felt FH.

§ 24

Arealet er felles for noverande brukarar. Det skal nyttast til hagebruk o.l. Det kan oppførast bygg som er naturleg tilknytta bruken av området. Bustadbygg vert ikkje tillate.

ØK/AA 16.1.1989.
Rev. 12.12.1989
Justert 22.02.93 etter vedtak i K-sak 7/93

Fosnavåg 26.02.93.
Svein Gjelseth

HERØY + ORDFØRAREN I




## Herøy kommune

**Reguleringsendring for Leine, del 1**

I medhald av § 27-2 i plan- og bygningslova har Herøy kommunestyre i møte 5.2.2009, sak 07/09, vedteke reguleringsendring for Leine, del 1.

Ordførar

## TEIKNFORKLARING

**PBL § 25 REGULERINGSFORMÅL**

**Byggjeområde (PBL § 25 1. ledd nr.1)**

Frittliggjande einebustader

**Offentleg trafikkområde (PBL § 25 1. ledd nr.4)**

Gang- og sykkelveg

**STREKSYMBOL MV.**

- Planen si grense
- Formålsgrense
- Byggegrense
- Tomtegrense

**REGULERINGSPLANENDRING FOR**

# Leine, del 1

**MED REGULERINGSFØRESEGNER**

Målestokk 1:500 Papirkvalitet: JSO24/90g

| SAKSHANDSAMING JF. PLAN- OG BYGNINGSLOVA | SAKS-NR. | DATO | SIGN. |
|---|---|---|---|
| Revisjonar | | | |
| **Godkjenningsvedtak i kommunestyret** | 07/09 | 5.2.2009 | BSS |
| 2. gongs handsaming i fast utval for plansaker. Oversending til kommunestyret | 02/09 | 13.2009 | BSS |
| Offentleg ettersyn frå 15.2. til 15.3. 2008 | | | BSS |
| 1. gongs handsaming i fast utval for plansaker - utlegging til offentleg ettersyn | 14/08 | 5.2.2008 | BSS |
| Kunngjering av oppstart | 78/07 | 30.10.07 | BSS |

PLANEN ER UTARBEIDD AV:

**Herøy kommune** 18.1.2008


26/182
26/185
26/75
26/200
22
26/28
26/82
26/16
26/72
26/55
26/76
26/180
26/17
HERØY KOMMUNE
21.05.2014 1:500
Det kan forekomme feil i kartet
N
0 5 10 15 20 m


Veg nr. 3
B6a
Frittliggjande einebustader
Gang- og sykkelveg
A1
BEDEHUS
26/23
26/163
26/19
26/49
26/162
26/89
26/185
26/75
26/200
26/71
26/70
26/76
26/180
LEINE
LEIRVEGEN
PS200
VL110
328650
328700
HERØY KOMMUNE
12.05.2014 1:500
Det kan forekomme feil i kartet
0
5
10
15
20 m
N

# Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon
Overingeniør Astrid Buset, 71 25 85 41

Vår dato
04.06.2014
Dykkar dato
06.05.2014

Vår ref.
2014/2914/ASBU/421.4
Dykkar ref.

Herøy Kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Reg nr. | Saksbeh.
10 JUNI 2014
Ark.kode P
Ark.kode S
J nr. | Dok.nr.
Kassasjon

**Herøy kommune**
**Oppføring av 2-mannsbustad på Leine - gnr26 bnr200 - Mørebygg AS**
**Fråsegn til dispensasjon frå reguleringsplan**

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde ingen merknader.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fung. samordnar

Astrid Buset
overingeniør

**Kopi:**
Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Statens vegvesen, Region midt

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

Postadresse: Fylkeshuset 6404 Molde | Telefon: 71 25 84 43 | Telefax: 71 25 85 10 | E-post: postmottak@fmmr.no | Web: www.fylkesmannen.no

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

# SAKSFRAMLEGG

-

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | AZT | Arkivsaknr: | 2014/656 |
| | | Arkiv: | 29/74 |

| **Utvalsaksnr** | **Utval** | **Møtedato** |
|---|---|---|
| 74/14 | Maritim og teknisk komite | 17.06.2014 |

## GULLIK KJELLSTADLI OG INGRID SYLVIA RENBERG 29/74 - SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLAN FOR OPPFØRING AV EINEBUSTAD

**Tilråding frå rådmannen:**

Maritim og teknisk komite gjev med heimel i plan- og bygningslova (PBL) § 19-2, dispensasjon frå plankravet i kommuneplanens arealdel, for oppføring av einebustad på gnr 29 bnr 74.

Det vert samstundes gjeve samtykke til omdisponering av 0.8 dekar overflatedyrka jord etter jordlova § 9.

Grunngjeving for dispensasjon:

Grunngjevinga for dispensasjonen er at tiltaket er tilpassa forslag til reguleringsplan for området «Indre Bergsøy». Tiltaket vil ikkje vere til hinder for ei heilskapleg utnytting av areala i dette området, og vil soleis ikkje tilsidesette formålet bak føresegna det vert dispensert frå eller plan- og bygningslova sin formålsparagraf. Tiltaket er vurdert til å ha klart større fordelar enn ulemper etter ei samla vurdering.

*Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 –tre- veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr. Plan- og bygningslova § 1-9 og*

*Forvaltningslova §§ 28 og 29.*

Særutskrift:

| | | |
|---|---|---|
| Gullik Kjellstadli og Ingrid Sylvia Renberg | Einehøgda 3A | 6154 Ørsta |
| IEC-Hus Norge AS | Postboks 399 | 1401 Ski |
| Møre og Romsdal fylkeskommune | Fylkeshuset | 6404 Molde |
| Fylkesmannen i Møre og Romsdal | Fylkeshuset | 6404 Molde |
| Statens Vegvesen Region Midt | Fylkeshuset | 6404 Molde |
| Søre Sunnmøre landbrukskontor | Dragsund | 6080 Gurskøy |
| Anleggs- og driftsavdelinga | Her | |
| Barnerepresentanten i Herøy | Her | |

**Vedlegg:**
01 – Søknad om dispensasjon, datert 14.05.2014.
02 - Uttale frå Statens Vegvesen, datert 22.05.2014.
03 - Uttale frå Søre Sunnmøre landbrukskontor, datert 04.06.2014.
04 - Uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 04.06.2014.
05 - Uttale frå Anleggs- og driftsavdelinga, datert 10.06.2014.
06 - Teikningar av bustadhuset
07 - Situasjonsplan for tomt gnr 29 bnr 74, datert 14.05.2014.
08 - Forslag til plankart for Indre Bergsøy
09 - Flyfoto over området M 1:500

**Saksopplysningar:**

IEC- Hus Norge AS søkjer, på vegne av Gullik Kjellstadli og Ingrid Sylvia Renberg, om dispensasjon frå plankravet (krav om reguleringsplan før utbygging) for oppføring av einebustad, tilkomstveg, støttemur og utomhusareal på gnr 29 bnr 74.

Eigedomen ligg i eit område som er avsett til bustad i kommuneplanens arealdel, med krav om utarbeiding av reguleringsplan før bygging. Området er ikkje omfatta av ein godkjent reguleringsplan, men Herøy kommune arbeider pr i dag med eit framlegg til områdereguleringsplan for «Indre Bergsøy».

Det blir her søkt om å føre opp ein einebustad på gnr 29 bnr 74, med ei tomteavgrensing slik det er vist på vedlagt situasjonsplan. Bustadhuset er planlagt med eit bruksareal (BRA) på i alt 178,45 m2. Bustaden er tenkt oppført med ei grunnflate (BYA) på 113,40 m3 i 2 etasjer, med tilkomstveg frå eksisterande privat veg i aust. Vidare er garasje planlagt i bakkant av bustadhuset på planert areal, med støttemurar mot terreng/skråning i sør. I søknaden er det opplyst at bustadhuset skal tilkoplast offentleg avløpsanlegg og vatn via eksisterande leidningar som kryssar eigedomen. Det er i samband med søknaden dokumentert løysingar for veg, vatn og kloakk.

Søknad om dispensasjon har vore sendt på høyring og det ligg føre uttalar frå høyringsorgana. Saka er no klar for behandling.

<u>Uttale frå Statens Vegvesen Region Midt, 22.05.2014:</u>
Vegvesenet har ikkje innvendingar til at det vert dispensert frå plankravet.

<u>Uttale frå Søre Sunnmøre landbrukskontor, 04.06.2014:</u>
Landbrukskontoret viser til at areal som er søkt utbygd omfattar dyrka mark. Det må difor gjerast vedtak om omdisponering etter Jordlova § 9. Det blir vist til at arealet ikkje er del av aktiv landbruksdrift i dag og ligg i område som er regulert til bustadføremål. I landbrukssamanheng vert arealet vurdert som marginalt. Landbrukskontoret meiner at arealet kan omdisponerast etter Jordlova § 9.

<u>Uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 04.06.2014:</u>
Fylkesmannen viser til si fråsegn til avgrensa høyring av forslag til områdereguleringsplan for området indre Bergsøy. Fylkesmannen kan ikkje tilrå ei plassering av bygningar og opparbeiding av tomta som hindrar tilkomst til leikeplassen frå nord. Det vert føreset at kommunen finn ei løysing som ivaretek borna sitt behov for kort og lettvint tilkomst til leikeplassen.

Uttale frå Anleggs- og driftsavdelinga, 10.06.2014:
Anleggs- og driftsavdeling har ingen merknader til saka.

**Vurdering og konklusjon:**

Rådmannen vurderer det slik at vilkåra for å kunne gi dispensasjon er oppfylt. Plan- og bygningslova § 19-2 gir høve til å dispensere frå føresegner fastsett i eller i medhald av lova på nærare vilkår. Det følgjer av § 19-2, 2. ledd at det ikkje kan dispenserast dersom omsynet bak føresegna det vert dispensert frå, eller omsynet i lova sin formålsparagraf, blir vesentleg sett til side. Vidare går det fram at det skal gjerast ei avveging av omsyna som taler for og imot ein dispensasjon. Det kan berre dispenserast dersom det ligg føre ei klar overvekt av omsyn som talar for ein dispensasjon.

Som ein del av saksbehandlinga er det gjennomført møte med tiltakshavar i høve søknad om dispensasjon. Søknaden har blitt vurdert opp mot forslag til ny områdereguleringsplan for «Indre Bergsøy». Dette planforslaget har vore ute til offentleg ettersyn, men er enno ikkje vedtatt av kommunen grunna avklaringar i høve automatisk freda kulturminne (arkeologi). Det har soleis vore dialog mellom tiltakshavar og administrasjonen kring plassering av bustadhuset på eigedomen og i forhold til dei løysingane som er skissert planforslaget for «Indre Bergsøy».

Når det gjeld uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, viser rådmannen til det planforslaget som var ute til offentleg ettersyn. Fylkesmannen hadde ikkje her merknader til leikearealet og tilkomst til dette. Ein finn ikkje grunnlag til å gjere noko endringar i dette momentet, då situasjonen rundt leikearealet ikkje er vesentleg endra. Rådmannen viser her til at det er tale om ei justering av det planlagde leikearealet. Det blir også vist til at dette er ein områdeplan, med krav om detaljregulering. Dette inneberer at ei nærare avklaring av deltajar er tenkt løyst gjennom ytterlegare reguleringsplanlegging av delområder.

Der bustadhuset no er tenkt plassert viser gjeldande kommuneplan bustadformål med plankrav, utan nærare utfylling av dette formålet. I framlegg til reguleringsplan for «Indre Bergsøy» er den aktuelle tomta føreset nytta delvis til bustad og delvis til leikeplass. Når kommunen mottok søknad om dispensasjon, var tiltaket som er planlagt i konflikt med der leikeplassen var innteikna i dette området. Gjennom møte med tiltakshavar, har bustadprosjektet blitt tilpassa meir dei planane som gjort offentlege for dette området. Det blei etter møte mellom tiltakshavar og administrasjonen gjort ei mindre justering både knytt til plassering av bustadhus m.m på gnr 29 bnr 74, og ei mindre justering i planforslaget for «Indre Bergsøy». Desse justeringane gjer det no mogleg å oppnå ei løysing som gjer at ein kan realisere både planforslaget og bustadprosjektet.

Eigedomen ligg i eit område som er avsett til bustad i kommuneplanens arealdel. Areal som er søkt utbygd omfattar dyrka mark. Det ligg føre positiv uttale frå landbrukskontoret i høve omdisponering av overflatedyrka jord. Rådmannen finn difor å kunne tilrå at det vert gjeve samtykke til omdisponering.

Tiltaket er vurdert til å ikkje vere til hinder for utvikling av eit større heilskapleg område på Bergsøya og søknaden er no vurdert til å vere tilpassa områdeplanen for «Indre Bergsøy». Rådmannen viser elles til at ingen av uttaleorgana har merknader til saka og vil difor tilrå at det vert gjeve dispensasjon slik det vert søkt om.

Konsekvensar for folkehelse:
**Ingen**
Konsekvensar for beredskap:
**Ingen**
Konsekvensar for drift:
**Ingen**

Fosnavåg, 16.06.2014

| | |
|---|---|
| Erlend Krumsvik | Jarl Martin Møller |
| Rådmann | Avd.leiar |

Sakshandsamar: Aleksander Zahl Tarberg

-en bolig du vil dele livet med!

**Herøy kommune**
**Pb. 274**
**6099 Fosnavåg**

Att.: Byggesak

Deres ref.: Vår ref.: 1070341 11.04.2014

## SØKNAD OM OPPFØRING AV ENEBOLIG PÅ DEL AV EIENDOM - GBNR 29/74

Vedlegger søknad om oppføring av enebolig og støttemurer på del av eiendommen gbnr. 29/74.

Støttemurer og fremtidig plassering av garasje vises i situasjonplan. Kravet til sportsbod oppfylles i eksisterende uthus tilhørende tiltakshaver på eiendommen.

**DISPENSASJON**

Det søkes om dispensasjon fra kommuneplan som henviser til pbl § 20-4 – «tiltak kan ikke finne sted før arealet inngår i reguleringsplan». Arealet hvor eiendommen gbnr 29/74 (Teig 1) ligger, og hvor det søkes oppført en enebolig, er i kommunedelplanen merket som eksisterende boligbebyggelse. Kommuneplanen legger føringer for at utbygging ikke kan finne sted før reguleringsplan foreligger og teknisk anlegg som veier og vann og avløp er opparbeidet. Det er videre krav til lekeareal for boligfelt. Tiltakshaver ønsker å bygge ny enebolig på del av en stor eiendom. Denne delen opparbeides med tilkomst-veg og va-anlegg som kobles på eksisterende anlegg. Leke-/uteoppholdsareal vil være svært tilfredsstillende for èn ny enebolig. Ansvarlig søker mener det bør gis dispensasjon fra kravet om reguleringsplan i dette tilfellet da det er usannsynlig at eiendommen skal utbygges med flere boliger. Det vil derfor være en svært fordyrende prosess om det for dette ene tiltaket må utarbeides reguleringsplan. Ansvarlig søker vurderer med dette at fordelene for å gi dispensasjon fra kravet er klart større enn ulempene.

**VEI OG VA**

Eksisterende vei på eiendommen fungerer i dag som adkomstvei til to eneboliger. For adkomst til ny enebolig vil det opparbeides en stikkvei til eksisterende vei på eiendommen som eies av tiltakshaver. Det er derfor unødvendig med noen ny veirettsavtale.
Tilkoplingen for vann og avløp skjer til eksisterende ledning som krysser eiendommen. Det er derfor ikke nødvendig med noen ny avtale ifm. vann- og avløpsanlegg.

**NABOVARSLING**

Tiltaket er nabovarslet til totalt 36 naboer. Ingen merknader er innkommet.

Håper søknadsmaterialet er tilfredsstillende for rask og positiv behandling!

**Med vennlig hilsen**

Marc André Nilsen
IEC-HUS Norge AS




# HOVEDPLAN




# LOFTSPLAN




# SNITT A-A

| Grunnflate | |
|---|---|
| ID | Area |
| Grunnflate | 104,09 |
| **BYA (Bebygd Areal)** | |
| ID | Area |
| BYA | 113,36 |
| **BRA (Bruksareal)** | |
| ID | Area |
| BRA-1 ETG | 95,07 |
| BRA-2 ETG | 83,38 |
| | 178,45.. |

SD = Synlig drager
D = Skjult drager
B = Bærevegg
TS = Toppsving
FK = Fastkarm
SH = Sidehengslet

A Byggemeldingstegninger — MAN 11.04.2014

1070341 Flusund, Bergsøy — 29/74 — Herøy

Ingrid Sylvia Renberg og Gullik Kjellstadli

Flusund, Bergsøy, 6091 Fosnavåg

Hovedplan, loftsplan og Snitt A-A

Diana Exclusive Extended Speilvendt

iec-hus — arkitekter as — 1:100 — A3 — 10.1




FASADE SYDVEST




FASADE NORDVEST

- - - - Eks. terreng

~~~~ Nytt terreng

| | | | |
|---|---|---|---|
| A | Byggemeldingstegninger | MAN | 11.04.2014 |
| REV. | BESKRIVELSE | SIGN. | REV. DATO |
| PROSJEKT | 1070341 Flusund, Bergsøy | DATO | GNR/BNR 29/74 |
| | | TEGN. | Kommune Herøy |
| TILTAKSHAVER | Ingrid Sylvia Renberg og Gullik Kjellstadli | HUSTYPE | Diana Exclusive Extended Speilvendt |
| BYGGEPLASS | Flusund, Bergsøy, 6091 Fosnavåg | | |
| TEGN. TYPE | Fasade 1 og 2 | | |
| iec-hus | arkitekter as | MÅL 1:100 | FORMAT A3 / TEGN.NR 10.2 |
~~~~




FASADE SYDØST




FASADE NORDØST

- - - Eks. terreng

Nytt terreng

| | | | |
|---|---|---|---|
| A | Byggemeldingstegninger | MAN | 11.04.2014 |
| 1070341 Flusund, Bergsøy | | Gnr/Bnr: 29/74 | Kommune: Herøy |
| Tiltakshaver: Ingrid Sylvia Renberg og Gullik Kjellstadli | | Hustype: Diana Exclusive Extended Speilvendt | |
| Byggeplass: Flusund, Bergsøy, 6091 Fosnavåg | | | |
| Tegn. type: Fasade 3 og 4 | | | |
| iec-hus | arkitekter as | Mål: 1:100 | Format: A3 / Tegn.nr: 10.3 |




FASADE NORDVEST




FASADE SYDVEST




FASADE SYDØST




FASADE NORDØST




SNITT A-A




SNITT B-B

| Grunnflate | |
|---|---|
| ID | Area |
| Grunnflate | 104,09 |
| **BYA (Bebygd Areal)** | |
| ID | Area |
| BYA | 113,36 |
| **BRA (Bruksareal)** | |
| ID | Area |
| BRA-1 ETG | 95,07 |
| BRA-2 ETG | 83,38 |
| | 178,45.. |

SD = Synlig drager
D = Skjult drager
B = Bærevegg
TS = Toppsving
FK = Fastkarm
SH = Sidehengslet

| | | | |
|---|---|---|---|
| A | Byggemeldingstegninger | MAN | 11.04.2014 |
| REV. | BESKRIVELSE | SIGN. | REV. DATO |
| PROSJEKT: | 1070341 Flusund, Bergsøy | DATO | Gnr/Bnr: 29/74 |
| | | TEGN. | Kommune: Herøy |
| TILTAKSHAVER: | Ingrid Sylvia Renberg og Gullik Kjellstadli | HUSTYPE | Diana Exclusive Extended Speilvendt |
| BYGGEPLASS: | Flusund, Bergsøy, 6091 Fosnavåg | | |
| TEGN. TYPE: | Fasader og Snitt | | |
| iec-hus | arkitekter as | MÅL: 1:200 | FORMAT: A3 / TEGN.NR: 10.4 |




| REV | BESKRIVELSE | SIGN. | REV. DATO |
|---|---|---|---|
| B | FLYTTET GRENSE | MAN | 13.05.2014 |
| A | BYGGEMELDING | MAN | 04.02.2014 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| PROSJEKT: **1070341 Flusund, Bergsøy** | | MÅL: 1:500 | DATO: 13.05.2014 |
| TILTAKSHAVER: Ingrid S. Renberg og Gullik Kjellstadli | | TEGN: MAN | Gnr./Bnr.: 29/74 |
| BYGGEPLASS: Flusund, Bergsøy, 6091 Fosnavåg | | ARKITEKT: | Kommune: Herøy |
| TEGN. TYPE: Situasjonsplan | | HUSTYPE: Situasjonsplan | |
| iec-hus | tn arkitekter as www.tn-arkitekter.no | PROSJEKT: 1070341 | FORMAT: A4 | TEGN.NR: |

Uteoppholdsareal

Eksisterende kotelinjer

Nye kotelinjer


29/131
29/74
29/9
29/92,192
29/345
29/335
29/16
29/74
29/157
HERØY KOMMUNE
21.05.2014 1:500
Det kan forekomme feil i kartet
0 5 10 15 20 m


TEIKNFORKLARING
Bygningar og anlegg (§12-5 nr.1)
Samferdselsanlegg og tek. infr. (§12-5 nr 2)
Grønnstruktur (§12-5 nr 3)
Landbruks-, natur- og friluftsformål (§12-5 nr 5)
Bruk og vern av sjø og vassdrag (§12-5 nr 6)
Reguleringsplan-omsynssoner (§12-6)
Reguleringsplan-føresegnsområde (§12-7)
ÖMRÅDEPLAN FOR INDRE BERGSØY
SAKSHANDSAMING ETTER PLAN- BYGNINGSLOVA
DATO
SIGN.
SAK

(E) 14/656

Statens vegvesen

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Reg.nr. 2014/656 | Saksbeh. AR T
22 MAI 2014
Ark.kode P
Ark kode S
J.nr. | Dok nr
Kassasjon

Herøy kommune
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

| Behandlande eining: | Sakshandsamar/innvalsnr: | Vår referanse: | Dykkar referanse: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| Region midt | Hallvard Sæverud - <tomt> | 2014/059122-002 | 2014/656 | 19.05.2014 |

**Herøy kommune - Gullik Kjellstadli og Ingrid Sylvia Renberg gnr. 29 bnr. 74 - Søknad om dispensasjon frå plankravet i kommuneplan for oppføring av einebustad - Utale**

Viser til brev av 2.5.2014 frå Herøy kommune.

Saka gjeld uttale til søknad om dispensasjon frå krav til reguleringsplan i kommuneplanen sin areal med sikte på oppføring av einebustad på 29/74 i Herøy.

Statens vegvesen har ikkje innvendingar til at det vert dispensert frå plankravet.

For ordens skuld viser til § 27-4 i plan-og bygningslova når det gjeld tilkomst til eigedomen/byggetomta.

Plan- og trafikkseksjonen
Med helsing

Gitte Beiermann
for Ole Jan Tønnesen
seksjonsliar

Hallvard Sæverud

Kopi: Fylkeskommunen
Fylkesmannen

HERØY KOMMUNE

# NOTAT

Til: Utviklingsavdelinga

Frå: Søre Sunnmøre landbrukskontor

| Saksnr | Arkivkode | Dato |
|---|---|---|
| 2014/656 | 29/74 | 04.06.2014 |

## LANDBRUKSFAGLEG UTTALE TIL OMDISPONERING AV DYRKA MARK PÅ GRUNNEIGEDOM 29/74

Eigedomen ligg i eit område som er avsett til bustad i kommuneplanens arealdel. Området er ikkje omfatta av ein godkjend reguleringsplan. Areal som er søkt utbygd omfattar dyrka mark. Det må difor gjerast vedtak om omdisponering etter jordlova §9, sjå vedlagd utsnitt av gardskart.

Vurderingsgrunnlag i saka:
*Søknaden er vurdert etter § 9 i Jordlova; bruk av dyrka og dyrkbar jord.*
*"Dyrka jord må ikkje brukast til føremål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon. Dyrkbar jord må ikkje disponerast slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida. Departementet kan i særlege høve gi dispensasjon dersom det etter ei samla vurdering av tilhøva finn at jordbruksinteressene bør vika. Ved avgjer skal det mellom anna takast omsyn til godkjende planar etter plan- og bygningslova, drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området, kulturlandskapet og det samfunnsgagnet ei omdisponering vil gi...."*

Vurdering og konklusjon:
Omsøkt tiltak krev omdisponering av 0,8 dekar overflatedyrka jord. Arealet er ikkje del av aktiv landbruksdrift i dag og ligg i område som er regulert til bustadføremål. I landbrukssamanheng er dette eit marginalt areal. Med heimel i Jordlova §9 meiner vi arealet kan omdisponerast som omsøkt.

Med helsing

Anne Kathrine Løberg

ei båtlengd føre

Adr: Pb. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf: 700 81 300 Fax: 700 81 301 Bank: 8647.11.04800 Org.nr 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

# Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon
Overingeniør Astrid Buset, 71 25 85 41


Vår dato
04.06.2014
Dykkar dato
02.05.2014

Vår ref.
2014/3116/ASBU/421.3
Dykkar ref.

Herøy Kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg


HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Reg nr. | Saksbeh.
10 JUNI 2014
Ark.kode P
Ark.kode S
J nr | Dok.nr.
Kassasjon


## Herøy kommune
## Bygging av einebustad og tilkomstveg på gnr29 bnr74 - Gullik Kjellstadli og Ingrid Sylvia Renberg
## Fråsegn til dispensasjon frå kommuneplan

Fylkesmannen viser til fråsegn den 02.06.2014 til avgrensa høyring av områderegulering for indre Bergsøy. Vi kan ikkje tilrå ei plassering av bygningar og opparbeiding av tomta som hindrar tilkomsten til leikeplassen frå nord. Fylkesmannen føreset at kommunen finn ei løysing som ivaretar borna sitt behov for kort og lettvint tilkomst til leikeplassen.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fung. samordnar

Astrid Buset
overingeniør

**Kopi:**
Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

## Aleksander Zahl Tarberg

| | |
|---|---|
| **Fra:** | Jan Reidar Gjerde |
| **Sendt:** | 10. juni 2014 14:44 |
| **Til:** | Aleksander Zahl Tarberg |
| **Emne:** | VS: Gullik Kjellstadli og Ingrid Sylvia Renberg 29/74 - Søknad om dispensasjon frå plankravet i kommuneplan for oppføring av einebustad - Herøy kommune |
| **Vedlegg:** | Gullik Kjellstadli og Ingrid Sylvia Renberg 29 74 - Søknad om dispensasjon frå plankravet i kommuneplan for oppføring av einebustad - Herøy kommune.DOC; 46611939_Beskrivelse.pdf.pdf; 46611939_Tegning_ny_plan.pdf.pdf; Flyfoto_Oversiktskart.PDF; Revidert situasjonsplan.pdf |

Anlegg- og driftsavdelinga har for sin del ingen merknader til saka.
Mvh
Jan Gjerde

---

**Fra:** Jon Rune Våge
**Sendt:** 15. mai 2014 08:49
**Til:** Jan Reidar Gjerde
**Emne:** VS: Gullik Kjellstadli og Ingrid Sylvia Renberg 29/74 - Søknad om dispensasjon frå plankravet i kommuneplan for oppføring av einebustad - Herøy kommune

Ber om at du skriv ein kort uttale til denne saka.
Eg kan ikkje sjå at vi har særskilde merknader, men du må studere saka om der er noko.

Helsing

**Jon Rune Våge**
Anleggs- og driftsleiar/Brannsjef

7008 1362 / 9157 8004

www.heroy.kommune.no

---

**Fra:** postmottak
**Sendt:** 14. mai 2014 10:26
**Til:** Fylkesmannen i Møre og Romsdal; Statens Vegvesen Region Midt; landbrukskontoret kontor epost; Jon Rune Våge; Camilla Storøy Hermansen; Møre og Romsdal fylkeskommune
**Kopi:** Gullik Kjelstadli og Ingriid Renberg; IEC-Hus Norge AS
**Emne:** Gullik Kjellstadli og Ingrid Sylvia Renberg 29/74 - Søknad om dispensasjon frå plankravet i kommuneplan for oppføring av einebustad - Herøy kommune

Vedlagt følgjer elektronisk oversending av søknad om dispensasjon frå kommuneplan i Herøy kommune.

I e-posten følgjer det med oversendigsbrev, søknad om dispensasjon med tilhøyrande vedlegg og flyfoto/oversiktskart.

Saksdokument blir ikkje oversendt pr post.

Herøy kommune ber om uttale til søknaden innanfor fristen som er sett i oversendigsbrevet.

Evt spørsmål kan rettast til:
Aleksander Zahl Tarberg
Sakshandsamar

Delegerte saker frå avdelingane

DS 216/14 Ferdigattest- 35/14 04.06.2014 00:00:00 Bucci Arkitektur & Design as

DS 217/14 Gnr 20 Bnr 9 Frådeling av bustadtomt 04.06.2014 00:00:00 Ove Henning Frøystad

DS 218/14 Berit Aasen - 37/492 - Tilbygg bod 8m2 04.06.2014 00:00:00 Berit Aasen

DS 219/14 Trond Kvalsvik - 8/58 - Vinterhage / Tilbygg 19.05.2014 00:00:00 Bygg og System as

DS 220/14 Rikard Andre Helland-Worren - 16/76 - Garasje 21.05.2014 00:00:00 Rikard Andre Helland-Worren

DS 221/14 Liv Hilde Sande Furesund og Birger Anfinn Furesund 14/27 - Løyve til oppføring av tilbygg einebustad 26.05.2014 00:00:00 Herøy Byggsenter AS

DS 222/14 HG Hydraulics AS 45/80 - Løyve til fasadeendring og montering av skilt 15.05.2014 00:00:00 Conplan AS

DS 223/14 Håvard Alexander Abrahamsen 59/70 - Løyve til oppføring av garasje 20.05.2014 00:00:00 Håvard Alexander Abrahamsen

DS 224/14 Eldor Notøy 16/52 - Løyve til oppføring av garasje 04.06.2014 00:00:00 Eldor Notøy

DS 225/14 Sunnmørsbadet Fosnavåg AS 29/329 - Ansvarsrett for prosjektering og utførande arbeid med nytt symjebasseng 04.06.2014 00:00:00 SE-Arkitektur AS

DS 226/14 Silje Berge og Even Fugledal 48/19 - Endring av tidlegare gitt løyve - oppføring av større garasje 06.06.2014 00:00:00 Enerbygg Bolig AS

DS 227/14 Egersund Herøy AS 22/48 - Rammeløyve for tiltak på eksisterande industribygg 22.05.2014 00:00:00 Multiconsult AS, Egersund

DS 228/14 Trond Kleppe - 79/85 - Fasadeendring 04.06.2014 00:00:00 Trond

Kleppe

DS 229/14 Herøy kommune 34/6 m.fl - Løyve til etablering av VA-anlegg og pumpestasjon på ytre almenningskai 26.05.2014 00:00:00 Herøy kommune v/ Anleggs- og driftsavdelinga

DS 230/14 Gnr 29 Bnr 65 Frådeling av 3 bustadtomter. 30.05.2014 00:00:00 Harald Bendal

DS 231/14 Fosnavåg Vekst AS 34/5 - Ansvarsrett for prosjektering og utførande arbeid med løfteinnretningar innanfor nytt hotell og konsertsal i Fosnavåg sentrum 04.06.2014 00:00:00 SE-Arkitektur AS

DS 232/14 Jørn-Erik Schanche 36/97 - Løyve til oppføring av haugestove til bustadhus 06.06.2014 00:00:00 Jørn-Erik Schanche

DS 233/14 Bård Remøy 12/319 - Løyve til oppføring av tomannsbustad 27.05.2014 00:00:00 Bygg & System AS

DS 234/14 Sindre Støylen - 34/197 - Hagemur 21.05.2014 00:00:00 Sindre Støylen

DS 235/14 Halldis og Svein Lillerovde - 40/22 - Endring av ansvarsrettar 02.06.2014 00:00:00 Haugen Ingeniørkontor as

DS 236/14 Per Morten Bjørlykke - 29/344 - Naust 23.05.2014 00:00:00 Per Morten Bjørlykke

DS 237/14 ferdigattest - 37/27 23.05.2014 00:00:00 Bygg og System as

DS 238/14 Arnfinn Karlsen 53/7 - Løyve til oppføring av uthus på Tonninggarden 02.06.2014 00:00:00 Arnfinn Karlsen

DS 239/14 Gnr 53 Bnr 12 Frådeling av tilleggsareal til gnr 53 bnr 47 04.06.2014 00:00:00 Arvid Wisth

DS 240/14 Trond Nærø 34/75 - Løyve til oppføring av tilbygg til bustadhus - garasje m/terasse og levegg 04.06.2014 00:00:00 Trond Nærø

Referatsaker

Referatsaker

HERØY KOMMUNE

| Saksnr | Arkivkode | Dato |
|---|---|---|
| 2013/508 | K24 | 06.03.2014 |

# MØTEREFERAT

**Tidspunkt:** 3. mars 2014. kl. 10.00 - 11.30

**Stad:** Kystverket sine lokaler

**Til stades:** Terje B. Misund og Ole Bjørn Molnes frå Kystverket
Anne Melbø frå fylkesmannen
Berit Sandvik Skeide og Jarl Martin Møller frå Herøy kommune

**Agenda:** Miljømudring av Fosnavåg hamn. Status og vegen vidare

Berit Sandvik Skeide opna møtet og orienterte om status for prosjektet sett frå kommunen si side. Sidan førre møte (11.12.2013), har kommunen fått i hende to rapportar frå Rambøll AS: «Tiltaksplan for forurenset sjøbunn i Fosnavåg» og «EDD Fosnavåg», datert henhaldsvis 6. og 5. desember 2013.

Tiltaksplanen peikar mellom anna på område der det sannsynlegvis vil vere behov for ytterlegare mudring for å nå miljømålet om tilstandsklasse III. Rapporten kjem også med anbefalte tiltak i høve til forureina masser utanfor Kystverket sitt farledsprosjekt.

EDD-rapporten konkluderer med at det er grunn til å tru at massane på land i sør og aust i hamna er forureina. Det er potensiale for at det foregår ei utlekking av miljøgifter til hamna. Rambøll AS rår til at det vert gjennomført innleiande miljøteknisk grunnundersøking (MTGU) på dei fleste eigedommane på austsida.

Herøy kommune har innhenta pristilbod på MTGU. MTGU er kostnadsrekna til ca. 500.000,-. I tilbodet er det ikkje teke med kostnader knytt til reasfaltering av sjakter og eventuell asfaltsaging.

Jarl Martin Møller informerte om arbeidet med å tilretteleggje for område der ein kan deponere masser. Kommunen har sett nærare på eit område i ytre del av Fosnavåg, med tanke på etablering av eit strandkantdeponi. Kommunen er i dialog med grunneigarar om kjøp av eit større område. Saka vil bli lagt fram for formannskapet om 14 dagar. Ein viktig føresetnad for etablering av strandkantdeponi i dette området, er at det kan nyttast som byggjegrunn. Kommunen stilte spørsmål ved om

Kystverket går inn og kjøper grunn. Grunn til strandkantdeponi er forutsett som fri grunn.

Etter innspel frå Kystverket, er området lagt inn som deponiområde i kommuneplanen sin arealdel (status: har lege ute til 1.gongs offentleg ettersyn). Kommunen stilte spørsmål ved om det er krav om utarbeiding av reguleringsplan for område som skal nyttast til deponi. Arealet er i gjeldande reguleringsplan lagt ut til sjøområde. Fylkesmannen sjekkar om det er krav om reguleringsplan.

Jarl Martin Møller informerte om at isanlegget mest truleg vert flytta til indre hamn. Han stilte i den samanheng spørsmål ved om ein i samband med strandkantdeponiet kan lage til kailinjer med tanke på ev. etablering av djupvasskai/terminalområde. Bakgrunnen for spørsmålet er at politikarane ønskjer å ha moglegheit til å etablere framtidig kai i ytre del av Fosnavåg.

Kystverket har ikkje gjort så mykje sidan førre møte. Dei ventar på avklaringar frå kommunen. Kommunen vil arbeide fram mot å få ei avklaring i løpet av mars. Neste fase for Kystverket sin del, vil vere å utarbeide og sende forprosjekt til utbyggingsavdelinga i Kabelvåg. Utbyggingsavdelinga vil lage til hovudplan og utbyggingsplan for prosjektet

Det må gjennomførast ei miljøteknisk grunnundersøking på landareala i aust og sør. Fylkesmannen har ikkje midlar. Kystverket tek ikkje på seg ansvar i høve til landareal. Kommunen må ta ansvar i høve til finansiering av MTGU.

I følgje fylkesmannen kan dette løysast på ulike måtar (påleggje grunneigarar, kommunen leggje ut i første omgang og krevje inn på eit seinare tidspunkt m.m.). Fylkesmannen undersøkjer nærare og kjem ev. med meir informasjon. Kommunen tek kontakt med Miljødirektoratet for meir informasjon. Kommunen må leggje fram sak for politisk handsaming, der ein synleggjer ulike alternativ.

I Kystverket sitt handlingsprogram for 2014-2023, er estimert oppstart for farledsprosjektet sett til 2017.

Det er viktig at kommunen i samarbeid med Kystverket informerer innbyggjarane i hamneområdet om prosess og framgangsmåte, så snart ein har teke standpunkt til deponeringsområde.

Berit Sandvik Skeide

Referent

Adr: Pb. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf: 700 81 300 Fax: 700 81 301 Bank: 8647.11.04800 Org.nr 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

Fosnavåg NOTBØTERI AS

Fosnavåg 21.03.2014

Herøy Kommune

Maritimt teknisk utvalg.

v/Leder Runar Stave

## Utdyping av Fosnavåg hamn.

Vi er gjort kjent med at kystverket har foreslått ei mudringsdybde på 7,3 meter. Hvis en skal ha en trafikk som i dag, er ikke dette i tråd med det behov en stor, moderne fiskebåt har. Dybden til disse fartøyene, i ballast, er rundt 7 meter. For trygg trafikkering sier det seg selv at dette ikke er godt nok. Kystverket gjorde henvendelse blant annet til oss i september der vi blant annet ble bedt om å opplyse hvilke fartøygrupper vi betjener. Og vi er helt sikker på at de kjenner til behovet til disse båtene. Mudringsdybden bør heller være 8,3 meter.

Vi har videre merket oss, og er skuffet, fordi det nå igjen er forespeilet flere års ventetid igjen. Vi er bekymret for at dette skal sette våre kunders tålmodighet på prøve, men forstår det i tilfelle. Konsekvensen av dette er også at vi har mistet kunder og oppdrag. Vi har fortsatt en solid kundekrets, og den vil vi gjerne beholde.

Etter møte i kommunal regi i januar -12, ble industri og private invitert til innspill. Dette gjaldt områderegulering for Fosnavåg Hamn. Fra vår side ble det presisert at for oss som bedrift, er dybdeforholdene det viktigst. Dette var kanskje litt i et sidespor i forhold til områderegulering, men etter vårt skjønn er det et avgjørende element for at den tradisjonelle og tidvis hektiske aktivitet skal opprettholdes. Og for hamnens fremtid.

Og i forbindelse med stor satsing og utbygging av hotell, konsertsal, simulatorsenter osv. tror vi også at aktivitet og trafikk i hamna, er vesentlig for Fosnavåg sin identitet. Vi tror og håper at en viss oppmyking av vern av gamle, forfalne sjøeigendommer, også kan bevirke til fornuftig oppgradering og sanering.

Vi anmoder Maritimt teknisk utvalg, og våre politikere til å arbeide for en tidligere oppstart og naturligvis en fornuftig dybdemudring.

Med vennlig hilsen

Fosnavåg Notbøteri AS

Kjell Nørvåg

HERØY KOMMUNE

# NOTAT

Til: Utviklingsavdelinga

Frå: Utviklingsavdelinga

| Saksnr | Arkivkode | Dato |
|---|---|---|
| 2012/546 | Q80 | 02.06.2014 |

## KRYSSINGSPUNKT FOR FOTGJENGARAR VED MOLTU SKULE

Herøy kommune har gjennom dialog med Møre og Romsdal fylkeskommune og Statens Vegvesen Region Midt fått løyve til å etablere eit tilrettelagt kryssingspunkt for fotgjengarar ved fylkesveg 10 utanfor Moltu skule.

Kommunen søkte i utgangspunktet om løyve til etablering av eit oppmerka gangfelt (sebrastriper). Denne søknaden har Statens Vegvesen Region Midt gitt avslag på, med grunngjeving i at gangfelt med få kryssande i makstimen gir ein falsk tryggleik for dei som krysser. Statens Vegvesen viser til at forsking over fleire år har fortalt at på slike stader kan oppmerking av gangfelt snarare auke enn redusere ulukkesrisikoen.

Vegvesenet meiner her at det i denne saka vil vere betre trafikktryggleik med etablering av eit tilrettelagt kryssingspunkt, der ein forsikrar seg om at det ikkje kjem bil køyrande før ein kryssar vegen.

Sjølve kryssingspunktet skal opparbeidast etter Statens Vegvesen si handbok 270 «Gangfeltkriterier» og plasserast slik vedlagt skisse viser. Tiltaket viser markering av gangareal, lyspunkt og skilting.

Utviklingsavdelinga har oversendt førespurnad til Vegdirektoratet om løyve til bruk av «See Mee varslingssystem». Ein ynskjer å få svar frå Vegdirektoratet før ein sett i verk tiltak på Moltu, slik ein om mogleg kan koordinere anleggsarbeidet. Dersom ein får avslag frå Vegdirektoratet, vil ein forsøke å finne andre alternative tiltak som ein kan få realisert med motteke tilskotsmidlar.

Sjølve opparbeidinga av kryssingspunktet er tenkt finanisert av tilskotsmidlane ein har fått tilsagn på frå Samferdselsdepartementet og anleggsarbeidet skal utførast etter rammeavtale med entreprenør.

Utviklingsleiar

Jarl Martin Møller
*Dokumentet er elektronisk godkjent og er utan signaturer.*

Sakshandsamar

Aleksander Zahl Tarberg

Vedlegg: Skisse 30.mai Statens Vegvesen

ei båtlengd føre

Adr: Pb. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf: 700 81 300 Fax: 700 81 301 Bank: 8647.11.04800 Org.nr 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no




Eksempel for å markere ei kryssing på skuleveg -eks frå fv. 650 i Ørskog kommune.





HERØY KOMMUNE

Anlegg- og driftsavdelinga

# SAKSPROTOKOLL

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | JRG | Arkivsaknr: | 2013/513 |
| | | Arkiv: | Q14 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 72/14 | Formannskapet | 06.05.2014 |
| 57/14 | Kommunestyret | 22.05.2014 |

**OBJEKT 51362 - SKILTING AV KOMMUNALE VEGAR. ØKONOMISK AVSLUTNING.**

**Tilråding frå rådmannen:**

1. Økonomisk avslutning av objekt 51362 – Skilting av kommunale vegar- vert godkjent.
2. Mindreforbruk, kr. 2.728,-

**Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Tilråding i Formannskapet 06.05.2014**

1. Økonomisk avslutning av objekt 51362 – Skilting av kommunale vegar- vert godkjent.
2. Mindreforbruk, kr. 2.728,-

**Møtebehandling:**

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i Kommunestyret - 22.05.2014**

1. Økonomisk avslutning av objekt 51362 – Skilting av kommunale vegar- vert godkjent.
2. Mindreforbruk, kr. 2.728,-

Særutskrift:

- Økonomiavdelinga, her
- Utviklingsavdelinga, her
- Anleggs- og driftsavdelinga, her
- Maritim og teknisk komite, referat sak

**Vedlegg:**

- Kopi av utskrift, forbruk objekt 51362

**Bakgrunn for saka:**
Herøy kommune starta i 2008 eit større adresseringsprosjekt med overordna målsetting om å erstatte alle gards- og bruksnr. (matrikkeladresser) med gateadresser.

Adresseringsarbeidet er todelt. Utviklingsavdelinga gjennomfører prosessen med å gi namn til vegane og utstede gateadresser til eigedomane. Anleggs- og driftsavdelinga kjøper inn og set opp namneskilta på vegane.

Denne saka gjeld økonomisk avslutning av skilting utført på kommunale vegar hausten 2013.

**Saksopplysningar:**
Innkjøp og oppsetting av veg og gateskilt krev ressursar som ein ikkje har til rådvelde i det ordinære driftsbudsjettet. Til dette arbeidet vart det derfor i K-sak 102/13 løyvt kr 250.000,- inkl. mva.

Ein har i denne skiltrunden sett opp skilt i følgjande stader: Leine, Nærøy, Remøy, Runde, Kvalsund, Frøystad - Espeset, Nautøy, Sandvik, Moltustranda, Stokksund, Tjørvåg, Kalveneset, Aurvåg, Dragsund, Djupvik, Kjeldsund, Budaneset, Leikong sentrum, Kleppeåsen, Rosskar – Jøsokbakken og fylkesvegen på Leikong.

Skiltinga er no fullført og avslutta, og objekt 51362 – skilting av kommunale vegar – er oppgjort med følgjande

Prosjektrekneskap:
Budsjettløyving 2013 (K-sak 102/13) ………………………………….. kr 250.000,-
Innkjøp materiell og tenester: ……………… ………. kr 126.322,-
Eigne ressursar (mannskap og maskiner mv.) ……. « 120.950,-
Sum: …….. kr 247.272,-
Mindreforbruk: …………….. **kr 2.728,-**

Alle summar er inklusiv meirverdiavgift.

**Vurdering og konklusjon:**
Mindreforbruket vert overført disposisjonsfondet.

Fosnavåg, 20.01.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jon Rune Våge
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jan Reidar Gjerde